



Møteinncalling

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Fjell rådhus, kultursalen
Dato:	16.09.2019
Tid:	09:00 – 12:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post
politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj i foajeen ved kultursalen, ca. kl.12.00.

Orienteringar i møtet:

- Kl. 09.00: statusmelding om Gründerparken Vest v/ leiar i styringsgruppa Rikard Toft Ledang
- Kl. 09.15: om The Dale Oen Experience v/ leiar Robin Dale Oen
- Kl. 09.30: om organisering av oppvekst v/ kommunalsjef Anne-Merete Vabø Haugane
- Kl. 09.45: statusmelding frå prosjektrådmann Rune Lid

Straume, den 10.september 2019.

Marianne Sandahl Bjorøy (s)
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 42/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 43/19	Referatsaker og orienteringar
RS 5/19	Referatsak - brev og svarbrev om val av renovasjonsløyising
RS 6/19	Overleveringsbrev frå Regionrådet Vest til fellesnemnda - oppfølging Nye Øygarden kommune
RS 7/19	Orientering om status planarbeidet Sund kommune
PS 44/19	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 45/19	Gründerparken Vest - framtidig driftsmodell
PS 46/19	Krav frå Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) om innsyn i fellesnemnda si leiargruppe
PS 47/19	Revidert anbudsprosess for forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune
PS 48/19	Økonomisk status prosjektrekneskap pr. 03.09.19 og status forskotering reformstøtte
PS 49/19	Økonomisk status pr. 7 månader 2019 for Nye Øygarden kommune
PS 50/19	Budsjettprosess 2020
PS 51/19	Opningsarrangement for Nye Øygarden kommune 01.01. - 05.01.2020
PS 52/19	Val av tilbydar for sekretariatstenester til kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022
Saksmappe: 2019/795-28430/2019
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 09.09.2019

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Referatsaker og orienteringar

Orienteringar:

- Kl. 09.00: statusmelding om Gründerparken Vest v/ leiar i styringsgruppa Rikard Toft Ledang
- Kl. 09.15: om The Dale Oen Experience v/ leiar Robin Dale Oen
- Kl. 09.30: om organisering av oppvekst v/ kommunalsjef Anne-Merete Vabø Haugane
- Kl. 09.45: statusmelding frå prosjektrådmann Rune Lid

- Tilbakemelding frå Sotra vidaregåande skule om MOT som førebyggjande livsmestringsprogram i skulen (vedlegg)

Referatsaker

- 5/19 Referatsak - brev og svarbrev om val av renovasjonsløyising
- 6/19 Overleveringsbrev frå Regionrådet Vest til fellesnemnda - oppfølging Nye Øygarden kommune
- 7/19 Orientering om status planarbeidet Sund kommune

Hei!

Sotra vgs. ønskjer pr. dags dato ikkje å delta i programmet MOT.
Beklagar at eg ikkje har funne tid til å svara deg før.

Beste helsing

Magnhild Hakestad

Rektor



Sentralbord: +47 56 31 02 00

Direkte/mobil: +47 97 73 76 76

Nettside: <https://www.hordaland.no/nn-NO/skole/sotravgs/>

Skulens facebookside: <http://www.facebook.com/sotravgs>

Fra: Unni Rygg <unni.rygg@nyeoygardenkommune.no>

Sendt: mandag 6. mai 2019 09:06

Til: Magnhild Hakestad <Magnhild.Hakestad@hfk.no>

Kopi: Bjørn Lyngedal <Bjorn.Lyngedal@hfk.no>; Nye Øygarden kommune v/ kommunalsjef for oppvekst Anne-Merete Vabø Haugane <anne.haugane@nyeoygardenkommune.no>

Emne: MOT som førebyggjande livsmestringsprogram i skulen

Hei!

Her kjem invitasjon frå ordførarane i Fjell, Sund og Øygarden kommune, til drøfting om MOT som førebyggjande livsmestringsprogram også i vidaregåande opplæring.

Mvh Unni Rygg

Rådgjevar / møtesekretær

Sotra vidaregåande skule
v/ rektor Magnhild Hakestad
magnhild.hakestad@hfk.no

Dykkar ref.

Vår ref.

2017/4810 - 13689/2019

Saksb. – tlf.

Unni Rygg - 55097155

Dato

06.05.2019

MOT som førebyggjande livsmestringsprogram i skulen

I intensjonsavtalen som er vedteken av dei tre kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden, og som er eit mandat for kommunesamanslåinga og bygginga av nye Øygarden kommune, er MOT omtalt med følgjande ordlyd:

MOT sitt mål og grunnverdiar skal vidareførast for å sikra trygge ungdomsmiljø med ungdom som har tru på egne krefter, tek vare på seg sjølv og kvarandre og som gjer val slik at dei meistarar livet.

I samband med arbeidet med kommunesamanslåinga vart det i november 2018 gjennomført ei felles samling for ungdomsråda / ungdomens kommunestyre i dei tre kommunane. Der var det blant anna eit innlegg frå MOT. Ei av tilbakemeldingane frå ungdomsråda / ungdomens kommunestyre var eit ønske om å møte MOT-konseptet igjen i den vidaregåande skulen.

I møtet i fellesnemnda 11. mars 2019 hadde vi ei eiga sak om korleis vi skal ta MOT-arbeidet med oss inn i den nye kommunen. I samband med dette vart det referert frå møtet med ungdomsråda / ungdomens kommunestyre og deira ønske om å sjå MOT igjen i vidaregåande opplæring. Dei tre ordførarane fekk fullmakt frå fellesnemnda til å gå i dialog med Sotra vidaregåande skule (Hordaland fylkeskommune), for å drøfte om MOT-arbeidet kan bli ein del av den vidaregåande opplæringa.

Som kommune har vi ansvar for ei rekke tenester i livsløpet til innbyggjarane. Når ungdomane våre er ferdig i 10. klasse er det fylkeskommunen som overtar ansvaret for opplæringa. Som kommune kjenner vi likevel eit heilskapleg ansvar for ungdomane våre og vi veit at vi ser nokre av dei igjen til dømes gjennom NAV-systemet viss dei ikkje lukkast med utdanningsløp og arbeidsliv.

Vi høyrer stadig om fråfall i vidaregåande skule og veit at dette også gjeld Sotra vidaregåande skule. I tillegg registrerer vi gjennom elevundersøkingar og samfunnsdebatten, at mange opplever å ha psykiske vanskar.

Overgangar og endringar kan vera krevjande, så også overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring. Det er bra at det allereie finst etablerte band mellom grunnskulen vår og den vidaregåande skulen for å fange opp eventuelle overgangsproblem.

Det finst ingen enkelt svar knytt til å møte utfordringane som er nemnt over, men kanskje MOT i opplæringa kan fungere som ein fellesnemnar og som ungdomane kan kjenne att i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring.

Vi håpar de har lyst til å møte oss for ei drøfting kring dette temaet.

Venleg helsing

Marianne Sandahl Bjørøy

Børge Haugetun

Kari-Anne Landro

Ordførar Fjell kommune
Leiar av fellesnemnda
nye Øygarden kommune

Ordførar Øygarden kommune

Ordførar Sund kommune

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune v/ opplæringsdirektør Bjørn Lyngedal

Nye Øygarden kommune v/ kommunalsjef for oppvekst Anne-Merete Vabø Haugane



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Referatsak - brev og svarbrev om val av renovasjonsløsning

Samandrag av saka:

Prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune v/ fellesnemnda mottok brev datert 14.juli 2019 frå privatperson, Ivar Steinsland, om val av renovasjonsløsning etter vedtak i fellesnemnda 17.juni 2019 sak 33/19.

Brevet frå Steinsland og svarbrev frå prosjektrådmannen vert lagt fram her som referatsak til fellesnemnda.

Innstilling:

Referatsaka vert teken til orientering.

Straume, den 09.09.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Brev til Fellesnemnda nye Øygarden kommune vedk. val av renovasjonsløsning, 14.07.2019
- Svar på ope brev til fellesnemnda Nye Øygarden kommune, 09.09.2019
- Lenkje til protokoll – fellesnemnda 17.06.2109, sak 33/19
http://www.nyeoygardenkommune.no/files/2019/06/2019-06-17_ProtokollFellesnemnda.pdf

Ivar Steinsland,
Skuleneset 9,
5378 Klokkevik.
2019.

Klokkevik 14. juli

Ope brev til Fellesnemnda nye Øygarden kommune.

Øy VAR kf. eller BIR AS– Val av renovasjonsløyising?

Det var eit overraskande val fellesnemnda til nye Øygarden kommune gjorde når dei valde å etablere Øy VAR kf. Det overraskande var at ingen av representantane frå Fjell og Øygarden stemte saman med representantane frå Sund kommune. Det synar at dei tre kommunane ikkje er samkøyrt og at særinteresser kan ha spela inn. Har nokon snakka saman?

Det var etablert eit forhandlingsutval som skulle forhandle med BIR AS (heretter BIR) i denne saka. Eg har inntrykk av at resultatet var til dels styrt av det leiaren av forhandlingsutvalet la fram. Hadde dei ein godt avklåra agenda for forhandlingane?

Når ein kjem til forhandlingar med bestemte krav til mellom anna styrerepresentasjon så sei resultatet seg sjølv. Leiinga i ei bedrift som BIR kan ikkje lova ein kommune som ynskjer å verta medeigar av BIR nokon særordningar. Dette er ei sak for alle kommunale eigarane i fellesskap.

Det andre eg undrar meg over at Fjell VAR kf. (Heretter Fjell VAR) og fellesnemnda gjev BIR ein spesiell takk for at dei hjalp Fjell VAR då det private renovasjonsselskapet som sto for innsamling av hushaldningsavfall for Fjell VAR gjekk konkurs. Ei innsamling BIR framleis gjer for Fjell VAR. Dette inkluderer og innsamling av matavfall.

I BIR har ein rabattordningar som gjev rabattar for færre tømningar pr år og reduksjon i avfallsvekt. Det medfører og at ein får reduksjon dersom ein driv med heimekompostering. Dette gjev større effekt enn at Fjell VAR driv med innsamling av matavfall. Kva vert gjort med matavfallet, og kva vert gjort med sluttproduktet? Eg må her nemna BIR sin medverknad i forskning for ei effektiv utnytting av matavfall. Resultatet av denne forskinga vert iverksett i 2023.

I første halvår i 2019 betala eg kr. 1059 i renovasjonsavgift. Renovasjonsavgifta vert då kr 2 118.- på årsbasis. Dette er betaling for renovasjon inkludert fakturagebyr.

I saksdokumenta så står det at gebyra i Fjell VAR og BIR pr i dag ligg på same nivå (ca. kr. 2 400). Det er ikkje rett. Går ein inn på «Smarte Pengar» sine sider og ser på den offisielle sida om kommunale renovasjonsavgifter så finn ei at BIR i 2019 har kr. 1674 +mva dvs. kr 2 093 i renovasjonsavgift, medan Fjell har kr 2008 +mva dvs. kr. 2 510. Det er ein differanse på kr 417 i 2019 og ikkje omtrent lik renovasjonsavgift slik det kjem fram av saksdokumenta. Saksdokumenta eller opplysningar gjeve i møte er direkte feil. Det er direkte ufint at ein ikkje har gjort eit betre arbeid under saksførebuinga. Dersom det eg har skreve ikkje er rett, må Fjell VAR sjekka med Statistisk Sentralbyrå og få retta dei offisielle gebyrtala.

BIR tar sikte på at renovasjonsgebyret skal verta redusert dei komande åra. Øy VAR derimot skal ha ei 4% auke dei 4 neste åra og 2% auke i 2024. Det betyr at renovasjonsavgifta i 2024 vert rundt kr 3 000 ved val av Øy VAR medan BIR sine renovasjonsgebyr vert redusert i høve til det dei er i dag. Det vert

ein differanse på minst kr 1 000 som vi må betale ekstra pr år berre for at vi skal etablere eiga renovasjonsselskap. Eg finn ikkje logikken i det.

Det er brukarane, innbyggjarane som betalar for renovasjonstenestene. Har dei blitt spurt om dei er viljuge til å betale kr 1 000 meir i året enn det dei kunne betale ved val av BIR?

Det er og litt rart å ha eit selskap for renovasjon saman med vatn og avlaup. Ser ein bort frå sjølvkostprinsippet så er det er heilt andre lovar og regelverk som gjeld for vatn og avlaup enn for renovasjon. I ein oppbyggingsfase både for renovasjon og vatn og avløp er det lite klokt å det same selskapet til å styra utviklinga av både felte. I høve til vatn og avlaup må ein leggja heilt andre strategiar for renovasjon.

Eg har og høyrte kritikk mot BIR at vi har eit tilleggsgebyr for innføringa av Bossug i Bergen sjølv om me har lågare gebyr enn Fjell VAR. Bossug gjer Bergen til ein reinare og klima messig betre by og det nyt vi godt av Dersom Fjell hadde vore medlem av BIR så kunne ein kanskje og fått til eit tilsvarande Bossug system i den nye Kystbyen, Sartor området inkludert. Dermed hadde dei fått eit moderne boss system langt meir miljøvenleg enn det som er etablert i dag.

På Bergenshalvøya vil det interkommunale eigde selskapet BIR ivareta kommunane sitt ansvar i høve til renovasjonstenesta med eit unntak. Unntaket er nye Øygarden kommune. Klarer Øy VAR å utføra sine pliktar innan renovasjon utan å verta avhengig av BIR?

Kvifor valde Sund kommune å bli medeigar i BIR og ikkje levera boss til Fjell?

Det starta i 1994 -95 då Sund vart kalla inn til møte i Fjell kommune for at vi skulle finna felles løysingar på boss. Der vart Sund fortald i klåre ordelag at vi skulle få lov til å levera boss på Eide, men det som var innanfor gjerde på Eide var Fjell si eiga. Mao, vi skulle få levere boss på Fjell kommune sine premissar utan nokon påverknad for utvikling og kostnader.

Derfor vedtok Sund kommune å kjøpa aksjar i BIR. Vi har vore med i alle prosessane med omsyn til utviklinga av BIR og BIR har blitt ein viktig medspelar for Sund kommune. Ikkje minst gjeld det fastsetjing av renovasjonsgebyr, utforming av gjenbruksstasjon og Sund kommune sitt internasjonale engasjement i Konjic, Bosnia og Herzegovina.

Det rare med etablering av ØYVAR KF er at ein går ein mot det som er trend i Norge. Kommunale renovasjonsselskap slår seg saman Dette for å møte framtida si utfordring til effektiv renovasjon, meir gjenvinning og mindre avfall, samt lågare avgifter. Eit slikt eksempel er pågåande samanslåinga av renovasjonsverket for kommunane i søre del av Trøndelag (HAMOS) og kommunale renovasjonsverk i Nord Møre.

Det er på sin plass å stilla følgjande tilleggsspørsmål til Fellesnemnda.

1. Vert det lagt inn rabattordningar for mindre leveranse av avfall og for færre tømningar pr år? Dette for å stimulere til mindre sløsing.
2. I saksdokumenta så stipulerer ein at renovasjonsgebyra vil auka litt i tida framover. Har Fjell VAR laga eit overordna langsiktig budsjett som synar utviklinga av kostnadsnivået dei komande år og som støttar opp om det som er framlagt i saksdokumentet til Fellesnemnda?? Eit slikt langtidsbudsjett skal innehalda alle utlegg inkludert kjøp av infrastruktur.
3. Kva slags ordningar skal ein etablere for å avhende innsamla søppel? Skal det leverast til BIR eller planlegg ein å sende det til andre som t.d. Sverige noko som gjev forureiningar enten transporten går land eller sjøvegen.

4. Korleis vil ØY VAR arbeide for å finna eigne løysingar for å ivareta deira pliktar til krav om mindre avfallmengde og betre utnytting av innlevert avfall?
5. Kjem Øy VAR til å driva med forskning for å finna tenlege løysingar for framtidige avfallshandtering?
6. Eg såg at Fellesnemnda har nytta Advokatfirmaet Harris. Har dei berre blitt nytta til sekretærtjeneste eller har dei komen med konkrete anbefalingar?
7. Drift av eiga renovasjonsløysing som skal driva framtidig renovasjonsteneste vil kreve ein større organisasjon med fleire tilsette enn i dag. Har Fellesnemnda vurdert dette og klårlagt årlege kostnader?

Ivar Steinsland

PS:

For å unngå mistydingar og spekulasjonar om at eg er tilknytt BIR så vil eg opplysa følgjande:

1. Eg er ikkje tilknytt BIR AS og eg har ikkje innhenta informasjon frå BIR AS.
2. Grunna min erfaring frå arbeid på Balkan så er eg tilknytt den frivillige organisasjonen ANIN Balkan. (Avfall Norge Internasjonalt Nettverk - avdeling Balkan). ANIN Balkan har renovasjonsselskap, spesielt frå Midt Norge og Vestlandet som medlemmar og driv samarbeid med renovasjonsselskap i EX Jugoslavia både med omsyn til renovasjonsmateriell og framtidige renovasjonsløysingar. Eg kjenn derfor til kva som rører seg innan renovasjonsverda.
3. Som polititar i Sund kommune har eg vore medlem av Bedriftsforsamlinga og delteke på eigarskapsmøta i BIR og veit korleis desse organisasjonane verkar og kva slags mynde dei har.

DS

Ivar Steinsland
Skuleneset 9
5378 KLOKKARVIK

Dykkar ref.

Vår ref. Saksb. – tlf.
2019/2512 - 29301/2019 Unni Rygg -

Dato
09.09.2019

Svar på ope brev til fellesnemnda Nye Øygarden kommune

Vi viser til ope brev til fellesnemnda den 14. juli om val av renovasjonsløysing.

Brevet tar opp ei rekke forhold knytt til val av leverandør for renovasjonstenester, og vi vil kommentere dei sentrale forholda nedanfor.

Forhandlingane med BIR og BIR sine eigarar:

Det blei i samsvar med mandat frå fellesnemnda gjennomført avklaringsmøter med BIR og eigarane til BIR. Føremålet med møta var å avklare premissa for Nye Øygarden kommune (NØK) sin eventuelle inngang som eigarkommune i BIR dersom den nye kommunen skulle gjere vedtak om medeigarskap i BIR som grunnlag for val av renovasjonsløysning. Likeins skulle premissa avklarast for eventuell avvikling av Sund kommune sitt eigarskap i BIR dersom FU (forhandlingsutvalet) skulle avgjere at medeigarskap i BIR ikkje skulle vidareførast. Korrespondanse og referat frå møta der agenda for møta og prosessen er skildra er vedlagt i saksdokumenta til fellesnemnda. Agenda og prosess har soleis vore synleg for fellesnemnda. Når det gjeld Harris Advokatfirma si rolle i prosessen så er den synleg av dei utarbeidde rapportar, brev og referat som ligg ved saksutgreinga til fellesnemnda.

Innhald i teneste og gebyr:

Dette er skildra i saksutgreinga frå Harris Advokatfirma i rapporten den 21.12.18, lagt fram for fellesnemnda i møtet den 11.02.19. Rapporten gjennomgår gebyra pr. 2018, og viser at både FjellVAR og BIR opererer med differensierte priser og eit fleksibelt tenestetilbod for abonnentane. Begge leverandørar gir lågare gebyr dersom ein vel få tømningar. FjellVAR tilbyr i tillegg transport av matavfall, men premierer prismessig heimekompostering. Minste pris som betalast per abonnent, dersom minstetilbodet vert vald var for BIR kr. 2.103 i 2018 (kr. 2.092 i 2019). Dette omfattar 13 restavfalls-tømningar, jf. rapporten pkt. 5.3. For FjellVAR var minste pris i 2018 kr. 1.930 med restavfall tømt anna kvar veke og heimekompostering (kr. 2.007 for 2019). Gjennomsnittspris for ein Sund-abbonent i BIR var ifølge BIR kr. 2.400 (rapporten pkt. 5.3) medan ein gjennomsnittskunde i Øyvar betalte kr. 2.390 (rapporten pkt. 3.1). Gjennomsnittstala er oppgitt for ulike år og avheng av tal

ekstratømmingar og kva tenester abonnentane vel. Prisane i notatet er etterprøvbare og byggjer på direkte motteke informasjon frå BIR og FjellVAR og på offentleg tilgjengeleg/publisert informasjon. Som skildra er tenestetilbodet mellom leverandørane ulikt og prisane per abonnent kan variere monaleg per år avhengig av kor mange tømmingar og kva tenester ein vel. Dersom ein samanliknar priser må ein ta høgd for dette. I ei samanlikning av tenester og priser vil det etter vår oppfatning vere korrekt å seie at prisenivået på minimumstenester frå begge leverandørar i 2018 og 2019 var nokså likt. Også gjennomsnittskundane ser prismessig ut til å kome nokså likt ut. FjellVAR har slik det går fram rabattordningar som stimulerer til avfallsreduksjon og gjev lågare pris.

Prisprognoser framover:

Prognosane det vert vist til i brevet er attgjevne i notatet av 21.12.18 og altså lagt fram for fellesnemnda. I saksutgreiinga før møtet den 17.06.19 er det eksplisitt vist til utgreiinga pkt. 3.1 og 5.3, og prognosane er uttrykkeleg attgjevne.

FjellVAR sitt tilbod framover og forholdet til BIR:

Innhaldet i tenestetilbodet og prisar vil avhenge av dei kontraktar som vert inngått etter konkurranseutsetting. Samhandling med BIR vil avhenge av kva tenestetilbydar som vert tildelt kontraktar i den komande perioden, og er for tidleg å seie noko om. BIR vil uansett i en overgangsperiode utføre renovasjonstenester for FjellVAR til nye kontraktar er på plass.

FjellVAR opplyser at gebyrsimulering for 2019 var basert på 2018 tal. Nytt budsjett vil verte utarbeidd av FjellVAR for 2020 og vil innehalde langtidsprognosar. Det er vidare ikkje avgjort kvar avfallet skal handsamast. FjellVAR opplyser at dei vil vektlegge både pris og miljøomsyn, og at dei heile tida arbeider med tiltak for å nå betre utnytting av innsamla avfall og avfallsreduksjon.

Når det gjeld forsking og utvikling skjer det etter behovsprøving.

Med helsing

Rune Lid
Prosjektrådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.



Til fellesnemnda for nye Øygarden kommune

AVSLUTNING AV REGIONRÅDET VEST

Om kort tid er det nye kommunestyret konstituert og den nye kommunen ser dagens lys. Det betyr også avslutning av funksjonen som regionrådet vest har hatt dei 10 siste åra.

I tett samarbeid med Gode Sirklar og gjennom forankring i dei einskilte kommunestyra har regionrådet dei siste åra hatt særskilt fokus på to prosjekt. Det er viktig for oss at prosjekta vert følgd opp i tida som kjem, slik at ein sikrar kontinuitet arbeidet. I junimøtet til regionrådet vest fekk vi oppdatert status for begge desse prosjekta og regionrådet gjorde vedtak om å laga eit «overleveringsbrev» til fellesnemnda, som ein stafettpinne for vegen vidare.

Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune

Prosjektleder

Siri Mordal
Forskar SINTEF/NTNU Samfunnsforskning

Leiar av Styringsgruppa

Rune Landro

Mål

Hovudmålet med prosjektet er å bidra til å skape ein attraktiv region for unge under utdanning, samt prøve ut ein modell etter- og vidareutdanning som svarar på behov hos regionens nærings- og arbeidsliv. Dette krev samhandling mellom utdanningssektoren (i heile utdanningsløpet) og andre aktørar innanfor offentleg og privat sektor. Prosjektet har sett dette i samanheng med planlegging av ny vidaregåande skule i regionen.

Status

Prosjektet har vorte gjennomført på ca eit og eit halvt år, og vart avslutta i august 2019, og sluttrapport vert utarbeidd. Gode Sirklar følgjer opp prosjektet ut dette kalenderåret (2019).

Prosjektet ser for seg å sjå den nye vidaregåande skulen som meir enn ein vanleg vidaregåande skule, at ein samarbeider tettare med næringslivet og at val av linjer på skulen kan tilpassast dei lokale behova i regionen vår.



Det er gjennomført 3 arbeidspakkar / hovuddelar i prosjektet:

Arbeidspakke 1 - Brubygging

Hovudmål: Skildre ein modell for samhandling mellom utdanningsnivåa som svarar på behovet for å ivareta regionen sitt framtidige utdannings- og rekrutteringsbehov ved å:

- Skape større samanheng og heilskap i det lange utdanningsløpet
- Skildre integrasjon av aktivitetane i skulane sine årshjul
- Skildre koplinga til næringsliv og arbeidsliv, samt til andre relevante aktørar

Arbeidspakke 2 – Ny kompetanse

Hovudmål: Skildre ein modell for etter- og vidareutdanning som svarar på behov hos regionen sitt nærings- og arbeidsliv ved å:

- Ivareta behovet for fleksibilitet og behovsfokusering
- Ivareta moglegheitene for å involvere ulike kompetanseleverandørar
- Ta omsyn til kunnskapsleverandørane sine føresetnader og vilkår

Arbeidspakke 3 – Visjon om funksjon

Hovudmål: Beskrive funksjonar for en kunnskapsklynge som svarer på behovet for å støtte samfunnsoppdraget til Sotra VGS og regionen sitt behov for læring og auka attraktivitet.

Samarbeidsarena vest

Regionrådet har spela inn at arbeidet kan koplast saman med «Samarbeidsarena vest», som er oppretta i samband arbeidet som Hordaland fylkeskommune har gjort som ei oppfølging av den regionale planen for kompetanse og arbeidskraft.

Samarbeidsarena vest vart etablert hausten 2018 etter initiativ frå Hordaland fylkeskommune. Det er kommunane Sund, Fjell, Øygarden og Askøy som er definert som det geografiske området for denne samarbeidsarenaen. Leiar for regionrådet vest Kari-Anne Landro er leiar for samarbeidsarenaen. Det er lagt til rette for brei deltaking i denne samarbeidsarenaen med deltaking som følgjer:

Regionrådet vest, Askøy kommune (både politisk og frå næringssida), Gode Sirklar, Vest Næringsråd, vidaregåande skule (Askøy og Sotra), NAV, nøkkelpersonar frå næringslivet. Det er også ønskeleg å invitere inn opplæringskontor og representantar frå ungdomen. Våren 2019 gjorde samarbeidsarenaen eit arbeid som resulterte i eit skriftleg innspel til Hordaland fylkeskommune med tanke på deira val av linjer og utdanningstilbod på dei to vidaregåande skulane i regionen.



Moglegheitsanalyse for framtidsretta akvakultur i nye Øygarden kommune

Prosjektlear

Arnt-Ivar Kverndal, INAQ AS

Mål

I 2017 innførte Nærings- og fiskeridepartementet eit såkalla «trafikklyssystem» der dei delte kysten inn i 13 produksjonsområde, som er farga med grønne, gule og raude lys, alt etter kor store konsekvensar næringa har på miljøet. Sund, Fjell og Øygarden har vore i raud sone, men pr. dato er eksisterande Øygarden kommune gått over til gul sone (gjeld ikkje Sund og Fjell). For område som ligg i raud sone, vil det få konsekvensar for omfanget for framtidig produksjon etter 2019.

Målet med analysen er å skaffe fram eit kunnskapsgrunnlag som er nyttig for havbruksaktørane si drift og strategiske utvikling, som kan sikre berekraftig utvikling og verdiskaping. Analysen skal også være eit kunnskapsbasert innspel til kommunane til bruk i ei proaktiv nærings- og arealplanleggjing og bør takast inn i planprogrammet for NØK.

Status

Prosjektet er godt i gang og ein har arbeidd med å henta inn kunnskap og få kartlagt no-situasjonen. Analysane som vert gjennomført er venta avslutta innan nyttår.

Tilråding frå regionrådet

Fellesnemnda syter for at informasjon om desse prosjekta vert overført til det nye kommunestyret i Øygarden kommune, for vidare oppfølging.



Skogsskiftet, 02. september 2019

Kari-Anne Landro
Leiar for regionrådet vest



Regionrådet Vest 2010-2019

- Ti år med regionalt samarbeid -



WWW.REGIONRADETVEST.NO

Bakgrunn

I 2009 var det fleire samtalar mellom politisk og administrativ leiing i kommunane Askøy, Sund, Fjell og Øygarden for å vurdere tettare samarbeid knytt til mange felles interesser og utfordringar i regionen.

I forkant av etableringa av Regionrådet Vest i 2010 var det eit uformelt nettverksamarbeid på ordførarnivå i fleire år mellom Sund, Fjell og Øygarden. Det var også samlingar der både ordførarane og rådmennene i dei tre kommunane var samla for drøfting av felles tema. Vertskapet gjekk på rundgang. Det som var nytt med initiativet i 2009 var at Askøy kommune vart ein del av samarbeidet. Både på politisk og administrativt nivå var det ei aukande erkjenning av at dei fire kommunane hadde mange felles interesser og at det var behov for ein felles møteplass.

På det meir formelle nivået hadde kommunane i fleire år delteke i samarbeid i bergensregionen i regi av Regionrådet Bergen og Omland/Regionrådet Bergensregionen. Kommunane var også på dette tidspunktet ein del av Business Region Bergen. Lokalt hadde kommunane og næringslivet bygd opp eit godt samarbeid knytt til næringsutvikling gjennom Gode Sirklar.



*Styret og rådmannsgruppa
september 2011:*

*Frå venstre; Gerhard Inge Storebø
(rådmann i Sund), Torgeir Sæter
(rådmann i Øygarden), Olav Martin
Vik (ordførar i Øygarden), Ove
Trellevik (ordførar i Sund), Eli Årdal
Berland (ordførar i Fjell), Knut
Hanselmann (ordførar i Askøy), Odd
Magne Utkilen (rådmann i Askøy og
Steinar Nesse (rådmann i Fjell).*

Etablering av Regionrådet Vest

På tampen av 2009 og starten av 2010 vart det fremja sak i til kommunestyret i dei fire kommunane. Dei fire kommunane vedtok å etablere Regionrådet Vest. Det første styremøtet vart halde den 29. januar, og den 5. februar vart regionrådet lansert på ein pressekonferanse på Askøy. Første styreleiar var Olav Martin Vik (ordførar i Øygarden).

Vedtekter og basis

I vedtektene går det fram av Regionrådet Vest skal vera eit koordinerande organ for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Regionrådet skal fremja forpliktande samarbeid mellom kommunane og vidareutvikla regionen. Ordførarane har styringskompetansen i

regionrådet på bakgrunn av vedtak i eigen kommune. Rådmennene deltek på styremøta/ordførarmøta med tale- og forslagsrett. Det går fram av vedtektene at prinsipielle saker skal behandlast i kvar einskild kommune. Styret (seinare har ein nytta uttrykket *rådet*) har vore samansett av ordførarane i dei deltakande kommunane. Frå 2011 etablerte regionrådet Tinget i Vest. Dette organet skulle samlast to gonger i året og var samansett av formannskapa i kommunane. Det siste Tinget i Vest vart arrangert 27.04.2015.

Styre og sekretariat

Leiarvervet i regionrådet har gått på rundgang mellom ordførarane med ei lengd på to år. Sekretariatsfunksjonen har vore lagt til den kommunen som har styreleiaren i regionrådet. Sjølv om styreleiaren frå starten av var ordføraren i Øygarden kommune, var det Askøy kommune som fekk oppdraget med å leia sekretariatet. Tidlegare rådmann i Askøy kommune, Edvard Hillestad, hadde ei sentral rolle i dette arbeidet.

Styreleiarar (2010-2019)

- | | |
|--------------------------------|---------------------------------|
| • Januar 2010 - oktober 2011 | Olav Martin Vik (Øygarden) |
| • November 2011 - oktober 2013 | Ove Trellevik (Sund) |
| • November 2013 - oktober 2015 | Eli Årdal Berland (Fjell) |
| • Oktober 2015 - desember 2016 | Marianne Sandahl Bjørøy (Fjell) |
| • Januar 2016 - desember 2017 | Børge Haugetun (Øygarden) |
| • Januar 2018 - | Kari-Anne Landro (Sund) |

Sekretariat: Per Edvard Hillestad, Dag Thorvaldsen, Anne Grethe Hareide, Grethe Bergsvik, Inger Elin Skårdal Hetlevik og Vigleik Brekke (informasjon). I løpet av det første halvåret var eigen heimeside for regionrådet på plass. Det er lagt ut 195 aktueltartiklar på heimesida sidan juni 2010.

Askøy kommune melde seg ut av regionrådet med verknad frå januar 2016. Kommunen ville likevel halda fram samarbeidet om fleire fellesprosjekt med samarbeidskommunane i regionrådet.

I løpet av dei 10 åra er det haldne 36 styremøte (inklusive møtet i september 2019) med totalt 278 saker.

2010: 5 styremøte, 52 saker

2011: 3 styremøte, 33 saker

2012: 4 styremøte, 39 saker

2013: 5 styremøte, 39 saker

2014: 3 styremøte, 19 saker

2015: 4 styremøte, 13 saker

2016: 4 styremøte, 31 saker

2017: 4 styremøte, 24 saker

2018: 3 styremøte, 15 saker

2019: 3 styremøte, 13 saker

Dei første åra (2010-2013)

Allereie det første året vart det slått fast at næringsutviklingsselskapet Gode Sirklar skulle følgja opp den strategiske næringsplanen som var utarbeidd av Business Region Bergen (BRB). I desember vart det vedteke å etablera Tinget i Vest med verknad frå 2011. Andre tema det første året var samarbeid knytt til barnevern, samhandlingsreforma, samferdsleprosjekt (t.d. Sotrasambandet), organisering av ny hamn, IKT-samarbeid og det førebyggjande tiltaket Felles Ansvar.

Regionrådet Vest hadde ei sentral rolle i arbeidet med å få etablert ei lindrande eining på Kleppstø på Askøy. Eininga vart offisielt opna hausten 2012. Samarbeidet om lindrande behandling vart avslutta ved årsskiftet 2014/2015. Det vart også arbeidd med planar om å etablera eit tiltak for rusmisbrukarar på Askøy i samarbeid med Blå Kors. Dette prosjektet vart aldri realisert.

Regionrådet hadde ei koordinerande rolle i prosjektet Betre saman for Barna (barnevern, felles barnevernsvakt m.m.), plan, byggjesak og oppmåling, interkommunale kultursamarbeid (IKKUS), ny finansieringsordning for barnehagar, tilsyn med barnehagar, samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet (SLT) og sjølvbyggjarprosjekt. Torgeir Sæter og Gerhard Inge Storebø var i periodar engasjert for å sikra framdrift i fleire av prosjekta. Andre samarbeidsprosjekt som det vart arbeidd med, var lokalmedisinsk senter på Straume, JordmorHeim og KystROS), strandsone og næringsareal. Totalt gjekk det føre seg fleire titals prosjekt der to eller fleire kommunar i regionen samarbeidde om prosjekt og tenester.



I 2015 var det kvinnene som styrte regionrådet. Her er ordførarane i dei fire kommunane. Frå venstre; Kari-Anne Landro (Sund), Eli Årdal Berland (Fjell), Siv Høgtun (Askøy) og Åse Gunn Husebø (Øygarden).

2014-2019

Frå 2014 fekk regionråda ei sentral rolle når det gjeld fordeling av skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Regionråda skulle frå då av ha ei koordinerande rolle og gje tilråding og samordna tildelinga av skjønsmidlar til omstilling og fornying.



På møtet i regionrådet i november 2017 i Øygarden var utdanning eit sentralt tema. På dette møtet var fleire sentrale aktørar innan utdanning inviterte.

Arbeidet med kommunereforma tok etter kvart til, og i 2014 koordinerte dei fire kommunane 800 tusen kroner som Fylkesmannen hadde tildelt i kompetansemidlar for å arbeida med denne reforma. I 2015 gjorde Askøy kommune det klart at det ikkje var aktuelt å danna ein ny kommune saman med dei tre andre kommunane i regionen. Sund, Fjell og Øygarden kommunar engasjerte Telemarksforskning til å utrabeida ein rapport som skulle sjå om det var grunnlag for å etablere ein ny kommune samansett av dei tre kommunane. I februar 2016 tok arbeidet med kommunereforma for alvor til, og regionrådet drøfta i november det same året kva rolle det skulle ha i framtida. Konklusjonen var at Regionrådet Vest ville ha ei viktig rolle i regionen sjølv om det gjekk føre seg arbeid med samanslåing av dei tre kommunane i vest. Regionrådet ville framleis vera ein viktig premissleverandør for tildeling av skjønsmidlar og måtte reknast som ein viktig aktør som høyringsinstans. I det heile vart regionrådet rekna som ein god arena for å vidareutvikla og sikra samhandling mellom dei tre kommunen i regionen.

Dei siste to-tre åra har tildeling av skjønsmidlar, utdanning og havbruk vore viktige tema. I samarbeid med Gode Sirklar er det gjennomført eit prosjekt knytt til ny vidaregåande skule i regionen og korleis dette kan tilpassar behovet til næringslivet og eventuelt tilbod på høgskulenivå. Med dette prosjektet, «Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune», er målet å sikra at Straume vert ein attraktivt regionsenter som trekkjer ungdom til seg på vidaregåande nivå i kombinasjon med høgskuleutdanning. I eit samarbeid med Gode Sirklar er det gjennomført ein mogleighetsstudie for oppdrettsnæringa, «Havrom 2018». Regionen ligg i raud sone, og dersom det ikkje vert sett i gang tiltak for å koma ut av den raude sona, må det framtidige produksjonsnivået reduserast. Regionrådet vest har også arbeidd med å sikra vidare drift av Gründerparken Vest.

Kva nytte har regionen hatt av regionrådet?

Før kommunereforma kom på dagsorden i 2014-2015, oppmoda dei sentrale styresmaktene kommunane om å utvikla interkommunalt samarbeid. Med regionrådet som initiativtakar vart det innan fleire felt etablert regionalt samarbeid der mange arbeidsgrupper la ned eit omfattande arbeid. Døme på det te var barnevern, samhandlingsreforma og IKT. Ikkje minst i perioden fram til kommunereformarbeidet skaut fart vinteren 2016, gjekk det føre seg fleire titals samarbeidsprosjekt mellom dei fire kommunane.

Det kan vera delte meiningar om kva kommunane og regionen har fått igjen for samarbeidet i Regionrådet Vest. Ein del prosjekt vart lagt på is, og andre vart skrinlagt. Fleire prosjekt enda opp med permanent samarbeid. Dette gjeld til dømes felles JordmorHeim-tilbod, lindrande eining (fram til 2014/2015), felles barnevernsvakt og felles barnehagetilsyn.

Kommunane i vest/Nye Øygarden kommune representerer ein region/ny kommune i vekst. I fleire regionale saker stod regionrådet fram med fråsegn som viste at regionen har eit felles mål for korleis kommunane/den nye kommunen skal rusta seg for framtida. Døme på saker der regionrådet gav uttale var knytt til arealforvaltning, samferdsle og politireform. Det er også semje om at via regionrådet vart det etablert ein viktig samarbeidsarena både politisk og administrativt.

Det er naturleg at aktiviteten i regionrådet har vore noko mindre dei siste åra som følgje av at arbeidet med kommunesamanslåinga har teke mykje tid. Nokre saker, som tidlegare ville vore drøfta regionrådet, er lagt fram som sak i fellesnemnda.



Desse tre ordførarane styrer Regionrådet Vest i 2019. Frå venstre; Kari-Anne Landro (Sund, leiar), Børge Haugetun (Øygarden) og Marianne Sandahl Bjorøy (Fjell).

Regionrådet i tida som kjem

Når Nye Øygarden kommune er etablert frå januar 2020, er grunnlaget for Regionrådet Vest i prinsippet vekke. Det er likevel viktig å drøfta nye samhandlingsarenaer og nye

regionrådsgrenser basert på det nye kommunekartet frå 2020. Frå januar 2020 vert Bergen kommune omkransa av fire kommunar med totalt 120 tusen innbyggjarar. Regionrådet Vest ønskjer å reisa debatten om korleis desse kommunane skal møte felles utfordringar og strategiar i tida som kjem.



Leiar av fellesnemnda nye Øygarden kommune

Sakshands.: KAL
Direktetlf.: 56327557

Vår ref.: 19/1926-1
Arkiv:

Dykkar ref.:

Dato: 10.09.2019

ORIENTERING TIL FELLESNEMNDA FRÅ SUND KOMMUNE

Det er knappe fire månadar att til Sund, Fjell og Øygarden vert nye Øygarden kommune. Sund kommune vil i den samanheng ta opp til orientering det arbeid ein held på med av viktige planoppgåver, og drøfte slutføringa av desse.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN

Kommunestyret vedtok i 2016 at det skulle setjast i gang arbeid med ei mindre rullering av arealdelen til kommuneplanen. Hovudføremålet var å få ein oppdatert arealdel av kommuneplanen som vil gje gode rammer for vidare utvikling av kommunen. Folkehelse er eit viktig førande prinsipp i arbeidet.

Gjeldande arealdel av kommuneplanen var vedteke i oktober 2011. Arbeidet starta opp i 2008/2009, og det var lite erfaring med den nye plan- og bygningslova og nye teiknereglar for å framstille plankart. Det har vist seg ettersom ein har gjort seg erfaringar med planen, at det er ein del utfordringar knytt til tolkning, både av plankart og føresegn. Det har vore eit viktig føremål i planarbeidet å framstille plankartet på ein slik måte at det vert meir føreseieleg. Vidare får ein no likelydande føresegner for nedslagsfeltet til drikkevasskjelda Kørelen som Fjell alt har vedteke i sin kommuneplan. Dette manglar i gjeldande KPA for Sund. Sund kommune har også elles forsøkt å tilpasse seg Fjell kommune sine føresegner for å leggje til rette for likehandsaming etter samanslåinga.

I arbeidet med ny KPA er det definert to nye nærsenter. Desse vert lagt til skuleområda Stranda og Spildepollen. Andre målsettingar med planarbeidet har vore å styrke bygdene og nærsentra gjennom bustadbygging, tilgang til sjø for allmenta og vidare næringsutvikling i kommunen. Det vert ikkje lagt opp til mange nye næringsområder i denne planen, for det meste er det utvidingar av eksisterande eller avsatt næringsareal i kommunen.

Planutvalet har vore styringsgruppa for arbeidet, og dei har vore tett på planarbeidet og kjenner arbeidet godt. Det er eit ønskje frå Sund kommune om å få slutføre arbeidet med arealdelen av kommuneplanen med den styringsgruppe og det kommunestyret som satte arbeidet i gong. Planen er venta lagt ut til offentleg ettersyn i september, og til slutthandsaming i kommunestyret i desember.

INTERKOMMUNAL KOMMUNEDELPLAN FOR SKOGSSKIFTET

Sund kommune heldt også på å rullere kommunedelplan for Skogsskiftet, og arbeidet vart først satt i gang i 2014. Den 25.02.2016 gav Fjell kommunestyre si tilslutning til eit interkommunalt samarbeid om planen. Det vart oppretta ei styringsgruppe med tre medlemmar frå Sund kommune og to medlemmar frå Fjell kommune. I rammene for planarbeidet (planprogrammet) gjekk det fram at det var eit ønskje om å detaljere sentrumsområdet. Dette har ein i ettertid funne naudsynt å gjere gjennom ein detaljereguleringsplan av sentrumsområdet.

Hovudmålsettinga med å rullere kommunedelplan for Skogsskiftet er fleire. Planen var vedtatt etter gamal lov, og har vist seg å ha manglar ein ønskjer å rette på. Ein ønskja som nemnd å leggje til rette for konkret utbygging og utvikling av eit levedyktig kommunedelsenter. Elles har det vore eit ønskje å legge til rette for gode turløyper i nærleiken av sentrum, mellom anna ei turløype ved/rund Skogsvatnet. Planen er venta lagt ut til offentleg ettersyn i september, og til slutthandsaming i kommunestyret i desember.

DETALJREGULERINGSPLAN FOR SENTRUMSOMRÅDET SKOGSSKIFTET

Hovudmålsettinga med planen er å gje gode rammer for utviklinga av Skogsskiftet. Ein tek sikte på å flytte brannstasjon og bussparkering vekk frå dagens sentrum. Der bussparkeringa i dag ligg vil det bli lagt til rette for eit torg. Det vert elles lagt til rette for forretningsareal og bustadar i sentrumskjerna. Storleik på forretningsarealet vert ikkje større enn det handelsanalysen for området rår til. Sentrumsområdet får ei miljøgate, og skal vert eit knutepunkt for bilistar, gåande, syklande og kollektivtransport.

For desse to planane er det behov for parallell handsaming i dei to kommunane Fjell og Sund. Det er eit politisk ønskje i Sund kommune å få bidra til å slutføre det arbeidet ein har lagt ned i desse planane. Vidare er det investorar som er klare til å setje i gong i sentrum, og ein ønskjer ikkje at planarbeidet skal ta meir tid enn naudsynt. Det er difor lagt opp til offentleg ettersyn i september, og til slutthandsaming i kommunestyret i desember i Sund. Her ser vi at det føreset eit nærare samarbeid med både styringsgruppa og administrasjonen i Fjell kommune.

Med helsing

Svein Otto Jacobsen
Leiar av planutvalet

Kari-Anne Landro
ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi til:
Rune Lid



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2017/5634-28431/2019
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 09.09.2019

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
44/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Gründerparken Vest - framtidig driftsmodell

Samandrag av saka:

Saka gjeld framtidig driftsmodell for Gründerparken Vest.

I oktober /november 2018 vart likelydande sak om «Gründerparken Vest - vidare drift -kommunal finansiering i 2019», lagt fram for dei respektive kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden. Ambisjonen som var skissert i saka var at Gründerparken Vest i framtida skulle vera mest mogleg sjølvfinansierande. Kwart kommunestyre løyvde kr. 500.000 til finansiering for 2019, slik at samla kommunalt tilskot var 1,5 mill.

Denne saka er ei oppfølging av vedtakspunktet om at det skal leggjast fram ein driftsmodell for framtidig organisering og finansiering av Gründerparken Vest til fellesnemnda i Nye Øygarden kommune.

Innstilling:

1. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å innarbeida fast årleg tilskot til Gründerparken Vest med kr. 500.000 i dei årlege budsjetta frå og med budsjettåret 2020.
2. Fellesnemnda ber om at framtidig driftsmodell for Gründerparken Vest vert justert i høve storleiken på det kommunale tilskotet og at kostnadene vert balansert i samsvar med forventa inntekter
3. Fellesnemnda ber om at budsjett, rekneskap og årsmeldingar for Gründerparken Vest vert lagt fram for kommunestyret i nye Øygarden kommune kvart år.

Straume, den 09.09.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Notat/rapport til fellesnemnda i nye Øygarden kommune frå Rikard Ledang – modell for framtidig organisering og finansiering av Gründerparken Vest, datert 27.mai 2019
- Notat til fellesnemnda i nye Øygarden kommune frå Gode Sirklar AS - Gründerparken Vest - status og mogeleg utvikling - tilrådingar, datert 02.09.19

Saksopplysningar:

Det var lagt fram likelydande sak om Gründerparken Vest – vidare drift – kommunal finansiering i 2019 til dei respektive kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden kommunar i oktober/november 2018.

I Fjell kommunestyre 22.11.18 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Fjell kommune vedtek å løyve kr 500 000 til vidareføring av Gründerparken Vest, slik det går fram av saksutgreiinga.*
2. *Løyvinga gjeld berre for 2019 og det vert difor tilrådd at finansiering skjer over disposisjonsfondet.*
3. *Det skal i 1. halvår 2019 leggjast fram ein modell for framtidig finansiering til fellesnemnda i Nye Øygarden kommune.*
4. *Fellesnemnda skal innan 1. halvår 2019 få presentert korleis fylkeskommunen vil kunna bidra på varig vis til eit regionalt gründerfellesskap, som òg inkluderer korleis ein kan stimulera til samarbeid med Nyskapingsparken BTO sitt nettverk.*
5. *Gründerparken må i 2019 følgjast opp av ei styringsgruppe med 1 representant frå Vest Næringsråd, 2 representantar frå gründerane og 1 representant frå kvar av dei tre kommunane. Styringsgruppa skal ha særskilt fokus på gjennomføring av punkt 2 og 3 i vedtaket. Representanten frå Vest Næringsråd skal vere leiar for styringsgruppa. Representant for Fjell kommune: Marianne Sandahl Bjørøy (AP).*

I Sund kommunestyre 16.10.18 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Sund kommune vedtek å løyve kr 500 000 til vidareføring av Gründerparken Vest, slik det går fram av saksutgreiinga.*
2. *Det skal i 1. halvår 2019 leggjast fram ein modell for framtidig finansiering til fellesnemnda i Nye Øygarden kommune.*
3. *Fellesnemnda skal innan 1. halvår 2019 få presentert korleis fylkeskommunen vil kunna bidra på varig vis til eit regionalt gründerfellesskap, som òg inkluderer korleis ein kan stimulera til samarbeid med Nyskapingsparken BTO sitt nettverk.*
4. *Gründerparken må i 2019 følgjast opp av ei styringsgruppe med 1 representant frå Vest Næringsråd, 2 representantar frå gründerane og 1 representant frå kvar av dei tre kommunane. Styringsgruppa skal ha særskilt fokus på gjennomføring av punkt 2 og 3 i vedtaket. Representanten frå Vest Næringsråd skal vera leiar for styringsgruppa.*

Som representant frå Sund kommune i styringsgruppa vert vald: Nils Kåre Skoge.

Øygarden kommunestyre gjorde i møte 31.10.18 slikt vedtak:

1. *Øygarden kommune vedtek å løyve kr 500 000 til vidareføring av Gründerparken Vest, slik det går fram av saksutgreiinga*
2. *Det skal i 1. halvår 2019 leggjast fram ein modell for framtidig finansiering til fellesnemnda i Nye Øygarden kommune.*

3. Fellesnemnda skal innan 1. halvår 2019 få presentert korleis fylkeskommunen vil kunna bidra på varig vis til eit regionalt gründerfellesskap, som óg inkluderer korleis ein kan stimulera til samarbeid med Nyskapingsparken BTO sitt nettverk.
4. Gründerparken må i 2019 følgjast opp av ei styringsgruppe med 1 representant frå Vest Næringsråd, 2 representantar frå gründerane og 1 representant frå kvar av dei tre kommunane. Styringsgruppa skal ha særskilt fokus på gjennomføring av punkt 2 og 3 i vedtaket. Representanten frå Vest Næringsråd skal vera leiar for styringsgruppa.

Som representant frå Øygarden kommune i styringsgruppa vert vald: Atle Dåvøy (KrF)

I notat frå leiar i styringsgruppa Gründerparken Vest, som føl saksframlegget som vedlegg, er det gjort nærare greie for etablering og vidare drift av Gründerparken. I tillegg er det gitt status for drifta pr. mai 2019.

I notatet står det at styringsgruppa som vart oppnemnd i dei respektive kommunestyra i oktober/november 2018, har jamlege møter og har særleg hatt fokus på å tilpassa drifta av Gründerparken Vest med tanke på ein framtidig finansieringsmodell. Styringsgruppa har jobba med å få på plass retningslinjer for det å vera etablert i gründerparken. Kriteria set søkelys på å vera tilstades og felles bidrag til å skapa eit utviklande gründermiljø.

Ei av dei mest sentrale målsettingane for 2019 er å utvikla ein bærekraftig framtidig modell for finansiering og organisering av Gründerparken Vest, med synleggjering av næringslivet og kommunane sin innsats.

Framtidig driftsbudsjett slik det går fram av vedlagte notat i kap. 8 – Økonomi og framtidig finansieringsmodell, viser samla inntekter på 2.400.000 mill. og samla kostnader på 2.395.000 – noko som gjev eit positivt driftsresultat på kr. 5.000.

Inntektene i framtidig budsjett er vist slik:

Offentlege tilskot (kommune)	1.500.000
Husleigetilskot	600.000
Næringslivsbidrag rådgeving og tilstedeværelse	300.000
Sum inntekter	2.400.000

Framtidig driftsbudsjett for Gründerparken Vest legg soleis opp til ei årleg løyving frå nye Øygarden kommune på 1,5 mill. frå og med 2020.

Leiar i styringsgruppa gjev i notatet, kap. 8 – Økonomi og framtidig finansieringsmodell, forklaring til budsjettet slik det er sett opp.

Det er også motteke eit notat frå Gode Sirklar som omhandlar status og mogleg utvikling av Gründerparken Vest, notatet føl saka som vedlegg.

Vurdering:

Slik det går fram av saka som var til behandling og vedtak i dei respektive kommunestyra i oktober/november 2018, var det ein ambisjon at gründerparken i løpet av 2019 skal verta sjølvfinansierande. I saksframlegget står det at det skal søkjast om nye inntektskjelder og det skal leggjast opp til aktivitet som gir inntekter.

Tilskotet frå kommunane på 3,0 mill kr i 2017 og 2018 har vore nytta fullt ut (1,5 mill. kvart år), og søknaden om vidareføring i 2019 var bygd på heilkommunal finansiering lik dei to tidlegare åra. I førre sak gjekk det fram at det skal utgreiast ein modell for framtidig finansiering av gründerparken, som skal leggjast fram for fellesnemnda i Nye Øygarden. I denne modellen vert det skissert at fylkeskommunen kan bidra på varig vis i lag med andre finansieringskjelder som td. Nyskappingsfabrikken BTO sitt nettverk.

Prosjektrådmannen har forventningar til at eit framtidig kommunalt tilskot framleis er tufta på ambisjonen om at Gründerparken Vest i størst mogleg grad vert sjølvfinansierande, men merkar seg at det i notatet frå leiar i styringsgruppa ikkje er lagt opp til andre og/eller auka inntekter utover det som var lagt til grunn for budsjett 2019.

Det er lagt opp til same storleik på det kommunale tilskotet som dei tre føregåande åra, 1,5 mill. årleg og det er ikkje teke omsyn til at eventuelt tilskot frå fylkeskommunen skal gje grunnlag for å redusera det kommunale tilskotet.

Prosjektrådmannen har forståing for at Gründerparken Vest har behov for føreseielege inntekter, men kan ikkje tilrå faste årlege tilskot til Gründerparken Vest frå 2020 av ein slik storleik. Eit eventuelt tilskot må sjåast i lys av utfordringane knytt til den nye kommunen sitt budsjett for 2020. Slik prosjektrådmannen vurderer den økonomiske stoda til den nye kommunen må eit eventuelt tilskot til Gründerparken Vest reduserast monaleg.

Notat til fellesnemda i nye Øygarden kommune

27. mai 2019

Modell for fremtidig organisering og finansiering av Gründerparken Vest

1. Sammendrag

Det var politisk ønske og politisk vilje til i å videreføre og videreutvikle Gründerparken Vest i en felles gründerpark for kommunene Fjell, Sund og Øygarden i 2019. I likelydende vedtak i kommunestyrene i de tre kommunene i oktober 2018, ble det besluttet å løyve kr. 1 500 000 til videreføring av Gründerparken Vest. (Kr. 500 000 fra hver av de tre kommunene).

Vedtaket ble godkjent med tilrådning;

- 1) Kommunen vedtar å løyve kr. 500 000 til videreføring av Gründerparken Vest, slik det går frem av saksutredningen.
- 2) Det skal i 1. halvår 2019 legges frem en modell for fremtidig finansiering til fellesnemda i Nye Øygarden kommune.
- 3) Fellesnemda skal innen 1. halvår 2019 få presentert hvordan fylkeskommunen vil kunne bidra på varig vis til et regionalt gründerfelleskap, om og inkluderer hvordan en kan stimulere til samarbeid med Nyskapingsparken VIS (kommentar; tidligere BTO) sitt nettverk.
- 4) Gründerparken må i 2019 følges opp av en styringsgruppe med 1 representant fra Vest Næringsråd, 2 representanter fra gründerne og 1 representant fra hver av de tre kommunene. Styringsgruppen skal ha særlig fokus på gjennomføring av punkt 2 og 3 i vedtaket. Representanten fra Vest Næringsråd skal være leder for styringsgruppen.

2. Bakgrunn

Gründerparken Vest ble etablert som et tilbud til gründere og vekstskapere. En felles arena for gründerskap og innovasjon som kan bli vesentlig element i utviklingen av Nye Øygarden kommunes nærings- og arbeidsliv i fremtiden.

I de senere år har kommunene her vest opplevd store endringer i næringslivet. Dette gjelder både i eksisterende bedrifter, nyetableringer, grunderetableringer eller andre virksomheter i omstilling og som ønsker å etablere seg i vår region. Erkjennelsen fra kommunene om betydningen av nyetableringer for å skape nye arbeidsplasser med et større mangfold i næringslivet, gjorde at kommunene tok initiativ til etablering av Gründerparken Vest. Grunderparken ble åpnet 16. mars 2017. Dette tiltaket, som ble støttet økonomisk av kommunene med kr. 1 500 000 i 2017 og 2018, har blitt realisert ved et samarbeid mellom Gode Sirklar AS og Vest Næringsråd. Gode Sirklar AS har hatt rollen som operasjonell partner på vegne av kommunene i et samarbeide med Vest Næringsråd som har hatt det overordnede prosjektansvaret i oppstarts- og utviklingsfasen. Gründerparken Vest ble fysisk lokalisert i Sartor Storsenter som så ledes ble en del av samarbeidet i oppstartsfasen.

3. Bakgrunn for etableringen og kommunenes engasjement.

Kommunene har en etablerertjeneste i Servicetorgene som tilbyr rettledning og koblinger til andre relevante tjenester i Hordaland. Ansatte i Servicetorgene har gjennomgått etterutdanning som gjør dem kompetente for slik rettledning. Hordaland Fylkeskommune har sitt Etablerersenter som tilbyr ulike kurs for gründere og som har direkte kontakt med Servicetorgene.

Det er altså konstatert et klart behov for et miljø for gründerskap som både samler gründere fysisk, og som vil være en arena for kompetanse og nettverk til de mange gründere som har tilholdssted i vår region. Gründerparken Vest ble etablert som et svar på behovet!

Det er en ambisjon at gründerfellesskapet også skal benyttes som seminar-, kurs- og informasjonsarena for den aktuelle målgruppen. Aktører fra for eksempel NAV, Etablerersenteret, andre fra virkemiddelapparatet og ulike forskningsinstitusjoner vil være aktuelle samarbeidspartnere.

Gründerparken Vest skal i tillegg fungere som en nyttig møteplass mellom Gründermiljøet i regionen og næringslivet, representert gjennom Vest Næringsråd.

Hovedmålsettingen og visjonen for Gründerparken Vest på litt lengre sikt er å utvikle en industriell inkubator med eiere og samarbeidspartnere fra større virksomheter, offentlige institusjoner og forskningsmiljø i vår region.

I dag er det 30 ulike inkubatorer innen SIVA sitt inkubatorprogram. Den som ligg nærmest oss er Nyskapingsparken VIS i Bergen, lokalisert i Vitensenteret på Marineholmen. Det er utviklet en samarbeidsmodell med Nyskapingsparken VIS, som sikrer kunnskapsoverføring

mellom Gründerparken Vest og kunnskapsmiljøene innen forskning og utdanning i Bergen. I dette prosjektet er det allerede avklart at med dagens rammer, og nærhet til inkubatormiljøet i Bergen, er det ikke aktuelt med støtte fra SIVA til etablering av en selvstendig inkubator i vår region. Utvikling av samarbeidet mellom Nyskapingsparken VIS og Gründerparken Vest, støttes økonomisk av Hordaland Fylkeskommune.

Det er en positiv utvikling innen etablering og utvikling av gründerparker/næringsparker/inkubatorer også i andre kommuner i vår region. De fleste er bygget på tilsvarende modell som her foreslåes, hvor kommunenes bidrag er vesentlig for å lykkes. Eksempler på slike finner man bl.a. i Os (Bjørnefjorden), Nordhordland (Dampen), Stord (Atheno), Kvam m.fl.

4. Etableringsfase – 2017 og 2018

Det ble i oppstarten av Gründerparken Vest (GPV), benyttet store ressurser til tilrettelegging av fysiske lokaliteter som ble leid av Sartor Storsenter i Arefjordvegen 16. Vest Næringsråd flyttet inn i samme lokaler, som en regnet som en fordel i etableringsfasen. Deler av midlene som kommunene bevilget ble benyttet til å dekke kostnadene til oppussing (ca. kr. 700 000)

I oppstarten av Gründerparken Vest ble det av Gode Sirklar AS søkt om støtte fra Hordaland Fylkeskommune. På grunnlag av denne søknaden støttet fylkeskommunen GPV-etableringen med kr. 300 000. Dette økonomiske bidraget sammen med deler av støtten fra kommunene (ca kr. 400 000) og innsats fra Gode Sirklar AS (ca kr. 100 000) gikk med til personellkostnader fra 4 kvartal i 2016 fram til juni 2017. Dette er rapportert til fylkeskommunen i forbindelse med utbetaling av støtten.

Prosjektorganiseringen med prosjektledelse, daglig leder i Vest Næringsråd, kom på plass basert på en samarbeidsavtale som regulerte ansvar og oppgaver mellom Vest Næringsråd og Gode Sirklar AS. Sartor Storsenter sluttet seg til avtalen i forbindelse med lokaliseringen av GPV. Det ble utarbeidet en prosjektplan for tiltaket forankret hos partene, og utarbeidd rutiner og infrastruktur for leietakere i GPV. Ressursene som kommunene stilte til disposisjon ble første året benyttet til å rekruttere en gruppe gründere til parken. Konseptet Gründerparken Vest, som allerede i 2 kvartal 2017 var fullbooket, var første driftsår i stadig utvikling. Prosjektledelsen benyttet ressurser både til bidrag til den enkelte gründer og til å skape et felles miljø. Ressursene fra kommunene ble også benyttet til leiekostnader for andelen som ikke gründerne dekket.

5. Utvikling av et godt gründerfellesskap i andre driftsår.

Med økonomisk støtte fra Hordaland Fylkeskommune (kr. 350 000), søkt av Gode Sirklar AS, er det benyttet ressurser til å utvikle en samarbeidsmodell med Nyskapingsparken VIS i Bergen som skal gi gründerne i vår region muligheter for å benytte deres kompetanse og nettverk. Det ble etablert en infrastruktur digitalt mellom GPV og Nyskapingsparken som gir løpende informasjon og muligheter for å legge inn gjensidige avtaler med relevante aktører.

Dette prosjektet pågår frem til midten av 2019 innenfor nevnte rammer. Forutsetning for videre støtte og samarbeid med Hordaland Fylkeskommune (senere Vestland Fylkeskommune) er under arbeid.

Erfaringene fra de to første driftsår har vist at det er et behov en gründerpark i denne regionen som omfatter Øygarden kommune fra 01. Januar 2020. Tilbakemeldingen fra gründerne til styringsgruppen er udelt positiv. Gründerne har utvilsomt stor verdi å være samlokalisert og det i seg selv har gitt mange positive synergier.

Samtidig er det nok en klar erkjennelse at det tar tid å etablere og finne formen som en gründerpark skal og bør ha i vår region.

Hver region har sin kultur relatert til næringsliv og bedrift sammensetning. I vår region har vi tradisjon for å ha mange mindre og mellomstore bedrifter. I tillegg har vi store solide globale konsern. Kombinasjonen gir oss et vidt spekter av næringsaktører med forskjellige innfallsvinkler og forhold til innovasjon og gründerkap. Likevel er det positive tilbakemeldinger fra flere av bedriftslederne i Vest Næringsråd sin medlemsportefølje som gir klart uttrykk for at det er vesentlig og nødvendig å ha en gründerpark og at denne får utvikle seg videre. I tillegg ser en at den nye kommunen med sine kommunalsjefsområder vil kunne ha stor nytte av et samarbeid med gründerbedriftene og det etablerte næringslivet gjennom Vest Næringsråd sine kanaler. Øygarden vil bli en stor kommune med mange behov hvor etater og kommunale selskaper sammen med gründerne i parken vil kunne bidra til å heve de kommunale tjenestene. For den nye kommunen og dens administrasjon burde dette være spennende og åpne mange muligheter.

6. Gründerparken Vest 2019 i henhold til vedtak fra kommunestyrene 2018

Styret i Vest Næringsråd besluttet i sitt styremøte 25. september 2018 å flytte fra eksisterende lokalisering i Sartor Storsenter i Arefjordvegen 16, til mer egnet lokalisering i Straume Teknologisenter, Straume Næringspark. I denne prosessen framkom et svært godt alternativ til tidligere lokalisering av Gründerparken Vest, som også gav en unik mulighet til å flytte dagens gründerne til et mer moderne og tilrettelagt bygg, hvor mulighetene for videre utvikling av gründermiljøet med flere kontorer tilrettelagt for etablerere var avgjørende.

I Straume Teknologisenter er det allerede et eksisterende miljø bestående av gründersekskap som har vokst seg bærekraftig virksomheter med betydelig antall arbeidsplasser. Et godt eksempel på dette er bedriften ACOS.

Det som trekkes frem som den viktigste endringen, er at tidligere ordning, hvor Gründerparken Vest i sin helhet leide lokalene fra huseier – for deretter å fremleie til den enkelte gründervirksomhet utgikk! Dette fjernet all risiko i forhold til leieforhold for gründerne, og sikret gode, trygge leieavtaler direkte med huseier – til markedsriktige leiepriser, langt under det som har vært mulig med tidligere løsning.

Dette har ført til at tilskuddene fra kommunene i sin helhet går til driften av Gründerparken. Gründerparken Vest står kun ansvarlig for leie av fellesarealer, møterom og åpen kontorløsning – hvor bl.a. næringslivet kan være tilstede og jobbe i interaksjon med de ulike gründervirksomhetene. Dette gir muligheter for kurstilbud, rådgivningstjenester av høy

kvalitet, kunnskaps- og erfaringsbygging mot andre gründer- og inkubatormiljøer i vår region. Det har også gitt positivt søkelys på omtale og markedsføring av Gründerparken Vest og Nye Øygarden kommune, som en god plass å etablere nyskapende virksomhet. Ref. artikkel i Vestnytt 14. mai.

Styringsgruppen har jevnlig møter i henhold til pkt. 4 i vedtaket. Styringsgruppen har særlig hatt fokus på å tilpasse driften av Gründerparken Vest – med sikte på en fremtidig finansieringsmodell. Styringsgruppen har jobbet med å få på plass retningslinjer for det å være etablert i gründerparken. Kriteriene setter søkelys på tilstedeværelse og felles bidrag til å skape et utviklende gründermiljø.

Gründerparken Vest har inngått avtale med Tony Ågotnes om 20% stilling som koordinator på prosjektbasis. Dette er i tråd med ønsker og behov fra gründerne.

LK Production (som er etablert i Gründerparken Vest) har fått i oppdrag å lage en presentasjonsvideo om «Livet i Gründerparken Vest». Denne forventes ferdig til sommeren, og vil bli benyttet for å promotere og vise hvordan etablerertilværelsen er i hverdagen.

7. Status Gründerparken Vest pr. mai 2019

Etter Gründerparken Vest ble reetablert i nye, flotte lokale i egen fløy på Straume Teknologisenter i februar 2019 har vi sett en fantastisk utvikling. Det er p.t. 16 selskap, med til sammen ca. 25 årsverk etablert, eller under etablering i gründerparken. Dette er en betydelig vekst fra 7 selskap, ca. 11 årsverk – som var tilstede i tidligere lokalisering.

- www.brazfit.no * Design og nettbutikk, egenutviklede treningsklær,
- www.merkurrådgivning.no * Forsikringsrådgiving
- www.millasays.com * Utvikler kommunikasjon-/læringsplattform, tegnspråk for tale
- www.novumare.no * Oljeberedskap, Rent hav, Ren hamn
- www.lkproductions.no * Produksjon av film, foto
- www.bergenfjordadventures.com * Skjærgårdsguide, mat i naturen, opplevelsesturer
- www.sotra-villmarksenter.no * Teambuilding, Mobilt escaperom, Skoleopplegg
- www.janovetorsvik.no * Digitalmarkedsføring
- www.daleoen.no * Ungdomsarbeid, forskning, miljøvern
- www.steen.no H M Steen AS * Agentur oljeprodukter
- www.invid.no * Nettbasert digitale adm. systemer for transportbransjen
- www.islandgarden.no * Et kreativt IT – utviklingsselskap
- www.spillavhengighet.no * Organisasjon for spillavhengige, pårørende og familie
- www.travelmate.no * God gammeldags manuell reiserådgiving, reisebyrå

To selskap står på vent, flytter inn i Gründerparken Vest i løpet av sommeren.

Gründerparken Vest har nylig klargjort et åpent kontorlandskap, hvor det er plass til 6-8 gründervirksomheter og som ikke kvalifiserer til eget låsbart kontor. Her vil det være mulig med korttidsleie, rettet mot tidlig etablerere og gründerinkubasjon.

8. Økonomi og fremtidig finansieringsmodell

Som nevnt vil en av de mest sentrale målsetninger for 2019 være å utvikle en bærekraftig fremtidig modell for finansiering og organisering av Gründerparken Vest, med synliggjøring av næringslivets- og kommunenes innsats.

Nedenfor er et tentativt driftsbudsjett for 2019 og budsjett for fremtidig foreslått driftsmodell. Til sammenligning vises regnskapstall fra 2018, etter den «gamle» modellen:

Vest Næringsråd, avdeling 20 Gründerparken Vest			
Driftsbudsjett			
	Gründerparken drift 2018	Gründerparken Budsjett 2019	Gründerparken Fremtidig budsjett
Offentlige tilskudd (Kommune)	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Hordaland Fylkeskommune	350 000	0	0
Gode Sirkler	200 000	200 000	0
Fremleieinntekter GPV	273 720	0	0
Husleietilskudd fra huseier		600 000	600 000
Næringslivsbidrag rådgivning og tilstedeværelse		300 000	300 000
Sum inntekter	2 323 720	2 600 000	2 400 000
Direkte kostnader arrangement/aktiviteter	400 000	295 000	345 000
Prosjektleidelse, nettverk og marked	909 286	809 193	700 000
Avskrivninger	85 000	50 000	0
Husleie og driftskostnader	930 000	540 000	550 000
Markedsutjevning husleie		600 000	500 000
Markedsutjevning konsulent og rådgivning		300 000	300 000
Sum kostnader	2 324 286	2 594 193	2 395 000
Driftsresultat	-566	5 807	5 000

Bidrag fra Næringslivet:

* Huseier subsidierer husleien med kr. 600 000,- (600 kvm * kr. 1.000,- pr. kvm. pr. år) Justeres 25% fra år 2.

* Næringslivet bidrar tilsvarende kr. 300.000,- pr. år. (omregnet ca. 500 timer rådgivning og tilstedeværelse)

Forklaring til ovennevnte budsjett:

- I 2018 besto offentlige tilskudd av kommunenes tilskudd (samlet kr. 1 500 000,-), tilskudd fra Gode Sirkler (kr. 200 000,-), Hordaland Fylkeskommune (samlet kr. 350 000 – bl.a. knytt til tjenester kjøpt fra VIS) til sammen kr. 1 950 000,-
- I 2019 har Hordaland Fylkeskommune ikke innvilget tilskudd til Gründerparken Vest p.t. Her jobber styringsgruppen med en søknadsprosess. Midler tildelt fra Hordaland Fylkeskommune knyttes som tidligere nevnt opp til tjenester levert fra blant annet Nyskapingsparken VIS. Dette er kostnader som derfor ikke er tatt med i budsjett for 2019. Fremtidige eventuelle tilskudd fra fylket vil derfor utelukkende bidra til økt kunnskapstilføring utover det gründerparken og næringslivet i regionen selv generer, men er ikke avgjørende for en fullverdig drift av gründerparken.
- Vest Næringsråd har redusert kostandene forbundet med drift av gründerparken med kr. 100 000,- i 2019, som følge av at administrering av fremleieavtaler utgår i ny lokalisering.

I budsjett for fremtidig driftsmodell reduseres dette ytterligere med kr. 100 000,- som følge av en driftsmodell hvor drift overtas i en større grad av huseier.

- Andre driftskostnader (hovedsakelig husleie) har blitt redusert med i om lag kr. 400 000,- i 2019 - som følge av at leiekontrakt mellom den enkelte gründer og huseier fra mars/april går direkte mellom partene i ny lokalisering. Denne reduseres ytterligere i fremtidig driftsmodell – da Gründerparken Vest nå er etablert og leiekontrakt formalisert etter ny subsidiert leienorm.
- Det framgår av regnskap/budsjett næringslivets tilskudd til Gründerparken Vest. Straume Teknologisenter (huseier) tilbyr subsidiert husleie til den enkelte gründer OG til Gründerparken Vest tilsvarende kr. 600 000,- omregnet i markedsleie. Videre bidrar ulike aktører fra medlemsbedriftene i Vest Næringsråd, med tilstedeværelse i form av rådgivning til gründerne, tilsvarende ca. kr. 300 000,- omregnet i arbeidstimer pr. år.
- Tilskuddet fra Gode Sirkler på kr. 200 000,- for 2019 kan ikke automatisk regnes med i fremtidig tilskudd, som følge av omorganisering i ny kommune.

9. Oppsummert.

Som det fremgår av det som er rapportert om Gründerparken Vest, vil en felles arena for gründerskap og innovasjon bli et vesentlig element i Nye Øygarden kommunes nærings- og arbeidsliv politikk. Erfaringene fra driften så langt har gitt et godt grunnlag for å kunne videreføre en nøktern, men fullverdig drift av Gründerparken Vest under forutsetninger listet opp under.

Gründerparken Vest bidrar med nye arbeidsplasser og dermed skatteinntekter til kommune og stat. Det forventes at kommunestyrene tar dette med i betraktningen og budsjettdiskusjonen rundt fremtidig tilskudd til Gründerparken vest.

Styringsgruppen har vært med i kvalitetssikring av dette notatet.

Konklusjon:

Svar på tilråding 2. fra vedtaket til kommunestyrene:

Oppsummert viser dette at Gründerparken Vest nå har en etablert driftsmodell, som ved en fremtidig drift etter dagens etablerte standarder, kan driftes permanent av Vest Næringsråd med et årlig bidrag fra nye Øygarden kommune på kr. 1 500 000,-

Svar på tilråding 3. fra vedtaket til kommunestyrene:

Etablerte driftsmodell ivaretar nødvendig samhandling og samarbeid med Nyskapingsparken VIS (tidligere BTO) på et godt nivå, gjennom samhandling, felles digitale plattformer etc.

Det er ikke mulig å presentere eksakt hvordan fylkeskommunen i fremtiden vil bidra på varig vis til et regionalt gründerfelleskap enda, men det er grunn til å være optimistisk. Dette er en av grunnpilarene i fylket sitt ansvar i regionene. Mette Nora Sætre, Nærings sjef i Hordaland Fylkeskommune har lovet å sette søkelys på Gründerparken Vest i 2020, så snart Nye Vestland Fylke er ferdig organisert og operativ.

Styringsgruppen vil jobbe målrettet med dette fremover!

Jeg vil tilslutt benytte anledning å takke styringsgruppen for et godt samarbeid, og ikke minst de tre kommunestyrene som gjorde det mulig å bevise at med rett fokus, gode rammevilkår, korrekt driftsmodell er det mulig å skape nye arbeidsplasser i et kreativt miljø i Gründerparken Vest også i fremtiden.

Jeg vil tilråde at kommunen også i fortsettelsen prioriterer å ta aktivt eierskap til Gründerparken Vest, i en fremtidig styringsgruppe.

Rikard Toft Ledang

Leder i styringsgruppen Gründerparken Vest.

Til Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune

v/ Rådmann Rune Lid

Gründerparken Vest – status og moglege utvikling - tilrådingar

Samandrag

Gründerparken Vest har , med VNR som driftsansvarleg, demonstrert ein berekraftig forretningsmodell med vekst av lokale gründerar og eit gryande felles miljø for gründerkap. Dette er realisert under leiing av VNR og ein tverrpolitisk styringsmodell, og ved at kommunane har bidratt betydeleg til dette, med tilskot frå Hordaland fylkeskommune og samarbeid med Gode Sirkclar AS. GPV har og kimen i seg til å utvikla eit økosystem for gründerkap. Vidareføring av VNR som driftsansvarleg VNR vil ein tilrå så lenge rammene både fysisk og økonomisk blir lagt til rette slik dei er no.

Nyskaping og gründerkap spelar ei stadig større rolle til berekraftig næringsutvikling, er dokumentert i fleire rapportar.

Det er såleis vår tilråding at Nye Øygarden kommune held fram med økonomisk stønad til GPV på ein tilstrekkeleg og varig måte, og deltar tverrpolitisk i ein styringsmodell på lengre sikt.

GPV må og utvikla ein tett relasjon til kommunens framtidige modell for næring og utvikling, som vil erstatta Gode Sirkclar AS, og som saman med VNR vil utgjera eit innovasjonssystem og vil kunna sikra kopling til regionale og nasjonale verkemidlar for innovasjon og entreprenørskap, som er forvalta av Vestlandet fylkeskommune og i nasjonale program gjennom SIVA, Innovasjon Norge og Forskningsrådet.

Bakgrunn

I utviklinga av Gründerparken Vest (GPV) har Gode Sirkclar AS (GS) i dei to første åra av etableringa i 2017 hatt rolla som forvaltar av løyvingane som kommunane har bidratt med til oppstart og utvikling av GPV. Denne rolla vart ivareteken gjennom *Samarbeidsavtale for Gründerparken Vest* , avtalt mellom GS på vegne av kommunane Fjell, Sund og Øygarden og Vest Næringsråd.

Avtalen regulerte samarbeidet mellom partane der ansvar og fokusoppgåver ble fordelt. Vest Næringsråd ble tildelt prosjektansvar og ansvar for all drift i oppstarts- og utviklingsfasen av GPV de første 2 år (2017 Og 2018). Gode Sirkclar hadde ansvar for det økonomiske bidraget med inntil 1.5 mill NOK i 2017 og 2018 gjennom løyvingar frå kommunen, vart nytta etter intensjonane. I tillegg skulle selskapet bidra med forskningsbasert kunnskap og søkjarkompetanse i prosessen med å utvikla GPV mellom anna til ein inkubator i det nasjonale programmet til SIVA.

Det vart etablert ei styringsgruppe for GPV med ein representant frå Gode Sirklar AS sitt styre (Atle Dåvøy, Øygarden kommune) som leiar og representantar frå Vest Næringsråd, Sartor Storsenter (som stilte med lokale til leige i oppstarten) og 2 representantar frå gründerane.

10 september 2018 drøfta styret i Gode Sirklar AS, etter innlegg frå både leiar av Vest Næringsråd (som prosjektansvarleg for GPV) og styringsgruppeleiar for GPV (Atle Dåvøy frå styret i Gode Sirklar AS), om status og mogeleg utvikling av GPV. Styret konkluderte med at det finnest eit gründermiljø i vår region, at satsinga er på riktig veg, men at det ville ta tid før eit slikt nytt tilbod tar form. Målsetjinga om å sertifisera GPV til industriell inkubator med finansiering gjennom SIVA og private aktørar var lite realistisk. GPV må vidareutvikla det etablerte samarbeidet med Nyskapingsparken BTO. Styret i GS gjorde følgjande vedtak:

Styreleiar for Gründerparken Vest og Styret vil tilrå at Gründerparken Vest vert vidareført og vidareutvikla med støtte frå kommunane Sund, Fjell og Øygarden med kr 1.500.000.

Samarbeidsavtalen for Gründerparken Vest vert revidert, der Gode Sirklar AS ved styret og Vest Næringsråd sine oppgåver blir revidert i tråd med den nye driftsmodellen. Den langsiktige modellen for eit berekraftig gründerfelleskap vert innarbeidd som ein del av eventuell etableringa av Øygarden næring og utvikling AS. Gode Sirklar utarbeider eit saksframlegg som er felles for dei tre kommunane om denne saka og presenterer dette for Regionrådet Vest så snart som mogeleg.

Styringsgruppeleiar gjore grundig greie for dei to første driftsåra til kommunane i eit notat i oktober 2018, der det mellom anna går fram at

- Hordaland fylkeskommune har bidratt økonomisk (300.000 NOK) til oppstarten etter søknad frå GS.
- Hordaland fylkeskommune støttar eit prosjektinitiativ frå GS til utvikling av eit samarbeid mellom Nyskapingsparken BTO og GPV for m.a. tilførsel av kompetanse.
- GS har bidratt med eigenfinansiert kompetanse og ekstra økonomiske ressursar gjennom tilskot som GS søker Fylkeskommunen om i 2018 – 2020 (200.000 NOK)
- GPV flytta lokale til godt eigna lokale i Straume Teknologisenter, Straume Næringspark på svært gunstige økonomiske vilkår knytt til vedtak gjort i styret til Vest Næringsråd.
- GPV vart drive på budsjett der tilskot frå kommunane går direkte til drift av Gründerparken, med tilhøyrande kurstilbod, rådgjevingstenester av høg kvalitet, kunnskaps- og erfaringsbygging mot andre gründermiljø i vår region.

Men det vart óg dokumentert at målsetjinga om at GPV skulle bli økonomisk sjølvgåande ikkje var nådd, at det krev meir tid å utvikla og forankra eit tilbod til gründerane, skapa forståing i næringslivet betydinga av å ha eit slikt tilbod i vår region.

Det vart såleis søkt om tilsvarande (1.500.000 NOK) driftstilskot frå kommunane for 2019 for å finna ein driftsmodell for å gjera GPV meir økonomisk uavhengig fram til endeleg avklaring på korleis GPV skal organiserast og drivast i den nye kommunen. Tilskotet ein søkte om skulle gå til å drifta GPV i eit samarbeid mellom kommunane og Vest Næringsråd som driftsansvarleg.

Regionrådet Vest handsama i møte 17 september 2017 på grunnlag av utkast til saksframlegg utarbeidd av Gode Sirklar AS, mogeleg vidareføring av Gründerparken Vest (GPV) basert på ein gjennomgang av status og planar for tiltaket ved styringsgruppeleiar for GPV og styremedlem i GS, Atle Dåvøy. Regionrådet Vest gjorde vedtak som stadfester positivt syn på etablering av eit lokalt gründermiljø, men ba om at det vert gjort eit arbeid som peikar fram mot ein permanent modell for ein lokal gründerpark. Dette arbeidet måtte innan 1 oktober gjera greie for eit detaljert budsjettframlegg for 2019 og eit underlag som viser grunnlaget for budsjettet. Det skal og

utarbeidast ein modell for framtidig finansiering innan 1 halvår i 2019. Med dette utgangspunktet ba Regionrådet Vest om at det vart søkt om kommunal stønad til vidare drift av gründerparken, slik at dette kan koma til vurdering i budsjettprosessane i dei tre kommunane.

I oktober 2018 vart det gjort likelydande vedtak om å løyva økonomisk stønad til GPV på same nivå som dei to første åra (1.500.000 NOK). I vedtaket vart det tilrådd at det innan første halvår i 2019 skulle leggjast fram ein modell for framtidig finansiering til Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune, og korleis fylkeskommunen kunne bidra til eit regionalt gründerfellesskap, som og inkluderer korleis ein kan stimulera til samarbeid mellom Nyskapingsparken VIS (tidlegare BTO) sitt nettverk. GPV måtte vidare følgjast opp av ei styringsgruppe med ein representant frå Vest Næringsråd (leiar), 2 representantar frå gründerane, og ein representant frå kvar av dei tre kommunane.

Status for GPV etter 1 halvår 2019.

Status med omsyn til vedtak i kommunane.

Flytting til og lokalisering av GPV i Straume Teknologisenter i Straume Næringspark har lagt grunnlaget for at gründerane har leigeavtale direkte med huseigar på rimelege vilkår medan GPV står for kostnader til fellesareal, møterom og ein open kontorløyising. Kontorløyisinga skal dekkja behov for m.a. at kompetente og relevante personar frå næringslivet kan vera til stades og jobbe i interaksjon med dei ulike gründerverksemdene. Denne løyisinga gjer at dei offentlege tilskota til GPV går direkte til drift av GPV, inkludert rådgjevingstenester til gründerane. Budsjettet for 2019, som leiar av Vest Næringsråd har gjort greie for i notat (27 mai 2019) til Fellesnemnda, er og ei skisse til ein framtidig finansieringsmodell for GPV. Modellen inneheld framtidig tilskot frå Nye Øygarden kommune og Fylkeskommunen (knytt til at GPV får status som Næringspark i SIVA-programmet), eit bidrag knytt til marknadsutjamning av husleige og rådgjeving og konsulentbistand frå næringslivet.

Styringsgruppa, som har vore tverrpolitisk samansett med politiske leiarar frå dei tre kommunane, representantar frå gründerane og dagleg leiar av Vest Næringsråd, har vore sentral i å tilpassa drifta til ein framtidig finansieringsmodell og fått på plass retningslinjer for å vera etablert som gründer i GPV som set søkelys på felles bidrag til å skapa eit utviklande gründermiljø. Dette inkluderer og engasjement av kompetent og relevant person i deltid.

GPV har utvikla eit samarbeid med Nyskapingsparken VIS som både er innanfor det som er mogeleg med omsyn til finansieringsmodellen, og som bidreg til nettverk og tilbod gjennom Nyskapingsparken VIS etter deira behov.

Status per august 2019.

Det har vore ei svært positiv utvikling av GPV etter lokalisering i Straume Teknologisenter med 16 selskap og 25 årsverk samanlikna med 7 selskap og 11 årsverk i lokaliseringa ein hadde ved oppstartsfasen. 2 selskap har planer om å flytta inn i haust. Det er klargjort eit kontorlandskap som har tilbod om korttidsopphald til 6-8 gründerar som ikkje kvalifiserer til å ha eige låsbart kontor.

Det er produsert ein video (produksjon av LK Production ein av gründerane i GPV) som dokumenterer verksemda i GPV som viser konkret utvikling av eit godt miljø for nyetablerte verksemder, som skal nyttast til å promotera gründerkap i vår region. Det er fleire døme på at GPV knyt til seg andre verksemder i etableringsfasen og kontaktar i relevante næringsmiljø i regionen som vil kunna bli til eit framtidig økosystem for entreprenørskap.

Relasjonar til andre relevante tiltak – etablerte og planlagde.

- Servicetorga i kommunane har utvikla ei kompetent førstelineteneste som er kopla til andre relevante tenester i Hordaland, der tilsette i Servicetorga har etterutdanning for slik teneste.

Ein reknar med at slik førstelineteneste vil bli kontinuert i Nye Øygarden kommune. GPV har utvikla relasjonar med denne tenesta. Det vil vera mange som planlegg eller er i ferd med å etablere eigen verksemd, som kjem til å venda seg til kommunen, og til Servicetorget i framtida. Det er svært viktig at dei får kompetente råd for å koma vidare. Såleis bør det vera tette relasjonar med GPV og Servicetorget på dette området.

- Nye Øygarden kommune etablerer ein ny modell for næring og utvikling i løpet av 2019 som skal erstatte Gode Sirklar AS. Uavhengig av korleis denne modellen blir som organisasjon, er det svært naturleg å etablere ein tett relasjon til denne nye verksemda, gjerne fysisk.
- Nye Sotra Vidaregåande skule og Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune har ambisjonar om å samlokalisere både private og offentlege institusjonar knytt opp til den nye Vidaregåande skulen som til saman vil kunna utgjera ei kunnskapsklynge for både utdanning, forskning, næringsutvikling og gründerskap. GPV må utvikla tette relasjonar til denne utviklinga og bli ein del av denne klynga.
- Hordaland Fylkeskommune eller Vestlandet Fylkeskommune har gjennom Etablerarsenteret tilbod om ulike kurs for etablerarar til svært rimeleg kostnad. Dette er tilbod som GPV må sikra gründerane tilgang til etter behov, gjerne koordinert med Servicetorget eller kommunen sin nye modell for næring og utvikling, om kommunen skulle ha den første kontakten.
- Vestlandet Fylkeskommune vil ha ei forsterka rolle regionalt for å samordne og støtte nasjonale tiltak som SIVA eller Innovasjon Norge har for etablering og utvikling av industrielle Inkubatorar og Næringshagar. GPV har hatt som langsiktig mål å utvikla ein industriell inkubator med eigarar og samarbeidspartar frå større verksemdar, offentlege institusjonar og forskingsmiljø. Dette kan realiserast gjennom samarbeid med etablerte inkubatorar. Vidare utvikling av samarbeidet med Nyskapingsparken VIS lokalisert i Vitensenteret på Marineholmen bør kunna bidra til GPV oppnår slik status. Eit første steg på å koma inn i nasjonale program som gjev økonomisk stønad og deltaking i relevante nettverk, er å søkja om å oppnå status som Næringshage i SIVA sitt program. Dette vil bidra til ein på førehand venta og varig støtte frå Vestlandet Fylkeskommune og.

Tilrådingar for vidare drift.

- Nyskaping og gründerskap er dokumentert å ha stadig meir å sei for ei berekraftig utvikling i næringslivet. Kommunen bør såleis vera med og ta grep for tilrettelegging og bidrag for næringsutvikling på dette området med høg prioritet. Dette betyr og at det blir viktig at Nye Øygarden kommune bidrar til ein berekraftig økonomi for GPV
- GPV må utviklast til å vera ein aktør i å byggja eit regionalt økosystem for entreprenørskap som eit sentralt element i framtidas regionale innovasjonssystem. Dette inkludere både kunnskap, kompetanse og kapital og at GPV blir kople på regionale og nasjonale verkemidlar, og ikkje minst byggja nettverk med gründerar i regionen som ikkje er fysisk i gründerparken. Dette betyr at GPV må utvikla og søkja status som inkubator og næringshage slik programma er for tida. Dette kan oppnåast ved å samarbeid med andre inkubatorar og næringshagar gjennom bidrag frå Vestlandet fylkeskommune.
- VNR har, med den nåverande leiinga, bidratt til utvikling og drift på ein svært tilfredsstillande måte, og har nytta den økonomiske støtta frå kommune og fylkeskommune, slik at ein mogeleg berekraftig driftsmodell er vorten demonstrert. Ein vil rå til at VNR held fram som driftsansvarleg for GPV dersom dei økonomiske vilkåra er slik som en rår til her. Ei slik løysing vil og gjera at GPV kan koplast til etablert næringsliv.

- Det har vist seg å vera veldig viktig at politiske leiarar er tverrpolitisk representert i ein framtidig styringsmodell. Det er såleis all grunn til å sikra slik representasjon på lengre sikt.
- Ny modell for næring og utvikling som vil verta avklart i løpet av 2019, bør utvikla tette relasjonar til GPV, både fordi denne vil utgjera ein vesentleg del av det lokale innovasjonssystemet som GPV vil vera eit element i, men og fordi både VNR og GPV vil vera sentrale aktørar ei framtidig klynge for innovasjon og næringsutvikling. Utviklinga av nye Sotra vidaregåande skule, som det er intensjon om skal vera eit nav i ei *framtidig kunnskapsklynge* i den nye kommunen, bør koplast på utviklings av GPV i framtida.



Sigmund Kvernes

Dagleg leiar

Gode Sirklar AS



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Krav frå Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) om innsyn i fellesnemnda si leiargruppe

Samandrag av saka:

Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) har kravd innsyn i dokument tilhøyrande gruppa Ordførernes Arbeidsutvalg. Kravet er i hovudsak grunngjeve med at ROS meiner at gruppa er eit offentleg folkevald organ.

Kommuneadvokaten i Fjell kommune har etter fullmakt frå leiar av fellesnemnda handsama kravet. Konklusjonen vart at Ordførernes Arbeidsutval ikkje er å rekne for eit offentleg folkevald organ, men at innsyn i eventuelle dokument kan gjevast innafor ramma av offentleglova. Sidan gruppa ikkje har utarbeidde dokument eller anna skriftleg materiale som ROS kan få innsyn i, så er innsynskravet formelt gitt medhald utan at dokument er sendt ut.

ROS aksepterte ikkje dette vedtaket, og fellesnemnda må difor ta stilling til innsynskravet. Dersom kommuneadvokaten sitt vedtak vert oppretthalde skal saka sendast til fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Innstilling:

Fellesnemnda opprettheldt vedtak treft av kommuneadvokaten i Fjell kommune dagsett 17.07.19.

Straume, den 09.09.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dag-Heine Bjørndal
Kommuneadvokat

Dokument vedlagt saka:

1. Brev frå ROS 030119
2. Brev frå ROS til fylkesmannen dagsett 050619
3. Brev frå kommuneadvokaten i Fjell til fylkesmannen dagsett 210619
4. Brev frå ROS til fylkesmannen dagsett 080719
5. Vedtak (førebels) av kommuneadvokaten i Fjell dagsett 170719
6. Klage dagsett 010819 på vedtak dagsett 170719
7. Fylkesmannen sitt brev til ROS dagsett 08019

Saksopplysningar:

Den 22.11.18 sende organisasjonen Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) krav om innsyn i sakshandsaminga til gruppa Ordførernes arbeidsutval. I brevet på side 3 går følgjande fram:

«Med bakgrunn av at «ordførernes arbeidsutvalg» er definert etter kommuneloven som et folkevalgt organ, krever ROS innsyn i saksbehandlingen til organet. Dette er forhold som ROS vil komme tilbake til.»

Iht uttale frå ROS vart ikkje kravet svara på, og den 19.12.18 vart det på nytt sendt krav om innsyn.

I brev dagsett 19.12.18 har ROS fornya sitt krav om innsyn, med henvising til tidlegare korrespondanse (saksref. 17/4797). I brevet er innsynskravet formulert slik:

«I medhold av Offentlighetsloven Kap. 2 vil ROS i første omgang kreve innsyn i organet «Ordførernes arbeidsutvalg» som er underlagt Fellesnemda, med en oversikt over:

A. Møter/samlinger med innkallinger, saksliste – tidspunkt – møteprotokoll som er gjennomført i

tidsrommet 1.11.2017 og ut året 2018.

B. Elektronisk møtekalender på mobiltelefon og PC for samme tidsrom jfr. A.(elektronisk dokument).

C. ROS krever innsyn i de fullmakter og ev. arbeidsoppgaver gitt fra Fellesnemda til «ordførernes arbeidsutvalg».

Fellesnemda v/leiar Børge Haugetun svara på kravet i epost dagsett 21.12.18. Svaret tek ikkje stilling til innsynskravet direkte, men tek opp spørsmål om gruppa «ordførernes arbeidsutvalg» er å rekne for eit offentleg organ eller ikkje.

Dersom eit krav om innsyn i offentlege dokument ikkje vert svara på innan fem dagar, så skal manglande svar reknast for å vere eit avslag, jfr. offl. §32, 2. ledd. Dette betyr at purrebrev frå ROS dagsett 19.12.18 er å rekne for ein klage på avslag på krav om innsyn. Ein klage skal fyrst handsamast av underinstansen (fellesnemda) før saka evt vert send til klageinstansen (fylkesmannen).

Dermed stod klagen på avslag på innsyn ubehandla pr 21.12.18.

Kommuneadvokaten i Fjell kommune tok klagen til handsaming etter fullmakt frå leiar av fellesnemda, Marianne Sandahl Bjørøy. Kommuneadvokaten traff vedtak 17.07.19, i hovudsak med dette innhaldet: Ordførernes Arbeidsutvalg vert ikkje rekna for å vere eit folkevald organ, men det vart gitt innsyn i eventuelle dokument etter reglane i offentleglova.

Ut frå opplysningar i saka konkluderte kommuneadvokaten med at det ikkje låg føre dokument som tilhøyrrer Ordførernes Arbeidsutvalg, og innsynskravet er difor formelt innvilga men utan at noko dokument vart send til ROS.

ROS var ikkje nøgd med denne konklusjonen og opprettheldt klagen i saka, sjå brev frå ROS 01.08.19. Saka må difor handsamast av fellesnemnda som underinstans. Dersom vedtaket vert oppretthalde, så skal saka vidare til fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Vurdering:

Vurdering av om utvalet Ordførernes Arbeidsutvalg er eit folkevald organ

Dersom utvalet Ordførernes Arbeidsutvalg er et folkevald organ, så vil alle møte, innkallingar til møte o.a. vere offentlege.

I sak 29/18 i fellesnemnda er det teke opp noko som vert kalla leiargruppa i fellesnemnda. Leiar av fellesnemnda har opplyst den 16.07.19 at dette er det same som «ordførernes arbeidsutvalg», altså utvalet.

Utvalet Ordførernes Arbeidsgruppe består av dei tre ordførarane. I fellesnemnda si sak nr 69/18 vart det reist spørsmål om kva status denne gruppa har. I protokollen går dette fram:

«Leiargruppa, som består av dei tre ordførarane i Fjell, Sund og Øygarden kommunar, har faste møter for å førebu saker til møta i fellesnemnda og partssamansett utval. . Leiargruppa sine møter er utvida med dei tre rådmennene, inkludert prosjektrådmannen for Nye Øygarden kommune, og ei slik samhandling mellom administrativ og politisk leiing er naudsynt for å følgje opp vedtak og førebu saker til dei politisk oppnemnte utvala der vedtak vert fatta. Det vart opna for diskusjon for å avklare formaliteten til leiargruppa. Fellesnemnda var samde om at leiargruppa ikkje er oppretta som eit politisk arbeidsutval, og at det såleis ikkje er naudsynt med innkallingar og referat frå desse samhandlingsmøta.»

Fellesnemnda er altså klår på at utvalet ikkje er eit politisk arbeidsutval, og altså ikkje eit folkevald organ i kommunelova si forstand.

Konsekvensen av fellesnemnda sitt syn er at utvalet vert vurdert å falle utanfor kommunelova §10. Dette betyr at møta i utvalet ikkje er offentlege, og at reglane for kunngjering av møtetidspunkt, sakliste, mm ikkje kjem til anvending, samt at det ikkje er naudsynt å skriftleggjere innkallingar, referat og anna frå desse møta.

Vurdering av innsynskravet etter offentleglova

Spørsmålet er likevel om saksdokument og anna er offentleg etter offentleglova. Jamvel om utvalet ikkje er rekna for eit folkevald organ, så er det likevel ein del av den kommunale forvaltninga. Dermed fell eventuelle saksdokument innafor virkeområdet til offentleglova.

Offentleglova gjeld for kommunane, jfr. offl. §2, 1. ledd, bokstav a). Offentleglova gjeld difor også for utvalet, uavhengig av kva status utvalet har etter kommunelova §10.

Etter offl. §3 er saksdokument, journalar og liknande opne for innsyn, dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift. Dette betyr at saksdokument som er utarbeidd av utvalet, send til utvalet eller på anna måte har vore handsama av utvalet, er offentlege.

ROS kan altså krevje innsyn i desse dokumenta med heimel i offl. §3, jamvel om utvalet ikkje er å rekne for eit folkevald organ etter koml. §10.

Dokument

Kommuneadvokaten har undersøkt om det finst tilgjengelege saksdokument, og har drøfta saka med leiar av fellesnemnda, Marianne Sandahl Bjørøy.

Etter det kommuneadvokaten har fått opplyst frå leiaren av fellesnemnda, så finst det ikkje dokument som er handsama av utvalet. Det finst heller ikkje skriftlege innkallingar, journalar eller referat. Utvalet har altså ikkje skriftleg dokumentasjon.

ROS har i vedtak 17.07.19 fått medhald i at dei kan krevje innsyn i dokument, men at det ikkje finst dokumentasjon å gje innsyn i. ROS har sett fram tre konkrete krav på kva dei ønskjer innsyn i:

- A «Møter/samlinger med innkallinger, saksliste – tidspunkt – møteprotokoll som er gjennomført i tidsrommet 1.11.2017 og ut året 2018.»
- B «Elektronisk møtekalender på mobiltelefon og PC for samme tidsrom jfr. A. (elektronisk dokument).»
- C «de fullmakter og ev. arbeidsoppgaver gitt fra Fellesnemnda til «ordførernes arbeidsutvalg»»

Innsynskravet frå ROS vart i vedtak 17.07.19 handsama slik:

«ROS får meihald i sin klage dagsett 19.12.18; Innsyn i dokument tilhøyrande ordføraranes arbeidsutval vert formelt gitt med heimel i offl. §3. Sidan det ikkje er noko dokument å gje innsyn i, så vert innsynskravet formelt gitt medhald, men ingen dokument finst som kan sendast ut.»

ROS har i brev dagsett 01.08.19 oppretthalde sin klage i saka, og slår seg ikkje til ro med vedtaket dagsett 17.07.19. Den endelege handsaminga av denne saka må gjerast i fellesnemnda, og saka vert difor send til fellesnemnda for handsaming.

Brev frå ROS 01.08.19

Det er nokre tilhøve i brev frå ROS dagsett 01.08.19 som må nemnast særskilt. Det skal knyttast nokre korte kommentarer til nokre av momenta.

ROS hevdar at sakshandsaminga av innsynskravet ikkje har vore forsvarleg.

Kommuneadvokaten er einig i at sakshandsaminga av innsynskravet har teke lang tid. Men på den annen side er kravet handsama i fleire omganger, og når fellesnemnda no får det til handsaming så er saka grundig førebudd.

ROS meiner framleis at utvalet Ordførernes Arbeidsutvalg er eit offentleg folkevald organ.

Fellesnemnda har uttalt at dei ikkje ser på utvalet på denne måten, og dette må etter kommuneadvokaten si meinig respekterast: Utvalet er ikkje eit eige organ med eige mynde.

ROS antyder at det finst dokument som ikkje vert gitt innsyn i, ved å henvise til at kommuneadvokaten har formulert seg slik: «Underteikna har undersøkt tilgjengelege saksdokument, og har drøfta saka med leiar av fellesnemnda. Etter det underteikna har fått opplyst, så finst det ikkje dokument som er handsama av utvalet. Det finst heller ikkje skriftlege innkallingar, journalar eller referat. Utvalet har ikkje skriftleg dokumentasjon»

Kommuneadvokaten vil understreke at det er gjort søk i Ephorte og at leiar av fellesnemnda er førespurt. Resultatet var at det ikkje fanst noko dokument i saka. At kommuneadvokaten har nytta formuleringa «undersøkt tilgjengelege dokument» betyr ikkje anna enn at det er undersøkt om det i det heile finst dokument – ingen dokument vart funne, og dermed er ikkje noko dokument tilgjengeleg.

ROS syner til at kommuneadvokaten ikkje har lagt fram skriftleg fullmakt, og at dette difor gjer at vedtak 17.07.19 ikkje er gyldig treft.

Ein advokat treng ikkje legge fram skriftleg fullmakt for oppdrag som vert utført, jfr. mellom anna prinsippet i fvl. §12 og i tvl. §3-4. Kommuneadvokaten innestår for at mynde vart gitt frå leiar av fellesnemnda, Marianne Sandahl Bjørøy. I alle høve: Når vedtak dagsett 17.07.19 ikkje vart godteke av ROS, så skal saka handsamast av fellesnemnd i plenum. Slik sett er vedtak dagsett 17.07.19 å rekne for eit førebels vedtak som skal til fellesnemnda til endeleg handsaming i fyrste instans.

Øvrige punkt: Øvrige punkt i brevet vert ikkje kommentert ytterlegare.

Tilråding

Kommuneadvokaten tilrår at førebeles vedtak frå kommuneadvokaten på vegne av leiar Marianne Sandahl Bjørøy, dagsett 17.07.19 vert oppretthalde og at saka vert vidare-send til fylkesmannen for endeleg avgjerd.



Fylkesmannen i Hordaland

(fmhopostmottak@fylkesmannen.no) Kolltveit, 3.1.2019.

Statens Hus, Pb. 7310,

5020 BERGEN.

KLAGE – MANGLENDE INNSYN I FOLKEVALGT ORGAN/MANGEL PÅ VEDTAK OM INNSYN/MANGLENDE NOTARITET.

Fellesnemda for Fjell, Sund og Øygarden har både politisk og organisatorisk valgt å opprette «Ordførernes arbeidsgruppe». I skriv av 8.8.2018 pkt. 4 har ROS konstatert manglende system for postlisteføring i Fellesnemda, manglende innkalling, sakliste og protokoll m.v. Purring på svar til Fellesnemda er sendt fra ROS den 26.9.2018. Dette punkt i skrevet ble fulgt opp med purring på svar til Fellesnemda utformet som en **klage** av 22.11.2018.

På objektivt og juridisk grunnlag ble saksinnholdet forelagt både kommunaldepartementet og juridisk fakultet UiB v/prof. Jan Fritjof Bernt. Begge fastslår at «ordførernes arbeidsutvalg» (med ulike benevelser i Fellesnemda) er å definere som et **folkevalgt organ**.

Den 21.12.2018 kl. 2117 svarer leder av Fellesnemda i epost at «ordførernes arbeidsutvalg» **ikke** er et folkevalgt organ. Lederen hevder således det ikke er grunnlag for, eller noe å gi innsynsrett i, etter Offentlighetsloven .

Dette står i sterkt kontrast til at Fellesnemda har innfelt dette både i vedtak og i organisasjonskartet i to ulike faser. Fellesnemda har gitt ulike undefinerte fullmakter til dette organet «ordførernes arbeidsutvalg», beskrevet i ulike saksdokument uten at fullmaktene er offentlige. Det er av ukjente årsaker heller ikke kjent i saksinnholdet til organet, og om dette ev. **unntatt** offentlighet.

Dette dokumenterer at «ordførernes arbeidsutvalg» har forlatt legalitetsprinsippet og møteprinsippet. Slik ROS forstår det eksisterer det **ingen** dokument eller notariat i dette organet.

ROS viser ellers til rundskriv H-30/94 fra kommunaldepartementet om definisjonen av folkevalgt organ. Og i rundskriv H- 9/17 blir det, sitat:

«Når det til dømes gjeld saker om dokumentinnsyn etter offentleglova og forvaltningslova, går det fram av førearbeida til gjeldande føresegn i fvl. § 34 andre ledd første punktum at dette er eit område der omsynet til det kommunale sjølvstyret vil ha **mindre** vekt enn elles.» Problemstillingen er i dette tilfelle er at Fellesnemda har **nektet** å ta klagen til behandling i utgangspunktet, ved at organet ikke eksisterer.

Det hersker neppe tvil om at de tre ordførerne hver for seg er lovlig valgte folkevalgte personer/tillitsvalgte. Når de tre ordførerne fungerer i en **kollektiv sammenheng**, opprettet av Fellesnemda, argumenterer leder av Fellesnemda at dette **ikke** er et folkevalgt organ.



Organisasjonsnummer 911820684

ROS vurderer handlemåten til nevnte ordførere som kan være ulovlig. Dersom lokaldemokratiet skal ha mulighet til levedyktige vilkår, må fylkesmannen som overordnet myndighet sørge for å avklare følgende:

1. Om **organet** «ordførernes arbeidsutvalg» (benevnt på ulike måter) er et folkevalgt organ etter Inndelingsloven/Kommunelovens/Offentlighetsloven, eller ikke.
2. Dersom «ordførernes arbeidsutvalg» **ikke** er et folkevalgt organ,
 - a. Hvordan skal lokaldemokratiet da ha mulighet til å skape gode åpne prosesser ?
 - b. Kan ordførerne disponere og forvalte et demokrati sidestilt og distansert **utenfor** lovverket, og **uten** noen form for notariatet ?
3. Dersom organet Fellesnemda har opprettet som «ordførernes arbeidsutvalg» **er** et folkevalgt organ, hvordan vil Fylkesmannen sørge for et fremtidig levedyktig demokrati gjennom tilsyn og ev. pålegg etter loven ?

Med vennlig hilsen

Øyvind Herland (leder)

Bjarte Sangolt (saksbehandler)

Vedlegg: Skriv av 8.8.2018, 22.11.2018 og 19.12.18. Organisasjonskart. Ellers vises det til tidligere kopier sendt til Fylkesmannen i Hordaland.

(Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.)



Adresse: E-post: roshjelp1@hotmail.com
E-post: oehelan@online.no
E-post: georg.indrevik@hotmail.no
DNB konto: 1503.38.04102

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger
fmvlpost@fylkesmannen.no

Kolltveit, den 05.06.2019

Purring - Klage - innsyn - Fellesnemda - ref. sak 2018/1627 og 18/14967 FMHO.

Med bakgrunn av pågående og uavklart krav om innsyn i det folkevalgte organet **Ordførernes arbeidsutvalg** i nevnte sak, er det påtrengende grunn til å minne Fylkesmannen i Vestland om at tidsbruken er uforsvarlig. ROS viser forøvrig til tidligere e-poster som omhandler det samme tema, purringer m.v. **Ordførerens arbeidsutvalg** er organisert av Fellesnemda som et folkevalgt organ, bekreftet av kommunaldepartementet og uavhengig juridisk kompetanse ved UiB.

Proessen rundt Fellesnemdas virke og forvaltning er omfattet av de samme regler som for annen kommunal virksomhet. ROS legger til grunn at Fellesnemda har en tidsbegrenset virketid jfr. Inndelingslova. Det er derfor av vesentlig betydning å få svar på innsynskravet. Både Fylkesmannen og Fellesnemda har hver for seg en selvstendig plikt til å følge de rettsregler som gjelder, og i tillegg legge til rette for å praktisere grunnleggende demokratiske prosesser og tradisjon.

Ved at det har medgått uforsvarlig lang saksbehandlingstid, i strid med de frister som gjelder i Offentlighetsloven, ber ROS Fylkesmannen frembringe et svar fra Fellesnemda på de forhold innsynskravet omhandler. Innsynskravet er fremmet i skriv av 19.12.18 OG 3.1.19. Hvis ikke Fellesnemda har evne eller vilje til å svare, er det reell fare for at svar ikke blir gitt før etter at Fellesnemda er avviklet. Dette er i så fall være en ren **sabotering** av demokratiske prosesser.

Noe som kan indikere nettopp dette, er at pureskriv av 5.4.2019 fra Fylkesmannen først er journalført i Fellesnemda (journalført i systemet til/av Fjellkommune) den 21.5.2019. Dette pureskrivet var trolig et elektronisk skriv, og selv med normal ekstern og intern postgang, er dette kvalifisert klanderverdig tidsbruk. Det er åpenbart at tidsbruken og journalføring i Fellesnemda er kvalifisert rettsstrid, noe som heller ikke samsvarer med det Sivilombudsmannen har påpekt på generelt grunnlag omkring når journalføring senest skal finne sted.

ROS vil vurdere, og ber om at Fylkesmannen vurderer om disse forholdene samlet sett objektivt rammes av grov uaktsom tjenestefeil basert på fravær av tilliten til offentlig myndighet etter straffelovens bestemmelser i Kap. 19 jfr.
<https://lovdata.no/lov/2005-05-20-28/%C2%A7172>;

Her det langt på vei et objektivt brudd på vern av tillit rettet mot Fellesnemda som offentlig myndighet. Det vises ellers til forarbeidene, lovtilllegg til straffeloven av 2008 og i tillegg til de forhold/frister som tidligere heller ikke er overholdt i Offentlighetsloven.



Samlet sett kan det være utvist kvalifisert skyldgrad av grov uaktsomhet fra Fellesnemda, hvor det folkevalgte organet Ordførernes arbeidsutvalg burde ha forstått rekkevidden til de objektive lovbruddene. Det er grunn til å fremheve at Fellesnemda har tilgang til juridisk kompetanse, men her ligger det muligens frafall av bruken av denne kompetansen.

Det foreligger så langt ingen forglemmelse eller andre kjente og relevante fritak for mulig straffeansvar, men derimot en utstrakt kvalifisert unnlattelse av å svare. Feil kan forekomme, men dette er i et mønster og et omfang som viser noe annet. ROS forutsetter at Fellesnemda har etablert et internkontrollsystem som forebygger og sikrer dokumentflyten.

ROS vil anmode, nok en gang, om at Fylkesmannen i Vestland, som overordnet myndighet kan frembringe en avklaring av innsynskravet av det folkevalgte organet Ordførernes arbeidsutvalg i medhold av Offentlighetsloven/Kommuneloven. ROS anmoder om tilbakemelding dersom det foreligger ytterligere dokument knyttet til innsynskravet. Vennligst bekreft at denne eposten er mottatt.

Med vennlig hilsen
Øyvind Herland
Leder Rettferdig Offentlig Saksbehandling ROS

Bjarte Sangolt
(saksbehandler)

Kopi: Medlemmene i Fellesnemda til Fjell, Sund og Øygarden

Vedlegg: Kopi av postjournal, Kopi av brevene 19.12.2018 og 03.01.2019

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



Fellesnemnda for Fjell, Sund og Øygarden
v/ordførar Marianne Sandahl Bjørøy
Skjenet 2
5354 STRAUME

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Sævik Bøe, 5557 2125

Purring- Klage - innsyn - Fellesnemnda for Fjell Sund og Øygarden - ref 18/14967 FMHO

Fylkesmannen viser til vedlagde førespurnad frå Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) v/ Øyvind Herland, mottatt her 29.04.2019.

Herland viser til at ROS ikkje har fått svar på si klage av 03.01.2019 over Fellesnemnda sitt avslag på krav om innsyn framsett i e-post av 19.12.2018. Etter offentleglova § 32, jf. forvaltningsloven (fvl.) § 32 første ledd, skal klaga settast fram for det organet som har tatt den avgjerda som klaga gjeld. Vidare følgjer det av fvl. § 33 at underinstansen skal førebu og ta stilling til klaga før den eventuelt blir sendt vidare til klageinstansen. Klaga blir derfor med dette sendt over til Fellesnemnda for Fjell, Sund og Øygarden som rette adressat.

Fylkesmannen viser til våre brev til Fellesnemnda av 05.04.2019 og 23.01.2019, der vi minna om at krav om innsyn og klage over avslag på innsyn skal takast stilling til «utan ugrunna opphald», jf. offentleglova §§ 29 første ledd og 32 tredje ledd. Vilåret i føresegnene inneber at innsynskrav skal avgjerast so snart som det er praktisk mogleg. Vanlege krav bør avgjerast same dag som dei er mottekne, eller i alle fall innan éin til tre verkedagar. Vi viser også til at Sivilombudsmannen i fleire saker har lagt til grunn at det må gjerast ei konkret vurdering om ei klagesak kan reknast å vere avgjort utan ugrunna opphald, men at det skal mykje til for å akseptere ei sakshandsamingstid i klagesaker på over to veker, sjå SOMB-2008-7 og SOM-2018/1323.

Vi legg etter dette til grunn at Fellesnemnda tek stilling til innsynskravet «utan ugrunna opphald.» Med mindre Fellesnemnda gir fullt innsyn, må saka bli sendt over til Fylkesmannen for klagehandsaming so snart vedtak er fatta, jf. fvl. § 33.

Med helsing

Silje Sævik Bøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

RETTFERDIG OFFENTLIG SAKSBEHANDLING ROS Bildøybakken 105 5360 KOLLTVEIT



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

05.04.2019

Vår ref:

2018/1627

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Fellesnemnda for Fjell, Sund og Øygarden
v/ordførar Marianne Sandahl Bjørøy
Skjenet 2
5354 STRAUME

Saksbehandlar, innvalstelefon

Silje Sævik Bøe, 5557 2125

FJELL KOMMUNE Sentralarkivet	
20 MAI 2019	
J.nr. 74/1797	L.nr.
Arkiv nr. 016	Saksh. 11NNR/61

Purring - Klage - innsyn - Fellesnemnda for Fjell Sund og Øygarden - ref 18/14967 FMHO

Fylkesmannen viser til vedlagde førespurnad frå Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) v/ Øyvind Herland, mottatt her 27.03.2019. Vi viser også til vårt brev til Fellesnemnda av 23.01.2019.

Herland viser til at ROS ikkje har fått svar på si klage over Fellesnemnda sitt avslag på innsynskrav i epost av 21.12.2018.

Etter offentleglova § 32, jf. forvaltningsloven (fvl.) § 32 første ledd, skal klaga settast fram for det organet som har tatt den avgjerda som klaga gjeld. Vidare følger det av fvl. § 33 at underinstansen skal førebu og ta stilling til klaga før den eventuelt blir sendt vidare til klageinstansen. Klaga blir derfor med dette sendt over til Fellesnemnda for Fjell, Sund og Øygarden som rette adressat.

Fylkesmannen minner om at krav om innsyn og klage på avslag på innsyn skal takast stilling til «utan ugrunna opphald», jf. offl. §§ 29 første ledd og 32 tredje ledd. Det går fram av Justisdepartementet si rettleiar til offentleglova pkt. 9.3 om handsaming av innsynskrav at kva som skal reknast som ugrunna opphald må vurderast konkret, og at vilkåret i føresegna inneber at innsynskravet skal avgjerast so snart som det er praktisk mogleg. Vanlege krav bør avgjerast same dag som dei er mottekne, eller i alle fall innan éin til tre verkedagar. Vi viser også til rettleiaren pkt. 10.3.

Det går fram av offl. § 31 første ledd følgjande:

«Avslag på innsynskrav skal vere skriftleg. Organet skal alltid vise til den føresegna som gir grunnlag for avslaget, og til kva ledd, bokstav eller nummer i føresegna som er brukt. Dersom § 13 er grunnlag for avslaget, skal organet også vise til føresegna som pålegg teleplikt. Byggjer avslaget på forskrift, må organet opplyse om dette, og kva punkt i forskrifta avslaget byggjer på. Avslaget skal også opplyse om høvet til å klage og om klagefristen.»

Vi legg etter dette til grunn at Fellesnemnda tek stilling til klaga so snart som det er praktisk mogleg. Med mindre Fellesnemnda gir fullt innsyn, må saka bli send over til Fylkesmannen for klagehandsaming så snart vedtak er fatta, jf. fvl. § 33.

Med helsing

E-postadresse:
fmvipost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Silje Sævik Bøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

RETTFERDIG OFFENTLIG SAKSBEHANDLING ROS Bildøybakken 105 5360 KOLLTVEIT



Fellesnemda for Fjell, Sund og Øygarden
v/leiar Børge Haugetun
Skjener 2,
5354 STRAUME

Kolltveit, 19.12.2018

KRAV OM INNSYN – FELLESNEMDA – Leiargruppa ordførarar/Ordførernes arbeidsutvalg.

Organisasjonen Rettferdig Offentlig Saksbehandling - ROS - viser til tidligere innsendte skriv, senest datert den 22.11.2018 - med tittelen KLAGE – MANGELNDE SVAR AV SKRIV AV 8.8.2018 og 4.7.2018 – PURRING PÅ SVAR PÅ INNSPILL TIL FELLESNEMDA M.V.

I skrivet av 22.11.2018 er det på side 3 vist til følgende:

*«Med bakgrunn av at «**ordførernes arbeidsutvalg**» er definert etter kommuneloven som et **folkevalgt organ**, krever ROS innsyn i saksbehandlingen til organet. Dette er forhold som ROS vil komme tilbake til.»*

Sistnevnte skriv, og som heller ikke er besvart av Fellesnemda, vil ROS fremsette krav om innsyn i medhold av Offentlighetsloven etter Kap.4 etter følgende punkter:

1. «Ordførernes arbeidsutvalg» som folkevalgt organ – grunnlag.

ROS vurderer det slik at det er ikke opp til «ordførerne arbeidsutvalg», de enkelte ordførerne, Fellesnemda som organ, eller administrativt personell til å frita seg selv for de rammer som er nedfelt i Kommuneloven. Det er i denne sammenheng grunn til å fremheve Kap.1 og 2 i Offentlighetsloven <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2006-05-19-16>. Det er i nevnte lov fremhevet i § 4, 3. ledd, **Definisjonar** «Omgrepet organ femner i lova her om alle verksemdar som lova gjeld for.»

ROS vil presisere at det er **Inndelingslova § 26, 1. ledd siste setning og Kommunelovens § 2 og Kap. 6**, som må legges til grunn for opphavet og standpunktet for forståelsen av hvordan knytningen til definisjonen av Fellesnemda som folkevalgt organ - opp mot saksbehandlingen i forvaltningsloven. Det er derfor uten betydning om organet Fellesnemda er en selvstendig juridisk enhet eller ikke.

Poenget i forståelsen, og tolkingen av dette, ligger i at organet «Ordførernes arbeidsutvalg» handler på vegne av det offentlige, og som helt eller delvis utøver myndighetsutøvelse og som er underlagt/sidestilt Fellesnemda.

Problemet i ulike sammenhenger er at organet blir benevnt på ulik måte, som «Leiargruppa ordførarar» «Dei tre ordførarane» «Ordførernes arbeidsutvalg» m.v. Fellesnemda er heller ikke nevnt som de «unntakstilfeller» beskrevet i Kap 3 eller § 2 i Offentlighetsloven. Både fra kommunaldepartementet og senere en uavhengig juridisk vurdering fra UiB ved Prof. Jan Fritjof Bernt, er det åpenbart at «Ordførernes arbeidsutvalg» er definert som et folkevalgt organ.



Det er derfor med undring at offentligheten kan lese i lokalavisen Vest Nytt at leder for Fellesnemda nekter innsyn i «Ordførernes arbeidsutvalg», allerede før kravet om innsyn er blitt fremmet. Se denne linken:

https://www.vestnytt.no/nyheter/i/5V70l6/Vil-trassa-departementet_-seier-nei-til-fullt-innsyn

Organet «ordførernes arbeidsutvalg» er opprettet ved en **prosjektorganisasjon** vedtatt av Fellesnemda, som senere er endret i to ulike faser. Som vedlegg har Fellesnemda også vedtatt et **prosjektorganisasjonskart**. I dette kartet – og ellers – foreligger et klart skille mellom folkevalgte organer og administrative oppgaver markert med de vedtak Fellesnemda har fattet. I tillegg er det gitt oppgaver og ufdefinerte fullmakter til «Ordførernes arbeidsutvalg». Innholdet i oppgavene og fullmaktene er ukjent for allmenheten. I denne sammenheng er det åpenbart at «ordførernes arbeidsutvalg» har krav til notoritet som folkevalgt organ.

Det er derfor grunnlag for å hevde at hovedregelen om åpenhet etter Offentlighetsloven Kap. 2 må legges til grunn.

2. «Ordførernes arbeidsutvalg» - praktisk gjennomføring av saksbehandlingen.

Uavhengig av hvilke arbeidsoppgaver, arbeidsform, udefinerte fullmakter, møtevirksomhet og prioriteringer «ordførernes arbeidsutvalg» har, i likhet med andre folkevalgte organer, er «Ordførernes arbeidsutvalg» underlagt kommunelovens bestemmelser om møteform og sammensetning (minst 3 representanter jfr. KommL § 10a nr. 1). På samme måte er organet underlagt forvaltningslovens arbeidsform, uavhengig om det fattes vedtak eller ikke.

I realiteten har «ordførernes arbeidsutvalg» fungert som et lukket folkevalgt organ. Fra tid til annen får ROS informasjon om at det i «Ordførernes arbeidsutvalg» blir utført ulike politiske vurderinger, sonderinger og prioriteringer, uten at dette nødvendigvis leder frem til at det fattes formelt vedtak. Det å fatte vedtak i seg selv er ikke nødvendigvis lovpålagt. I tillegg blir det jevnlig gjennomført møter med prosjektrådmannen. Informasjon kan tyde på at det er gjennomført møter med andre sentrale politikere som er medlemmer av Fellesnemda.

Det er med andre ord gjennomført møter/samlinger i organet «Ordførernes arbeidsutvalg» som har politisk innhold og dermed kan ha opplysninger av offentlig interesse og betydning for utforming av politisk art. «Ordførernes arbeidsutvalg» kan heller ikke dekke seg bak en eventuell begrunnelse av «interne administrative saksforberedelse» eller drøftelser som arbeidsformen som et påskudd til å unnta innsyn som folkevalgt organ. Dette er et begrep som tilligger interne administrative gjøremål i saksbehandlingen.

ROS vil, i likhet med tidligere, fremheve at Fellesnemda er avhengig av almen tillit. Tillit skapes gjennom åpen dialog og tilrettelegge for åpenhet til beste for lokaldemokratiet. Dette gjelder også for organet «Ordførernes arbeidsutvalg». Dette er i stor grad et spørsmål om holdninger til åpenhet.

I medhold av Offentlighetsloven Kap. 2 vil ROS i første omgang kreve innsyn i organet «Ordførernes arbeidsutvalg» som er underlagt Fellesnemda, med en oversikt over:



- A. Møter/samlinger med innkallinger, saksliste – tidspunkt – møteprotokoll som er gjennomført i tidsrommet 1.11.2017 og ut året 2018.
- B. Elektronisk møtekalender på mobiltelefon og PC for samme tidsrom jfr. A.(elektronisk dokument).
- C. ROS krever innsyn i de fullmakter og ev. arbeidsoppgaver gitt fra Fellesnemda til «ordførernes arbeidsutvalg».

ROS ser frem til at leiar av Fellesnemda snarlig gir tilbakemelding om standpunkt til kravet om innsyn.

Med vennlig hilsen
Øyvind Herland (leder)

Bjarte Sangolt(saksbehandler)

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland

(Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.)

PS 69/18 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:

Marianne Sandahl Bjorøy;

Bjorøy viste til oppslag i Vestnytt om «leiargruppa» i Nye Øygarden kommune sine møter. Leiargruppa, som består av dei tre ordførarane i Fjell, Sund og Øygarden kommunar, har faste møter for å førebu saker til møta i fellesnemnda og partssamansett utval. Leiargruppa sine møter er utvida med dei tre rådmennene, inkludert prosjektrådmannen for Nye Øygarden kommune, og ei slik samhandling mellom administrativ og politisk leiding er naudsynt for å følgje opp vedtak og førebu saker til dei politisk oppnemnte utvala der vedtak vert fatta. Det vart opna for diskusjon for å avklare formaliteten til leiargruppa. *Fellesnemnda var samde om at leiargruppa ikkje er oppretta som eit politisk arbeidsutval, og at det såleis ikkje er naudsynt med innkallingar og referat frå desse samhandlingsmøta.*

Tom Georg Indrevik;

1. Oppstart og tilknytning for nytilsette kommunalsjefar:

Jf. sak 76/18 der det kjem fram at ny tilsett rådmann i Nye Øygarden kommune skal ha delt stilling i 2019. Eg synest dette er uheldig då det kan gje uklare ansvars- og interessekonfliktforhold. For å sikre framdrifta i prosjektet og fokus på bygginga av Nye Øygarden kommune, og hindre at dei internt tilsette kommunalsjefane kjem i ein «skvis» mellom eksisterande organisasjon og bygginga av ny kommune, ber eg rådmannen om å avklare kva tankar han har kring oppstarten av dei nye kommunalsjefane sett i høve til framdrift og interessekonflikt.

Leiar for fellesnemnda, Borge Haugetun, viste til at delte toppleiarstillingar, mellom noverande og ny kommune, er vellykka praksis i fleire samanslåingskommunar. Prosjektrådmann Rune Lid supplerte med at økonomisk aspekt og effektivitet er viktige omsyn for å dele toppleiarstillingar mellom noverande og ny kommune og sikre framdrifta. Både Haugetun og Lid var tydelege på at dei har tillit til hovesvis prosjektrådmann og kommunalsjefar med fleire roller.

2. Sikre gode politiske diskusjonar i fellesnemnda:

Fellesnemnda har ei viktig rolle i å gje politiske signal til administrasjonen i Nye Øygarden kommune. Mykje av informasjonen om framdrifta i prosjektet har so langt vore basert på munnleg presentasjon frå prosjektrådmannen. For å kunne kome med innspel og engasjere organisasjonen utanfor fellesnemnda, håper eg at det frå neste møte vil vere mogleg å få presentasjonen frå rådmannen seinast fredag før møtet.

Prosjektrådmann Rune Lid viste til at orienteringar om framdrifta i prosjektet vert presentert i møtet, men at dei i etterkant vert lagt ut på nettsida til Nye Øygarden kommune saman protokollen.

Jogeir Sognnæs;

Sognnæs viste til intensjonsavtala punkt 10, om Eigedomsskatt: «I den nye kommunen skal det vera eigedomsskatt på verk, bruk og næring, ikkje på hus og hytter. Konsekvensar ved eigedomsskatt på næring må utgreiast». Når vil administrasjonen lage ei sak til fellesnemnda om utgreiing av eigedomsskatt på næring?

Prosjektrådmann Rune Lid viste til at han må kome tilbake til det ved eit seinare høve.

Egil Haaland;

Ordførar

Fra: Børge Haugetun <Borge.Haugetun@oygarden.kommune.no>
Sendt: 10. desember 2018 19:15
Til: Bjarte Sangolt
Kopi: Øyvind Herland; Postmottak; Lid, Rune (Sund); Ordførar; Landro, Kari-Anne (H)
Emne: Re: ROS klage FN 22.11.18. - Fellesnemnda.
Vedlegg: image001.png

Hei,
Det viser seg at eit par av dei spørsmåla som ROS har retta til fellesnemnda ved leiar ikkje er svara på. I samband med delegering av svar på fleire spørsmål reist i juli og august, kom dessverre ikkje alle spørsmåla med. Difor er det feilaktig lagt til grunn at svar var gitt administrativt og at vidare hendingar frå ROS kom av missnøye med administrative svar i plassen for politiske. Det siste har samband med at det i samband med dei administrative svara vart kommunisert attende frå ROS at ein berre ville halde seg til svar frå politikarar. Dette trass at tilsvaret var på oppdrag av fellesnemnda si leiargruppe. Det vil i mange tilfelle vere slik at det politisk vert innhenta administrativt kvalitetssikra svar eller til og med delegert administrasjonen å svare. Når det no viser seg at ROS ikkje har fått svar på fleire av dei spørsmål som er stilte, er dette noko eg som leiar av fellesnemnda berre lyt beklage. Ansvar for dette ligg fullt og heilt hjå meg, all den tid eg feilaktig har lagt til grunn at svar var gitt og med det ikkje har vidare sendt eller svara på påfølgjande korrespondanse.

Det dreiar seg om spørsmålet knytt til legitimiteten av leiargruppa og mangel på openheit rundt møta som leiargruppa har. Innkalling, dagsorden, referat og liknande. Det er ikkje delegert avgjerdsmynde eller fatta einskild vedtak i denne leiargruppa. Det har tidvis i pressa vore ei framstilling av at leiargruppa har hatt ei rolle i tilsetjingsprosessar m.m. Det har ikkje vore tilfelle, ettersom det formelt vart sett ned eigne tilsetjingsutval. Eit administrativt for kommunalsjefstillingane og eit tilsetjingsutval med fire politikarar, tre tillitsvalde og ein administrativ ressurs i samband med rådmannsstillinga. Desse misoppfatningane er også i ettertid presisert og avklart i pressa.

Den såkalla leiargruppa sine møter, kan samanliknast med dei møta ein ordførar og rådmann har i ein kommune, kombinert med møter mellom ordførarane i dagens tre kommunar. Ettersom prosessen med å skipe nye Øygarden kommune inneber samhandling mellom tre kommunar, fellesnemnda, prosjektleiar/rådmann m.fl., så er det naudsynt å koordinere mellom ordførarar, rådmenn og prosjektet i det daglege mellom dei formelle møta. Det let seg vanskeleg gjere å sette sakliste, følgje opp framdrift og handtere dei etter kvart mange prosessane i samanslåinga utan ei slik leiargruppe. I motsetnad til eit rådhus i ein kommune, der både ordførar, rådmann og administrasjon er samla i eit hus, med gode høve til samhandling i det daglege, så er aktørane i samanslåinga i liten grad samla i eit bygg. Trass veksande aktivitet på skjenet 2 frametter, er samanslåinga heilt avhengig av at me i leiargruppa samlast for å koordinere det heile. Det er fellesnemnda med nedsette utval, som fattar dei formelle avgjerdene, leiargruppa fattar ikkje vedtak. Det gjer heller ikkje ordførar og rådmann når dei i landets mange kommunar samtalar på kontora og i rådhusa. I samanslåinga må det nødvendigvis haldast regelmessige samtalar mellom toppleiarane både for å førebu møter og for å handtere formelle vedtak mellom møta. Dei innhenta svar de referer til, må vere svar på eit utval med anna mynde og verkeområde enn det leiargruppa har. Nye Øygarden kommune er framleis inga sjølvstendig juridisk eining, heile samanslåinga er organisert som eit prosjekt med oppgåva å etablere nye Øygarden kommune. Vedtaka i fellesnemnda er heimla både i inndelingslova, delegert avgjerdsmynde frå kommunestyra og følgjer opne og demokratiske prosessar. Alle prosessar føl vedtak i formelle organ, inga slike vedtak vert eller har vore fatta i leiargruppa.

Med venleg helsing

Børge Haugetun
Ordførar
Øygarden Kommune

Telefon +47 56385405<tel:+47%2056385405>, mobil 950 73753<tel:950%2073753> Politisk sekretær Beate Hetlevik
, Telefon 56385403<tel:56385403>
E-post: postmottak@oygarden.kommune.no<mailto:postmottak@oygarden.kommune.no> Heimeside:
www.oygarden.no<http://www.oygarden.no/>

[cid:image001.png@01D0F61A.4D6435E0]

23. nov. 2018 kl. 19:32 skrev Bjarte Sangolt <bsa004@online.no<mailto:bsa004@online.no>>:

På vegne av ROS - Rettferdig Offentlig Saksbehandling - oversendes med vedlegg klage på manglende svar på skriv av 8.8.2018, samt skriv av 4.7.2018. Det sistnevnte skriv er heller ikke dette besvart, og viser til purring på svar av 26.9.2018.

ROS ser fram til at leiar av Fellesnemda, og som folkevalgt, kan besvare de aktuelle skriv og innspill det vises til.

Mvh Bjarte Sangolt.

Sendt fra Galaxy Tab.

<ROS klage FN 22.11.18.pdf>

<Purring sep18264.pdf>

<Prosjektorganisering 150818.pdf>

<Prosjektorganisering 150818(1).pdf>

<Leiargruppen.mp3>

Ordførar

Fra: Børge Haugetun <Borge.Haugetun@oygarden.kommune.no>
Sendt: 10. desember 2018 19:06
Til: 'Øyvind Herland'; Postmottak
Kopi: Lid, Rune (Sund); Ordførar; Landro, Kari-Anne (H); Siri Fahlvik Pettersen; Torsvik, Lillian
Emne: SV: Purring

Hei,

Det viser seg at eit par av dei spørsmåla som ROS har retta til fellesnemnda ved leiar ikkje er svara på. I samband med delegering av svar på fleire spørsmål reist i juli og august, kom dessverre ikkje alle spørsmåla med. Difor er det feilaktig lagt til grunn at svar var gitt administrativt og at vidare hendvingingar frå ROS kom av missnøye med administrative svar i plassen for politiske. Det siste har samband med at det i samband med dei administrative svara vart kommunisert attende frå ROS at ein berre ville halde seg til svar frå politikarar. Dette trass at tilsvaret var på oppdrag av fellesnemnda si leiargruppe. Det vil i mange tilfelle vere slik at det politisk vert innhenta administrativt kvalitetssikra svar eller til og med delegert administrasjonen å svare. Når det no viser seg at ROS ikkje har fått svar på fleire av dei spørsmål som er stilte, er dette noko eg som leiar av fellesnemnda berre lyt beklage. Ansvar for dette ligg fullt og heilt hjå meg, all den tid eg feilaktig har lagt til grunn at svar var gitt og med det ikkje har vidare sendt eller svara på påfølgjande korrespondanse.

Det dreiar seg om spørsmålet knytt til legitimiteten av leiargruppa og mangel på openheit rundt møta som leiargruppa har. Innkalling, dagsorden, referat og liknande. Det er ikkje delegert avgjerdsmynde eller fatta einskild vedtak i denne leiargruppa. Det har tidvis i pressa vore ei framstilling av at leiargruppa har hatt ei rolle i tilsetjingsprosessar m.m. Det har ikkje vore tilfelle, ettersom det formelt vart sett ned eigne tilsetjingsutval. Eit administrativt for kommunalsjefstillingane og eit tilsetjingsutval med fire politikarar, tre tillitsvalde og ein administrativ ressurs i samband med rådmannsstillinga. Desse misoppfatningane er også i ettertid presisert og avklart i pressa.

Den såkalla leiargruppa sine møter, kan samanliknast med dei møta ein ordførar og rådmann har i ein kommune, kombinert med møter mellom ordførarane i dagens tre kommunar. Ettersom prosessen med å skipe nye Øygarden kommune inneber samhandling mellom tre kommunar, fellesnemnda, prosjektleiar/rådmann m.fl., så er det naudsynt å koordinere mellom ordførarar, rådmenn og prosjektet i det daglege mellom dei formelle møta. Det let seg vanskeleg gjere å sette sakliste, følge opp framdrift og handtere dei etter kvart mange prosessane i samanslåinga utan ei slik leiargruppe. I motsetnad til eit rådhus i ein kommune, der både ordførar, rådmann og administrasjon er samla i eit hus, med gode høve til samhandling i det daglege, så er aktørane i samanslåinga i liten grad samla i eit bygg. Trass veksande aktivitet på skjenet 2 frametter, er samanslåinga heilt avhengig av at me i leiargruppa samlast for å koordinere det heile. Det er fellesnemnda med nedsette utval, som fattar dei formelle avgjerdene, leiargruppa fattar ikkje vedtak. Det gjer heller ikkje ordførar og rådmann når dei i landets mange kommunar samtalar på kontora og i rådhusa. I samanslåinga må det nødvendigvis haldast regelmessige samtalar mellom toppleiarane både for å førebu møter og for å handtere formelle vedtak mellom møta. Dei innhenta svar de referer til, må vere svar på eit utval med anna mynde og verkeområde enn det leiargruppa har. Nye Øygarden kommune er framleis inga sjølvstendig juridisk eining, heile samanslåinga er organisert som eit prosjekt med oppgåva å etablere nye Øygarden kommune. Vedtaka i fellesnemnda er heimla både i inndelingslova, delegert

avgjerdsmynde frå kommunestyra og følgjer opne og demokratiske prosessar. Alle prosessar føl vedtak i formelle organ, inga slike vedtak vert eller har vore fatta i leiargruppa.

Med venleg helsing

Børge Haugetun
Ordførar
Øygarden Kommune

Telefon +47 56385405, mobil 950 73753
Politisk sekretær Beate Hetlevik , Telefon 56385403
E-post: postmottak@oygarden.kommune.no Heimeside: www.oygarden.no



Fra: Øyvind Herland [<mailto:oeherlan@online.no>]
Sendt: 3. desember 2018 15:58
Til: "\"borge.haugetun"@oygarden.kommune.no; Vestnytt
Emne: Fwd: Purring

----- Videresendt melding -----

Emne:Purring
Dato:Mon, 3 Dec 2018 15:24:05 +0100
Fra:Øyvind Herland <oeherlan@online.no>
Til:postmottak@fjell.kommune.no
CC:"borge.haugetun@oygarden.kommune.no redaksjon"@vestnytt.no

Postmottak

c/o Fjell kommune

De vises til våre brev av 04.07.2018, 08.08.2018 og 22.11.2018 fra organisasjonen

Rettferdig Offentlig Saksbehandling ROS, til Fellesnemda vet dets leder.
Vi ber vennligst

om å få besvart følgende spørsmål:

1. Hvorfor er ikke brevene lagt inn i postlisten til Fellsnemda?
2. Når kan vi forvente å få svar på våre henvendelser?

03.12.2018

Med hilsen

Leder Rettferdig Offentlig Saksbehandling - ROS

Øyvind Herland

oeherlan@online.no

Kopi: Leder Fellesnemda Børge Haugetun



FJELL KOMMUNE

Kommuneadvokaten

Ordføreren i Fjell kommune
Att. Marianne Sandahl Bjørøy
PB 184
5342 STRAUME

Dykkar ref.

Vår ref.
2018/62 - 766/2018

Saksb. – tlf.
Dag-Heine Bjørndal - 55097165

Dato
20.08.2018

Vurdering og tilråding

1. Innleiing

Underteikna syner til førespurnad om vurdering og tilråding i sak gjeldande brev frå ROS dagsett 04.07.18.

Saka er vurdert, og som ein kan sjå så har eg ikkje gått djupt ned i det juridiske grunnlaget. Dette er av di det er relativt klår juss som ligg til grunn, og eg ser ikkje at det er naudsynt å utdjupe finjuridiske problemstillingar på dette stadiet av saka. Om naudsynt kan eg komme tilbake til dette.

2. Klagesak kan avvist

Brevet framstår som ein klage på sakshandsaminga i fellesnemnda, knytt til to vedtak som skal vere gjort 11.12.17 og 16.04.18.

ROS har ikkje klagerett på vedtaka av to grunnar: Dei er ikkje part i sakene, og det er heller ikkje treft enkeltvedtak som kan klagast på. Klagefristen etter fvl. kap. VI er dessutan gått ut.

Denne type vedtak kan det rett nok setjast fram krav om lovlegkontroll over, sjå inndelingslova §26, 7. ledd, siste punktum. Men ROS kan ikkje setje fram krav om lovlegkontroll. Det er berre medlem i fellesnemnda som kan setje fram krav om lovlegkontroll. Det er ikkje gjort, og krav om lovlegkontroll skal difor avvist.

Fristen for krav om lovlegkontroll er tre veker, jfr. forskrift FOR-1993-01-13-4041. Fristen er gått ut.

Det er etter dette klårt at dersom brevet skal forstås som klage eller krav om lovlegkontroll, så skal dette avvist.

3. Kva svar har ROS krav på

Eg ser at ROS stiller tre spørsmål til slutt som dei ønskjer å få svar på. Dei krevjer svar gitt av fellesnemnda. Alle innbyggjarar i ein kommune har krav på å få svar på dei henvendingar dei gjer til ein kommune. Men det er ikkje opp til spørsmålsstillar å bestemme kven i kommunen som skal svare. Det same gjeld for fellesnemnda.

Det er heller ikkje opp til spørsmålsstillar å bestemme om grunngjeve svar skal gjevast, eller om kommunen skal nøye seg med å kort avvise spørsmåla. At kommunen har plikt å svare, betyr ikkje at kommunen må gå inn i alle dei drøftingar og spørsmål som privatpersonar måtte fremme for kommunen. Dette gjeld også for fellesnemnda.

Det må føyast til at fellesnemnda er eit politisk organ, som skal drøfte og treffe politiske vedtak. Eit slikt organ er, på same måte som eit kommunestyre, suveren til å sjølv bestemme kva diskusjonar dei ønskjer å gå inn i. Dette følgjer klårt av komuneleva sine reglar om sakshandsaming i folkevalde organ: Det er det folkevalde organet sjølv eller v/leiar som bestemmer kva saker som skal setjast på dagsorden og handsamast. Fellesnemnda følgjer dei same reglane som folkevalde organ etter komuneleva, jfr. inndelingslova.

4. ROS sine tre spørsmål, sjå side 4 i brev dagsett 04.07.18

Til orientering, så har eg gjort ei førebels vurdering av dei spørsmåla som ROS reiser: Eg kan ikkje sjå at det er brot på koml. §32. Eg kan heller ikkje sjå at fellesnemnda har gått ut over mandatet gitt i intensjonsavtalen. Med omsyn til kva bindingar som ligg føre for fellesnemnda sitt arbeid, så er intensjonsavtalen ikkje strengt juridisk bindande: Det er ein intensjonsavtale, ikkje eit reglement. Eg tilrår likevel ikkje at ein går djupt inn i spørsmål nr 3 som ROS stiller: Dei stiller eit såkalla ladd spørsmål, der dei avkrevjer eit standpunkt til eit spørsmål som er hypotetisk og generelt formulert. Det er umogleg å gje eit skikkeleg svar utan å bruke mykje tid og ressursar på dette.

Sidan vedtaka ikkje kan klagast på, så ser eg ikkje noko grunn til å gå særleg djupt i dei spørsmåla som ROS reiser, utover korte kommentarer. Eg kan bistå i samband med dette, dersom det er ønskeleg.

5. Tilråding

a. Klagesaka

Mi tilråding er i fyrste omgang at brevet vert avvist som klage og krav om lovlegkontroll. Dette skal strengt tatt gjerast av fellesnemnda, men eg tilrår at ROS vert tilskriva i fyrste omgang med orientering om at klage ikkje kan føre fram, og oppmoda om å ikkje oppretthalde dette kravet i høve til fellesnemnda.

Administrasjonen i ein av kommunane kan gjere dette, dersom leiar av fellesnemnda ber om det.

b. Dei tre spørsmåla på side 4 i brev dagsett 04.07.18

Når det gjeld dei tre spørsmåla, så er mi tilråding av det ikkje vert gitt inngåande svar på dei. Saksdokumenta er offentlege. Det er saksdokumenta saman med evt munnleg ordskifte i fellesnemnda som er grunnlaget for vedtaka. Meir er det ikkje å seie om vedtaka, og eg kan ikkje sjå at fellesnemnda treng å besvare spørsmåla.

Dersom svar skal gjevast, så kan administrasjonen i ein av kommunane gjere dette på fellesnemnda sine vegne, dersom leiar av fellesnemnda ber om det. Eg kan bistå ved førespurnad.

Med helsing

Dag-Heine Bjørndal
Advokat

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Rådmannen i Fjell kommune PB 184



FJELL KOMMUNE

Kommuneadvokaten

FYLKESMANNEN I VESTLAND

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.
2018/1627

Vår ref.
2019/63 - 589/2019

Saksb. – tlf.
Dag-Heine Bjørndal - 55097165

Dato
21.06.2019

Tilbakemelding gjeldande klagehandsaming

Underteikna skriv på vegne av fellesnemnda v/leiar Marianne Sandahl Bjørøy.

Underteikna syner til brev frå dykk dagsett 09.05.19, gjeldande handsaming av klage i sak om offentlig innsyn.

Det er korrekt at saker som gjeld klage over avslag på innsyn skal handsamast utan ugrunna opphald.

Det har vore grunna opphald i denne saka: Fellesnemnda og det administrative apparatet rundt fellesnemnda har arbeidd svært hardt i samband med etableringa av den nye storkommunen, Nye Øygarden kommune. Tida til å treffe dei naudsynte vedtaka mm har vore knapp, og det har difor teke lang tid å ta stilling til ein del saker, her under krav om innsyn frå ROS.

Leiar av fellesnemnda har no gitt underteikna mynde til å handsame saka. Det vert med dette meldt frå om at korrespondansen skal gå til underteikna inntil vidare i denne saka. Vedtak i saka vil verte treft innan kort tid, truleg før utgangen av juni 2019.06.21

Ta kontakt med underteikna dersom det er spørsmål i saka.

Med helsing

Dag-Heine Bjørndal
Advokat

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

RETTFERDIG OFFENTLIG SAKSBEHANDLING ROS Bildøybakken 105

Adresse: roshjelp1@hotmail.comE-post: oeherlan@online.noE-post: georg.indrevik@hotmail.nowww.roshjelp1.com

DNB konto: 1503.38.04102

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

fmvlpost@fylkesmannen.no

Kolltveit, den 8.7.2019

TILSVAR til skriv av 3.7 19 - Purring - Klage - innsyn - Fellesnemda - ref. sak 2018/1627.

Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) viser til tidligere korrespondanse, og særlig til krav om innsyn av 19.12.18 OG 3.1.19. I skriv fra kommuneadvokaten i Fjell kommune til Fylkesmannen i Vestland later han til at han tar ansvar for å svare på innsynskravet etter delegasjon /på vegne av leder av Fellesnemda. Slik sett er det positivt at Fellesnemda har evne og vilje til å svare, etter at det har medgått 6 måneder i tidsbruk for saksforberedelse og svar på innsynskravet. Det er likevel omrokerende leder for Fellesnemda (ordføreren) som er rettslig ansvarlig for Fellesnemdas virksomhet, jfr. Kommuneloven § 9, pkt. 3.

Fylkesmannen i Vestland henviser i skriv av 3.7.2019, sitat: «.....For øvrig nevner vi at Fylkesmannen er klageinstans for vedtak fattet etter offentleglova, men at vi ikke har tilsynsmyndighet eller annen myndighet til å gi kommunene pålegg i sak om behandling av innsynskrav. Vi minner også om klagemuligheten overfor Sivilombudsmannen.»

Det er underlig, men også på den annen side, til dels forståelig at Fylkesmannen i Vestland har et avgrenset myndighetsområde til å gripe inn i saksbehandlingen. Det er likevel spesielt når innsynskravet til organet Ordførerens arbeidsutvalg blir ignorert, ulovlig behandlet og fristene etter Offentlighetsloven blir brutt, som igjen medfører at klageadgangen blir avskåret - selv etter flere purreskriv. Det er også spesielt når ROS blir anmodet av Fellesnemda å fremskaffe dokument av 5.4.19 fra Fylkesmannen i Vestland til Fellesnemda. ROS responderte og oversendte det aktuelle skrivet til Fellesnemda. I så måte er det viktig at faktum i saken kommer frem og bygger opp om de realiteter som må legges til grunn for klageinstansen avgjørelse.

ROS viser ellers til veileder til Offentlighetsloven fra Justisdepartementet, jfr. Pkt. 3.1. side 12: «Institusjonar og verksemdar som er ein organisatorisk del av den stat-lege, fylkeskommunale eller kommunale forvaltninga, er omfatta av lova, utan omsyn til kva type verksemd dei driv.» ROS legger forøvrig til grunn Inndelingslova: Grunnlaget for organet er gitt i Inndelingslova § 26. Fellesnemnd 1. Ledd, siste setning: "Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarende."

Fylkesmannen i Vestland henviser til Sivilombudsmannen, men det skulle i utgangspunktet være unødvendig. Å lene seg til Sivilombudsmannen i saker med udemokratiske og objektive ulovlige



handlinger basert på unnlatelser, er en fallitterklæring. Som kjent har heller ikke Sivilombudsmannen sanksjonsmyndighet til å endre vedtak eller gi pålegg, men kan utøve «kritikk» etter egen instruks/lov. Likefult må tillit legges til grunn for offentlig virksomhet, og dette bør også gjelde for Fellesnemda.

ROS legger til grunn at Fylkesmannen i Vestland på objektivt grunnlag behandler klagen på innsynskravet til organet Ordførernes arbeidsutvalg.

Med vennlig hilsen

Øyvind Herland (leder)

Bjarte Sangolt (saksbehandler)

Kopi: Fellesnemda for Fjell, Sund og Øygarden.

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



FJELL KOMMUNE

Kommuneadvokaten

RETTFERDIG OFFENTLIG SAKSBEHANDLING ROS

Bildøybakken 105
5360 KOLLTVEIT

Dykkar ref.
17/4797

Vår ref.
2019/63 - 653/2019

Saksb. – tlf.
Dag-Heine Bjørndal - 55097165

Dato
17.07.2019

Gjeld krav om innsyn

1. Innleiing

Underteikna skriv på vegne av fellesnemnda for Fjell, Sund og Øygarden, v/leiar.

2. Krav om innsyn

Den 22.11.18 sende ROS krav om innsyn i sakshandsaminga til gruppa Ordførarens arbeidsutval. I brevet på side 3 går følgjande fram:

*«Med bakgrunn av at «**ordførarens arbeidsutvalg**» er definert etter kommuneloven som et folkevalgt organ, krever ROS innsyn i saksbehandlingen til organet. Dette er forhold som ROS vil komme tilbake til.»*

Brevet av 22.11.18 er ikkje tilgjengeleg på postlistene hjå kommunen i sak 17/4797. Kommuneadvokaten må likevel legge til grunn at slikt krav er sendt. Iht uttale frå ROS vart ikkje kravet svara på, og den 19.12.18 vart det på nytt sendt krav om innsyn.

Dersom eit krav om innsyn i offentlege dokument ikkje vert besvart innan fem dagar, så skal manglande svar reknast for å vere eit avslag, jfr. offl. §32, 2. ledd.

Dette betyr at purrebrev frå ROS dagsett 19.12.18 er å rekne for ein klage på avslag på krav om innsyn.

I brev dagsett 19.12.18 har ROS fornya sitt krav om innsyn, med henvising til tidlegare korrespondanse (saksref. 17/4797). I brevet er innsynskravet formulert slik:

«I medhold av Offentlighetsloven Kap. 2 vil ROS i første omgang kreve innsyn i organet «Ordførernes arbeidsutvalg» som er underlagt Fellesnemnda, med en oversikt over:

- A. Møter/samlinger med innkallinger, saksliste – tidspunkt – møteprotokoll som er gjennomført i tidsrommet 1.11.2017 og ut året 2018.
- B. Elektronisk møtekalender på mobiltelefon og PC for samme tidsrom jfr. A.(elektronisk dokument).
- C. ROS krever innsyn i de fullmakter og ev. arbeidsoppgaver gitt fra Fellesnemnda til «ordførernes arbeidsutvalg».

Fellesnemnda v/leiar Børge Haugetun svara på kravet i epost dagsett 21.12.18. Svaret tek ikkje stilling til innsynskravet direkte, men tek opp spørsmål om gruppa «ordførernes arbeidsutvalg» (heretter kalla utvalet) er å rekne for eit offentleg organ eller ikkje.

Dermed står klagen på avslag på innsyn ubehandla. Dette brevet tek klagen til handsaming på vegne av fellesnemnda.

3. Vurdering av om utvalet er folkevald organ

I sak 29/18 i Fellesnemnda er det teke opp noko som vert kalla leiargruppa i fellesnemnda. Leiar av fellesnemnda har opplyst den 16.07.19 at dette er det same som «ordførernes arbeidsutvalg», altså utvalet.

Leiargruppa (utvalet) består av dei tre ordførarane. I sak nr 69/18 vart det reist spørsmål om kva status denne gruppa har. I protokollen går dette fram:

«Leiargruppa, som består av dei tre ordførarane i Fjell, Sund og Øygarden kommunar, har faste møter for å førebu saker til møta i fellesnemnda og partssamansett utval. . Leiargruppa sine møter er utvida med dei tre rådmennene, inkludert prosjektrådmannen for Nye Øygarden kommune, og ei slik samhandling mellom administrativ og politisk leiing er naudsynt for å følgje opp vedtak og førebu saker til dei politisk oppnemnte utvala der vedtak vert fatta. Det vart opna for diskusjon for å avklare formaliteten til leiargruppa. Fellesnemnda var samde om at leiargruppa ikkje er oppretta som eit politisk arbeidsutval, og at det såleis ikkje er naudsynt med innkallingar og referat frå desse samhandlingsmøta.»

Fellesnemnda er altså klår på at utvalet ikkje er eit politisk arbeidsutval, altså ikkje eit folkevald organ i kommunelova si forstand. Konsekvensen av fellesnemnda sitt syn er at utvalet vert vurdert å falle utanfor koml. §10. Dette betyr at møta i utvalet ikkje er offentlege, og at reglane for kunngjering av møtetidspunkt, saksliste, mm ikkje kjem til anvending.

4. Vurdering av innsynskravet etter offentleglova

Spørsmålet er likevel om saksdokument og anna er offentleg etter offentleglova. Jamvel om utvalet ikkje er rekna for eit folkevald organ, så er det likevel ein del av den kommunale forvaltninga. Dermed fell saksdokument innafor virkeområdet til offentleglova.

Offentleglova gjeld for kommunane, jfr. offl. §2, 1. ledd, bokstav a). Offentleglova gjeld difor også for utvalet.

Etter offl. §3 er saksdokument, journalar og liknande opne for innsyn, dersom ikkje anna følger av lov eller forskrift.

Dette betyr at saksdokument som er utarbeidd av utvalet, send til utvalet eller på anna måte har vore handsama av utvalet, er offentlege.

ROS kan altså krevje innsyn i desse dokumenta med heimel i offl. §3, jamvel om utvalet ikkje er å rekne for eit folkevald organ etter koml. §10.

5. Dokumenta

Underteikna har undersøkt tilgjengelege saksdokument, og har drøfta saka med leiar av fellesnemnda.

Etter det underteikna har fått opplyst, så finst det ikkje dokument som er handsama av utvalet. Det finst heller ikkje skriftlege innkallingar, journalar eller referat. Utvalet har ikkje skriftleg dokumentasjon.

ROS får medhald i at dei kan krevje innsyn i dokumenta, men det finst ingen dokumentasjon å gje innsyn i, etter det underteikna har fått opplyst. Følgjegelg vert innsynskravet frå ROS handsama slik, jfr. brev frå ROS dagsett 19.12.18:

- ROS har krav innsyn i «Møter/samlinger med innkallinger, saksliste – tidspunkt – møteprotokoll som er gjennomført i tidsrommet 1.11.2017 og ut året 2018.»
 - Underteikna har fått opplyst at det ikkje finst slike skriftlege innkallingar, sakslister eller møteprotokollar.
- ROS har krav innsyn i «Elektronisk møtekalender på mobiltelefon og PC for samme tidsrom jfr. A.(elektronisk dokument).»
 - Underteikna har fått opplyst at det ikkje finst møter som er registrert i møtekalendre eller mobiltelefon, som knytter seg til utvalet.
- ROS har kravd innsyn i «de fullmakter og ev. arbeidsoppgaver gitt fra Fellesnemnda til «ordførernes arbeidsutvalg»»
 - Underteikna har fått opplyst at det ikkje er gitt konkrete fullmakter eller arbeidsoppgaver til utvalet i form av skriftlege vedtak, delegasjonsvedtak eller liknande.

6. Vedtak

ROS får meihald i sin klage dagsett 19.12.18; Innsyn i dokument tilhøyrande ordføraranes arbeidsutval vert formelt gitt med heimel i offl. §3.

Sidan det ikkje er noko dokument å gje innsyn i, så vert innsynskravet formelt gitt medhald, men ingen dokument finst som kan sendast ut.

7. Klage, innsyn, mm

Dette vedtaket kan klagast på. Klagefristen er tre veker frå denne meldinga kjem fram til parten. Klagen bør vere skriftleg og skal sendast til fellesnemnda v/underteikna.

Det kan også krevjast innsyn i saka sine dokument etter fvl. §§18 og 19. Kontakt underteikna for meir informasjon dersom dette er naudsynt.

Med helsing

Dag-Heine Bjørndal
Advokat

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Fellesnemnda v/leiar

Adresse: E-post: roshjelp1@hotmail.com
E-post: oeherlan@online.no
E-post: georg.indrevik@hotmail.no
DNB konto: 1503.38.04102

Fellesnemda for Fjell, Sund og Øygarden,
v/kommuneadvokat Dag-Heine Bjørndal
Postboks 184, 5342 Straume.
postmottak@nyeoygardenkommune.no

Kolltveit, 1.8.2019.

KLAGE PÅ VEDTAK – Sak 2019/63 - 653/2019 – manglende faktisk innsyn i Ordførernes arbeidsutvalg.

Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) vil med dette påklage «vedtaket» i nevnte sak og legger dette til grunn:

1. Innledning/grunnlag.

Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) viser til tidligere korrespondanse. Det vises til skriv av 8.8.2018, 22.11.2018, 19.12.2018 og 3.1.2019, samt til purrekrav av 5.6.2019 og 08.07.2019. I tillegg er det fremmet en rekke skrivelser og påminnelser til både Fellesnemda og Fylkesmannen i Vestland knyttet til manglende svar på innsynskravet til organet **Ordførernes arbeidsutvalg**. ROS legger videre til grunn at innsynskravet ikke er blitt saksbehandlet forsvarlig, og som dermed bryter med god forvaltningsskikk. Samtlige skrivelser omfattes av de regler, krav til saksforberedelse og frister som Offentlighetsloven omfatter. Innsynsretten er rettslig og tradisjonelt sett fundamentet at for demokratiet skal leve og utvikle seg.

ROS vil vise til Grunnlovens § 100, 5. ledd skal sikre «innsyn i dokumenta til staten og **kommunene** og til å følge forhandlingene i rettsmøte og folkevalgte organ.» I tillegg legger ROS til grunn Offentlighetsloven, forvaltningsloven, kommuneloven og Inndelingsloven (spesielt § 26, 1. ledd)

Med andre ord står innsynsretten i offentlig forvaltning sterkt i Norge, med de lovpålagte unntakene som gjelder. Dette forutsetter imidlertid at folkevalgte organ følger sine lovpålagte oppgaver, særlig forholdet til Kommunalloven Kap. 6 om møteprinsippet/offentlighet/møtebøker m.v. jfr. Offentlighetsloven.

2. Bakgrunn

Innsynsretten til det folkevalgte organet «Ordførernes arbeidsutvalg» ligger fast. De tre ordførerne er å betrakte som folkevalgte, og i særlig grad når de opptrer i en **organisert** og sammenheng som **kollektive** ledere i organet opprettet av Fellesnemda. Fellesnemda har fattet 2 ulike vedtak hva angår organisasjonskart og rolle i kommunesammenslåingsprosessen i medhold av Inndelingslova. I organisert sammenheng er **Ordførernes Arbeidsutvalg** bekreftet av Kommunaldepartementet (jur.avdeling) som et **folkevalgt organ**. I tillegg har ROS fått utført en uavhengig juridisk vurdering med likelydende problemstilling ved UiB v/jur.fakultet prof. Jan Fritjof Bernt, og da med samme resultat.

ROS viser også til veileder for offentlighetsloven fra Justisdepartementet jfr. Pkt. 3.1. side 12:

«Institusjonar og verksemdar som er ein organisatorisk del av den stat-lege, fylkeskommunale eller kommunale forvaltninga, er omfatta av lova, utan omsyn til kva type verksemd dei driv.»

Det bekrefter at det folkevalgte organet **Ordførernes Arbeidsutvalg** er følgelig **lovpålagt** til å utføre de oppgaver som knytter seg til formelle rammer og rutiner for sin virksomhet.

Dette gjelder særlig krav til notaritet, innkallinger, møtebøker/protokoll samt oppfølging av ev. vedtak.

I skriv fra kommuneadvokaten er det i protokoll henvist til sak 69/18. Dette var en sak knyttet til generelle **spørsmål** fra Fellesnemdas medlemmer. Spørsmål fra Fellesnemdas medlemmer er ikke i dette tilfelle en konkret saksforberedelse som munnet ut i et vedtak. Det fremgår ikke fra protokollen at dette er et **formelt vedtak** i forvaltningslovens forstand. Det at Fellesnemda «var samde om at leiargruppa ikkje er oppretta som eit politisk arbeidsutval, og at det såleis ikkje er naudsynt med innkallingar og referat frå desse samhandlingsmøta» er objektivt sett ikke i tråd med loven.

Uavhengig av hva Fellesnemda «blir samde om», har ikke Fellesnemda på objektivt grunnlag lovlig adgang til å skape seg immunitet eller frita organet lovpålagte oppgaver/formelle krav til sin virksomhet ved å «fatte vedtak».

Handlemåten fra Fellesnemda bryter objektivt sett med **legalitetsprinsippet** og **møteprinsippet**.

Dessuten er de **tidligere** formelle vedtakene om opprettelsen av Ordførernes Arbeidsutvalg i egenskap av folkevalgt organ i en **organisatorisk** sammenheng – ikke opphevet.

Det er direkte misvisende og feil at kommuneadvokaten viser til Kommune-lovens §10 for å skape et feilaktig inntrykk av at dette er unntak fra de lovpålagte oppgavene. Nevnte bestemmelse er for de **faste** utvalg/komiteer i opprettelsen av lokalt folkevalgte organer. Fellesnemda er opprettet med begrenset virketid som et «prosjekt» med hjemmel i Inndelingslova. Det er dessuten **ikke** gitt fritak fra Offentlighetsloven til nevnte bestemmelser i kommuneloven til å unnlate å føre notaritet, innkallinger, protokoll/møtebok for sin virksomhet. ROS har brakt i erfaring at det høyst sannsynlig er i Ordførernes Arbeidsutvalg de **reelle** politiske **beslutningene** blir tatt på vegne av Fellesnemda, i lukkede rom, uten demokratisk kontroll og uten mulighet til påvirkning, og ikke minst uten formelt grunnlag – uten formelle vedtak.

I tillegg er organiseringen av ledervervene i Fellesnemda foretatt på uriktig grunnlag. Inndelingslova § 26 1. Ledd: «Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande.

Ordførervervene skal velges etter Kommune-lovens § 9 nr. 1 «Valget foretas for hele valgperioden.»

Det vil, ut fra de objektive kriterier, **kun** velges EN leder og EN nestleder for **hele** virketiden/perioden til Fellesnemda. Fellesnemda har valgt en **annen** lederstruktur i strid med Inndelingslova/kommune-loven, og dermed bidratt til å «pulverisere» de ansvarsforholdene ved at ledervervet har vært rokerende mellom de 3 ordførerne, og hvor **nestledervervet** til enhver tid har bestått av de 2 øvrige ordførerne. Denne konkrete saken kan illustrere som et godt eksempel på manglende lederskap, ansvarsfraskrivelse og inkompetanse.

3. Saksunderlag

Kommuneadvokaten skriver (i pkt. 5) under Dokument: «Underteikna har undersøkt tilgjengelege saksdokument, og har drøfta saka med leiar av fellesnemnda. Etter det underteikna har fått opplyst, så finst det ikkje dokument som er handsama av utvalet. Det finst heller ikkje skriftlege innkallingar, journalar eller referat. Utvalet har ikkje skriftleg dokumentasjon.»

Kommuneadvokaten har undersøkt tilgjengelige dokument. Det er dermed grunn til å reise spørsmålet om hvilke dokumenter dette gjelder, når han **samtidig** skriver og legger til grunn i vedtaket at det ikke finnes slike dokument?

Dette viser total mangel på folkevalgt styring og inkompetanse. Rokerende leder av Fellesnemda har medvirket til mangelfull notaritet, dokumentasjon, innkallinger, møtebøker/protokoll, og som strider mot en rekke prinsipper for offentlig forvaltning. I en overordnet sammenheng er ikke *legalitetsprinsippet* og *møteprinsippet* ivaretatt. I ettertid kommer (i skrivet av 17.7.19) kommuneadvokaten frem til at det ikke finnes dokument for Ordførernes Arbeidsutvalg. Dette bryter med en rekke demokratiske rammebetingelser. ROS viser til <https://lovdata.no/lov/2006-05-19-16/§4> hvor dokument og organ er definert, spesielt 3. ledd:

«Omgrepet **organ** femner i lova her om alle verksemder som lova gjeld for.»

Når et innsynskrav er fremmet for et offentlig organ/organisert institusjon etter Offentlighetsloven (jfr. Veileder fra Justisdepartementet) løper det umiddelbart en del frister for organet. Dersom ikke det er rimelig at svar foreligger innen **5 virkedager**, er dette å anse som **avslag** på innsynskravet. Jfr. <https://lovdata.no/lov/2006-05-19-16/§32>. Klagefristen i denne saken er oversittet med mer enn 6 måneder. Dessuten var det heller ikke opprettet eller forberedt en sak som skulle i vareta virkningen av at fristen for innsynskravet var oversittet. Daværende omrokerende leder for Fellesnemda, Børge Haugetun, avviste innsynskravet offentlig både i Vest Nytt og i e-post av 21.12.2018 **uten** saksforberedelse/vurdering. Nå, over 6 måneder senere, har kommuneadvokaten kommet til et annet resultat, ved at innsyn er innvilget, men at dokumenter i det folkevalgte organet Ordførernes arbeidsutvalg ikke finnes. Dette kan betegnes som undergraving av demokratiske prinsipper og som samtidig er en bekreftelse på at påstanden om at Fellesnemda er et lukket organ og som baserer sin virksomhet på hemmelighold og inkompetanse. ROS viser i denne sammenheng til det som kan være straffbar tjenestefeil i skriv av 5.6.2019 til Fylkesmannen i Vestland, med kopi til Fellesnemda.

4. Vedtaket.

4.1. Grunnlaget for vedtaket.

Kommuneadvokaten har ikke på vedtakets grunnlag henvist til skriftlig fullmakt eller delegasjon. Det er derfor grunn til å reise spørsmålet om kommuneadvokaten (jfr. pkt. 6) har fullmakt til å fatte vedtak på vegne av det folkevalgte **organet** Fellesnemda. Grunnlaget i vedtaket i organet Fellesnemda må ivaretas. ROS ber derfor om at det blir framlagt skriftlig dokumentasjon av delegasjon/fullmakt til kommuneadvokaten i tidspunktet **før** vedtaket av 17.7.2019 ble fattet på vegne av et folkevalgt organ (fra Fellesnemda). Etter Off.l. Kap. 4/ § 29 er det **organet** Fellesnemda som skal vurdere innsynskravet og som har kompetansemyndighet etter loven. I de enkelte kulepunkt i pkt. 5 fra kommuneadvokaten er det henvist til ulike dokument. Et utvalg av disse kulepunktene som omhandler elektroniske dokument, kan fremdeles være tilgjengelige, med mindre disse aktivt er slettet av bruker for å skjule dokument. ROS legger til grunn at Fellesnemda er forpliktet etter Arkivlovens Kap. II JFR. <https://lovdata.no/lov/1992-12-04-126/§6>

4.2. Lovhjemmel som vedtaket bygger på.

Offentlighetsloven § 3 er benyttet som grunnlag for vedtaket om å gi innsyn. Dette er den generelle bestemmelsen i Kap.II om hovedreglene om innsyn. I praksis har kommuneadvokaten avvist innsynskravet ved å snu beviskravet «på hodet». Han har innført et «omvendt bevisbyrde» ved at det ikke finnes noen dokument å få innsyn i, og dermed avvist det som om det skulle være «et ukjent antall dokument», både fysiske dokument og

elektroniske dokument. Det er offentlig kjent at Ordførernes Arbeidsutvalg har fått «vide fullmakter» fra Fellesnemda, uten at innholdet i disse fullmakter er kjent offentlig. Disse udefinerbare opplysningene kan en selv lese på nettsidene til <http://www.nyeoygardenkommune.no>. Videre er det gjennomført møter med ulike aktører i Ordførernes Arbeidsutvalg på vegne av Fellesnemda av politisk art uten at det offentlige kjenner innholdet nærmere.

Med andre ord har ROS ingen tillit til at det **ikke** finnes dokumenter som innsynskravet omhandler og som det er gitt innsyn i, men som kommuneadvokaten «angivelig» hevder ikke finnes. På bakgrunn av dette kan det være sannsynlig at det **likevel** finnes dokument knyttet til Ordførernes Arbeidsutvalg, men som det ikke er «ønsket» gitt innsyn i. I praksis og i reell sammenheng er vedtaket et **avslag på innsyn**, noe som utvetydig er å betrakte å være til ugunst for klageren(ROS) som direkte følge av tjenestefeil.

5. Klage på vedtak.

ROS klager på vedtak med henvisning til de enkelte punkt over som grunnlag for klagen, **forutsatt at vedtaket er fattet på legalt grunnlag i kraft av skriftlig fullmakt/delegasjon fra Fellesnemda i forkant**. I tillegg viser til tidligere korrespondanse/purringer både til Fellesnemda og Fylkesmannen i Vestland.

Uavhengig om det kommuneadvokaten omtaler som **vedtak** av 17.7.2019 blir opprettholdt av Fellesnemda eller ikke, og vedtaket ellers er fattet etter legalitetsprinsippet, ber ROS om at klage på vedtak sendes Fylkesmannen i Vestland i samsvar med Offentlighetsloven §32, jfr. Forv.l. § 28 - ved at det i praksis ikke er innvilget innsyn som følge av tjenestefeil.

Videre anmoder ROS klageinstansen(fylkesmannen) å ta opp klagen til **realitetsbehandling** (jfr. Forv.l. § 34, 2.ledd jfr. 1.ledd) med bakgrunn i nye opplysninger, de skjønsmessige og prinsipielle forhold knyttet til begrunnelsen for hvorfor Fellesnemda ikke er bundet av lovpålagte oppgaver for sin virksomhet m.v. og da med henvisning til **Kap. 6** i Kommuneloven og Offentlighetsloven Kap. 1, 2 og 4.

Avslutningsvis vil ROS henvise til rundskriv H- 9/17 fra Kommunaldepartementet, sitat:

«Når det til dømes gjeld saker om dokumentinnsyn etter offentleglova og forvaltningslova, går det fram av førearbeida til gjeldande føresegn i fvl. § 34 andre ledd første punktum at dette er eit område der omsynet til det kommunale sjølvstyret vil ha mindre vekt enn ellers.»

Problemstillingene har bl.a. i denne saken vært at Fellesnemda har i utgangspunktet **nektet** å ta innsynskravet opp til formell saksbehandling til det folkevalgte organet Ordførernes Arbeidsutvalg, noe som har ført til et vesentlig svekket lokaldemokrati og i strid med Fellesnemdas egen invitasjon til å delta i prosessen. I lys av at Fellesnemda har en begrenset virketid, later det til at tidsbruken for Fellesnemda i denne saken er beleilig og godt tilpasset det som kan defineres som på folkemunne blir kalt «saksdrenering».

Med vennlig hilsen
Øyvind Herland (leder)

Bjarte Sangolt (saksbehandler)

Kopi:
Fylkesmannen i Vestland, medlemmene i Fellesnemda

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



RETTFERDIG OFFENTLIG SAKSBEHANDLING ROS
Bildøybakken 105
5360 KOLLTVEIT

Saksbehandler, innvalgstelefon
Silje Sævik Bøe, 5557 2125

Svar på henvendelse - Klage - innsyn - Fellesnemnda for Fjell Sund og Øygarden - ref 18/14967 FMHO

Vi viser til deres henvendelse av 08.07.2019 og deres klage av 03.08.2019 over Fellesnemnda for Fjell, Sund og Øygarden sin avgjørelse av 17.07.2019.

Når det gjelder vår myndighet i saker etter offentleglova viser vi til vårt tidligere brev av 03.07.2019. Vi minner igjen om klagemuligheten overfor Sivilombudsmannen.

Dere har klaget på Fellesnemndas avgjørelse etter offentleglova. Klagen skal behandles av Fellesnemnda i første instans, se forvaltningsloven § 33, jf. offl. § 32. Dersom klagen ikke tas til følge, skal saken sendes over til Fylkesmannen for endelig avgjørelse, se fvl. § 33.

Med hilsen

Silje Sævik Bøe
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Fjell kommune Postboks 184 5342 STRAUME
Fellesnemnda Postboks 184 5342 STRAUME
for Fjell, Sund
og Øygarden
v/kommunead
vokat Dag-
Heine Bjørndal



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Revidert anbudsprosess for forsikra pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Som følge av forseinkingar i anbudsprosessen for forsikra pensjonsløysing i Nye Øygarden kommune legg prosjektrådmannen fram ny tidsplan for prosessen. Det vert difor gjort framlegg om ekstra møte i fellesnemnda 9. oktober 2019 for å gjere val om leverandør.

Det vert vidare lagt til grunn at dagens avtaler som er omfatta av anbudet vert sagt opp innan fristen 30. september 2019. Tilsvarende vil gjelde for Øygarden brann og redning IKS.

Innstilling:

1. Fellesnemnda sluttar seg til revidert tidsplan for anbudsprosess på forsikra pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fellesnemnda vil i ekstra møte 9. oktober 2019 gjere val om leverandør for forsikra pensjonsløysing.
3. Fellesnemnda legg vidare til grunn at dagens avtaler om leverandørar av pensjonstenester som er omfatta av nytt anbud vert sagt opp innan 30. september 2019 i tråd med avtaleverket, av rådmennene i Fjell, Sund og Øygarden kommune og prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune. Tilsvarende vil gjelda for Øygarden brann og redning IKS.

Straume, den 09.09.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Fellesnemnda vedtok tidlegare i år at innkjøp av forsikra pensjonsløyising for NØK skulle leggst ut på anbod då det har vist seg at det er fleire enn ein ekstern leverandør i marknaden. Firmaet Aon AS har fått oppdraget med å bistå prosjektrådmannen i gjennomføring av anbodsprosessen. Aon har utarbeid ein tidsplan og prosessen er i gang.

Endringar i tidsplanen

Tidsplanen er forsinka då Fjell kommunale pensjonskasse ikkje har klart å levera naudsynte data innan gjeldande tidsplan. Aon har på den bakgrunn presentert ein ny tidsplan:

Kjøreplan - anbud	Avgjørelse 9.oktober – revidert 3.september
Tilbudsfrist	9.september kl 1200
Kort orientering om status i fellesnemnda	16.september
Innkalle til drøftingsmøte	17.september
Forhandlinger med tilbydere	18. september (19.september i reserve)
Frist revidert tilbud	23. september kl.1200
Evalueringsgruppen avgir innstilling til rådmannen	24.september
Drøftingsmøte	27.september
Oppsigelse av gamle avtaler , ved de tre rådmennene i Fjell, Sund og Øygarden	30.september
Rådmannens (NØK) formelle innstilling sendes ut	1.eller 2. oktober
Politisk behandling i fellesnemnda	9.oktober
Tildeling	10.oktober
Klagefrist	21.oktober
Oppstart kontrakt	1.januar

I den første tidsplanen var det lagt opp til at fellesnemnda skulle få saka til politisk handsaming i sitt møte 16. september 2019. Prosjektrådmannen gjer framlegg om handsaming i ekstra møte 9. oktober 2019, og at resten av tidsplanen vert justert slik det går fram i ny tidsplan frå Aon.

Den einaste dato som ikkje kan justerast i høve første tidsplan er oppseiing av gamle avtaler i dei tre eksisterande kommunane. 30. september som dato for oppseiing er tariff-festa og kan soleis ikkje endrast. Dette skapar likevel ikkje vanskar i prosessen. Nye Øygarden kommune vil på dette tidspunkt ha bindande tilbod på nye avtaler som vil erstatte dei eksisterande avtalene i tråd med gjeldande regelverk og tariffavtaler.

For Sund og Øygarden inneber dette å seia opp avtalane med KLP. For Fjell kommune inneber det å seia opp avtalen med Fjell kommunale pensjonskasse. Dette må skje innan 30. september, og effektuerast av rådmennene i dei tre kommunane og prosjektrådmannen (dobbeltsignering). Fjell kommunale pensjonskasse har sjølv ansvar for å seie opp avtalar og andre rettslege bindingar som selskapet har.

Øygarden Brann og redning inngår i talgrunnlaget for pensjonsanbodet. Frå 01.01.2020 vil selskapet vere eit kommunalt føretak og følgje den nye kommunen sine pensjonsavtaler. Selskapet er i dag eit IKS og må sjølv seie opp dagens pensjonsavtale med Fkp.

Det er på høyring eit framlegg om å endra reglane for flytting av kursreserve. Høyringsfristen er 1. oktober. Dersom endringane vert vedtatt og verknadstidpunktet vert allereie frå førstkommande årsskifte, vil det bety eit litt gunstigare flytteoppgjer. Til dømes var Øygarden kommune sin kursreserve i KLP om lag kr 25 mill. ved utgangen av 2018. Av desse kr 25 mill. er kr 18 mill. flyttbare etter reglane i dag (kr 7 mill. vert igjen i KLP). Framlegget til nye reglar tilseier at heile beløpet er flyttbart. Dersom framlegget vert vedteke vil det difor vera positivt sett frå eit kundeperspektiv og påverkar ikkje prosessen.

Vurdering:

Prosjektrådmannen vurderer at dei utsettingar som ligg i den nye tidsplanen frå Aon ikkje er til hinder for prosessen med anbod på forsikra pensjonsløyising for dei tilsette i Nye Øygarden kommune. Rådmennene i dei gamle kommunane må seie opp eksisterande avtaler om pensjon. Dette må gjerast innan fristen 30. september 2019.

Prosjektrådmannen vurderer vidare at Øygarden Brann og redning som vert eit kommunalt føretak i den nye kommunen følgjer med i den nye kommunen si pensjonsløyising. Eksisterande pensjonsavtale for selskapet må difor seiast opp innan same frist som for dei gamle kommunane. Prosjektrådmannen og dagleg leiar har hatt dialog om saka.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
48/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Økonomisk status prosjektrekneskap pr. 03.09.19 og status forskotering reformstøtte

Samandrag av saka:

Saka gjeld oppfølging av sak 40/19, vedteken i fellesnemnda sitt møte 19.06.19. I vedtakspunkt 2 i saka bad fellesnemnda om at prosjektrådmannen etter ferien legg fram ny sak med oppdatert økonomisk status for prosjektet og at det vert gjort greie for eventuell forskotering av reformstøtta.

Innstilling:

Fellesnemnda tek saka til orientering og ber prosjektrådmannen følgja opp med ny statusrapportering om prosjektrekneskapen og eventuell forskotering av reformstøtta i seinare møte.

Straume, den 09.09.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Økonomirapport pr. konto 03.09.2019

Saksopplysningar:

I fellesnemnda sitt møte 17.06.19 vart det i sak 40/19 gjort slikt vedtak:

- 1. Fellesnemnda gjev prosjektrådmannen fullmakt til å forskottera delvis bruk av reformstøtta på 25,6 mill. dersom det vert behov for det for å sikra gjennomføring og framdrift i prosjektet*
- 2. I første fellesnemndmøte etter ferien skal prosjektrådmannen leggja fram ny sak med oppdatert økonomisk status for prosjektet og eventuell forskotering av reformstøtta skal gjerast greie for.*

Denne saka er ei oppfølging av pkt. 2 i vedtaket og gjev oppdatert økonomisk status for prosjektrekneskapen. Det har so langt ikkje vore behov for å nytta forskotering av reformstøtta, men prosjektrådmannen vil følgja opp med jamleg statusrapportering til fellesnemnda og vidare til nytt kommunestyre når det gjeld status for prosjektrekneskap og eventuell forskotering av reformstøtta.

I årsrekneskapen for 2018 vart det overført kr. 21.338.107,21 til fond. Av dette fondet er netto forbruk pr. 03.09.2019 kr. 16.952.642,39. Det står soleis att kr. 4.385.464,82 av motteken eingongsstøtte til kommunesamanslåinga.

Pr. 03.09.19 har soleis prosjektrådmannen ikkje hatt behov for å forskotera midlar frå reformstøtta som ein mottar først ved samanslåingstidspunktet. Det vil likevel verta behov for slik forskotering i laupet av hausten.

Vurdering:

Prosjektrådmannen legg status for økonomirapport pr. 03.09.2019 fram for Fellesnemnda til orientering og gjer samstundes merksam på at det ikkje har vore behov for forskotering av reformstøtta så langt i år. Prosjektrådmannen er kjent med at det er inngått avtalar, særleg knytt til datasystem, som inneber kostnader utover det som står att av fondet. Slik sett vil det vera behov for å nytta forskotering av reformstøtta utover hausten.

Prosjektrådmannen vil følgja opp med nye saker til Fellesnemnda og nytt kommunestyre, der det vert gjort greie for økonomisk status og forskotering av reformstøtte.



Bruker: LILTOR Klokken: 10:19 Program: XKOST-A1 Versjon: 17

Budsjettoppfølging

Lagrede utvalg <Standard systemverdier>

Selskap 1 ▼ FJELL KOMMUNE

Region 0 ▼

År/Periode 2019 ▼ 1 ▼ 12 ▼ ☐ Ta med IB

Sortering/Gruppering Kolonneinnhold

Budsjettområde ▼

Kolonne	1	2	3
Innhold	Regnskap ▼	Regnskap ▼	<Ikke valg
År	2019 ▼	2018 ▼	0000 ▼



1 FJELL KOMMUNE (2019) - År/Periode 2019 1 - 12

03.09.2019

	Regnskap 2019	Regnskap 2018
Ansvar: 1050 ETABLERING NYE ØYGARDEN KOMMUNE		
10100 LØN I FASTE STILLINGAR	1.627.583,84	1.096.539,09
10200 LØN VIKAR	29.682,54	0,00
10300 LØN EKSTRAHJELP	413.885,99	0,00
10400 LØN OVERTID	189.190,73	0,00
10514 ANNA LØN OG TREKKPL. GODTGJ.	272.305,47	215.347,65
10801 GODTGJERSLE FOLKEVALDE	50.050,00	28.417,00
10901 PENSJON FKP	301.123,45	111.632,44
10903 KOLL. ULUKKESFORSIKRING	484,95	305,34
10904 KOLL. GRUPPELIVSFORSIKRING	2.006,50	659,74
10905 AFP PREMIE FKP	48.783,16	25.233,28
10990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	413.848,32	208.416,89
11000 KONTORMATERIELL	43.039,25	25.415,92
11150 KOMMUNAL BEVERTNING	195.758,74	53.251,00
11151 MATVARER	12.424,47	12.720,61
11200 DIVERSE FORBRUKSMATERIELL	283,64	32.693,80
11204 UTGIFTSDEKNING	0,00	14.729,40
11205 HOTELLUTGIFTER EKSKL. KURS	173.603,33	111.317,15
11301 TELEFONUTGIFTER	7.531,00	0,00
11302 GEBYRUTGIFTER	1.186,21	1.713,08
11303 DATAKOMMUNIKASJON	0,00	10.823,20
11304 TELEFONUTGIFTER MOBIL	19.114,37	509,17
11400 STILLINGSANNONSER	53.514,80	274.576,00
11401 INFORMASJON/KUNNGJERING	152.907,80	221.022,00
11403 REPRESENTASJON	0,00	11.250,00
11500 OPPLÆRING/KURS	47.475,00	107.047,40
11600 OPPG. PLIKTIGE REISEUTGIFTER	6.981,25	4.019,20
11701 KJØP AV TRANSPORTTENESTER	15.722,00	214.891,68
11703 REF. REISEUTGIFTER	38.282,91	4.503,15
11950 KONTINGENTER/LISENSAR	1.126.774,20	1.669.616,00
11951 VEDLIKEHALD DATAPROGRAMVARE	675.529,20	0,00
12000 INVENTAR/UTSTYR	402.137,06	52.944,49
12001 UTSTYR	12.800,00	0,00
12002 PROGRAMVARE	252.800,00	67.600,00
12200 LEIGE AV INVENTAR, UTSTYR OG MASKINER	0,00	12.690,00
12400 SERVICE/DRIFTSAVTALE/REPARASJON	500.000,00	946,00
12401 VEDLIKEHALD DATAUTSTYR	799.530,00	185.388,60
12700 KONSULENTTENESTER	409.347,76	236.677,84
12705 KJØPTE TENESTER	2.825.684,79	1.585.516,47
12900 FORDELTE UTGIFTER (LØNN)	0,00	52.945,00
13500 BETALING TIL KOMMUNER / KOMMUNALE ENHETER	1.473.266,00	3.602.751,50
13700 KJØP FRÅ ANDRE / DRIFTSAVT. / BETALING TIL PRIVATE	10.000,00	213.898,00
14290 MVA. PÅ KJØP I DRIFTSREKNSK.	1.562.068,68	892.889,92
14700 TILSKOT	200.000,00	100.000,00
15000 RENTEUTGIFTER	68,18	0,00
15500 AVSETNAD BUNDNE FOND	0,00	21.338.107,21
31204 UTGIFTSDEKNING	340,00	0,00
32000 INVENTAR/UTSTYR	2.201.052,00	0,00
32700 KONSULENTTENESTER	182.900,00	0,00
32705 KJØPTE TENESTER	304.229,80	0,00
34290 MVA. PÅ KJØP I INV.REKNSK.	593.882,95	0,00
Sum utgifter	17.649.180,34	32.799.005,22
17000 REFUSJON STATEN	0,00	-100.000,00
17006 ANDRE REFUSJONAR FRÅ STATEN (NAV, HELFO...)	-96.655,00	0,00
17701 REFUSJON FRÅ ANDRE	-6.000,00	0,00



1 FJELL KOMMUNE (2019) - År/Periode 2019 1 - 12		03.09.2019
	Regnskap 2019	Regnskap 2018
19500 BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND	0,00	-32.699.005,22
37280 MVA.KOMP. INVESTERING	-593.882,95	0,00
Sum inntekter	-696.537,95	-32.799.005,22
Sum ansvar: 1050 ETABLERING NYE ØYGARDEN KOMMUNE	16.952.642,39	0,00
TOTALT	16.952.642,39	0,00



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
49/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Økonomisk status pr. 7 måneder 2019 for Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Saka gjeld økonomisk status pr. 7 måneder 2019 for dei tre kommunane. Resultatet pr. 1. tertial viste eit samla negativt budsjettavvik på 16,2 mill. i høve netto driftsresultat. Etter 7 månaders drift har dei tre kommunane samla eit negativt avvik i netto driftsresultat på 26,2 mill. Avviket fordeler seg slik: Negativt budsjettavvik Fjell 33 mill., negativt budsjettavvik Sund 3,7 mill., Øygarden positivt budsjettavvik 10,4 mill. Det auka avviket skuldast meirutgifter knytt til løn og kjøp av varer og tenester. Tala over inkluderer VAR for Øygarden. Fjell kommune sine tal er korrigert for utgifter knytt til etablering av nye Øygarden kommune. Fjell kommune har intensivert sine innsparingstiltak sidan mai månad, og effekten av desse er venta ut over hausten.

Innstilling:

1. Fellesnemnda tar saka om økonomisk status pr. 7 måneder 2019 for Nye Øygarden kommune til orientering.

Straume, den 09.09.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Økonomisk status 2019

1. tertial 2019

Økonomirapport pr. 1. tertial 2019 presentert for fellesnemnda i mai 2019 viste at samla sett hadde dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden eit negativt budsjettavvik på 16,2 mill. i høve periodisert budsjett knytt til netto driftsresultat. Det negative avviket kjem frå Fjell kommune som isolert sett har eit negativt netto driftsresultat på 17,9 mill. medan Sund hadde negativt avvik på 2,9 mill. og Øygarden rapporterte eit positivt budsjettavvik på 3,8 mill. I Fjell kommune er det sett i verk ulike innsparingstiltak for å redusere budsjettavvika.

Pr 7 månader 2019

Tabellen under syner status pr. juli måned:

Økonomiske oversikter	Reg.	Periodisert	Regnskap	Avvik
Økonomisk oversikt - drift total	budsjett	budsjett	1-7	1-7
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	98 876 780	53 158 899	52 766 775	-392 124
Andre salgs- og leieinntekter	130 800 491	68 448 778	69 498 234	1 049 455
Overføringer med krav til motytelse	343 321 581	196 716 783	216 452 572	19 735 788
Rammetilskudd	995 769 000	689 360 863	701 039 075	11 678 212
Andre statlige overføringer	57 469 210	29 056 040	29 877 631	821 591
Andre overføringer	580 000	245 000	664 976	419 976
Skatt på inntekt og formue	1 081 014 000	660 367 812	651 014 491	-9 353 321
Eiendomsskatt	170 669 000	84 889 614	84 991 199	101 585
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	2 878 500 062	1 782 243 790	1 806 304 952	24 061 163
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	1 462 717 518	808 315 134	840 578 141	-32 263 006
Sosiale utgifter	397 978 099	251 527 218	254 859 866	-3 332 648
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	332 624 718	208 875 758	230 108 030	-21 232 272
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	406 002 713	247 147 156	245 937 336	1 209 820
Overføringer	177 390 683	107 696 543	125 802 134	-18 105 591
Avskrivninger	130 819 000	-	-	-
Fordelte utgifter	-660 000	-373 333	-627 127	253 794
Sum driftsutgifter	2 906 872 731	1 623 188 475	1 696 658 379	-73 469 904
Brutto driftsresultat	-28 372 669	159 055 315	109 646 574	-49 408 741
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	27 624 000	26 744 467	33 359 899	6 615 431
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	6 000 000	4 826 150	6 576 150	1 750 000
Mottatte avdrag på utlån	375 000	218 750	615 495	396 745
Sum eksterne finansinntekter	33 999 000	31 789 367	40 551 543	8 762 176
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	82 055 418	48 032 344	41 941 712	6 090 632
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	112 207 452	31 428 635	23 034 915	8 393 720
Utlån	850 000	495 833	566 267	-70 433
Sum eksterne finansutgifter	195 112 870	79 956 812	65 542 894	14 413 919
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-161 113 870	-48 167 445	-24 991 350	23 176 095
Motpost avskrivninger	130 819 000	-	-	-
Netto driftsresultat	-58 667 539	110 887 870	84 655 223	-26 232 647

Økonomirapport pr. 7 månader 2019 viser eit negativt budsjettavvik knytt til netto driftsresultat på minus 26,2 mill. for dei tre kommunane under eitt. Resultatet pr. 1. tertial var på 16,2 mill. Endringa skuldast meirutgifter knytt til løn og kjøp av varer og tenester.

Avviket fordeler seg slik: Negativt budsjettavvik Fjell 33 mill. (inkluderer kostnader til NØK på 13 mill. som skal dekkast av fond), Negativt budsjettavvik Sund 3,7 mill., Øygarden positivt budsjettavvik 10,4 mill.

Fjell kommune hadde pr. 1. tertial eit negativt avvik på netto driftsresultat på 17,2 mill. Pr. 31.07 er dette auka til 33 mill. Dette talet inkluderer utgifter som skal dekkast ved bruk av bundne fond.

Sund kommune hadde eit tilsvarande negativt avvik på 2,9 mill pr 4 månader. Pr. 7 månader er dette auka til 3,7 mill.

Øygarden sitt netto driftsresultat viser eit positivt budsjettavvik på om lag 3,8 mill pr. 4 månader. Dette er auka til 10,4 mill. pr. 31.07. Øygarden kommune har eitt-årige driftstiltak som skal finansierast ved bruk av disposisjonsfond.

Skatteinngang dei tre kommunane pr. 7 månader 2019

Samla viser dei frie inntektene meirinntekter på 2,3 mill. for dei tre kommunane.

Økonomiske endringar i 2019 som kan påverke resultata

Sund kommune:

Kort oppsummert syner økonomirapport pr. juli eit negativt budsjettavvik på MNOK 3,7.

- *Rådmannsområdet har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,7.*
- *Kommunalsjefområdet Oppvekst/Kultur har eit negativt budsjettavvik på MNOK 1,8.*
- *Kommunalsjefområdet Helse - og omsorg, Areal, Drift har eit negativt budsjettavvik på MNOK 3,1.*
- *Ramme, skatt og finansområdet har samla sett eit positivt budsjettavvik på MNOK 1,9.*

Rapporten pr. 31 juli syner lønsbudsjettet negativt budsjettavvik på MNOK 3,0 medan andre driftskostnader syner eit negativt budsjettavvik på MNOK 2,6. Det er samstundes positivt budsjettavvik knytt til inntekter i storleiken MNOK 1,8 Alt i alt eit negativt budsjettavvik på MNOK 3,7.

Øygarden kommune:

Rådmannen rapporterer følgjande i sin økonomirapport pr. juli: Det er framleis knytt noko uvisse til nokre inntekter og utgifter. For nokre einingar vil det i inneverande år vera krevjande å halda budsjettet. Dette gjeld løn og ulike omsorgstiltak. Totalt sett ser det ut som einingane samla sett kan oppnå budsjettbalanse ved årets slutt.

Fjell kommune:

Fjell kommune har intensivert sin innsparingstiltak sidan mai månad og effekten er venta ut over hausten.

Vurdering:

Resultatet pr. 7 måneders drift viser eit samla negativt budsjettavvik på 26,2 mill. i høve netto driftsresultat. Prognosen for 2019 er usikker, men tala pr. juli syner at årets økonomiske situasjon er særskild krevjande. Dette vil ha betydning for budsjettprosessen for 2020. Rådmannen kjem attende med ny rapport når alle dei tre kommunane har ferdigstilt rekneskapen pr. 2. tertial.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Budsjettprosess 2020

Samandrag av saka:

Saka gjeld oppfølging av sak 41/19, vedteken i fellesnemnda sitt møte 19.06.19. I saka vart det vedtatt at fellesnemnda fortløpande skal involverast i budsjettprosessen.

Prosjektrådmannen har i saka skissert ein framdriftsplan for budsjettarbeidet hausten 2019 og har i tillegg løfta fram nokre andre område som treng merksemd.

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek budsjettprosessen for økonomiplan 2020-2023/ budsjett 2020 slik det går fram av saka.
2. Prosjektrådmannen legg fram sak om økonomireglement innan 31.03.2020.
3. Prosjektrådmannen legg fram sak om finansreglement innan 31.03.2020.
4. Prosjektrådmannen legg fram sak om harmonisering av tenestene innan 30.06.2020.
5. Avdrag skal budsjetterast etter minimumskravet i kommunelova i 2020.

Straume, den 09.09.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

I fellesnemnda sitt møte 17.06.19 vart det i sak 41/19, Økonomisk status 2019 og budsjett 2020 Nye Øygarden kommune, gjort slikt vedtak:

- 1. Fellesnemnda tar saka om økonomisk status 2019 og budsjett 2020 for Nye Øygarden kommune til orientering.*
- 2. Fellesnemnda utgjør budsjettnemnd og ber om å bli fortløpande involvert i prosessen. Dette kan gjerast i eige eller ekstra møte.*
- 3. Det bør så snart som mogleg utarbeidast eit grunnlagsdokument for drøfting i fellesnemnda.*

Budsjettprosess

Prosjektrådmannen gjer framlegg om ein slik budsjettprosess for økonomiplan 2020-2023 og budsjett 2020:

Dato	Tekst
16.09.2019	Møte i fellesnemnda, avklaring budsjettprosess
07.10.2019	Statsbudsjettet vert lagt fram
09.10.2019	Møte i fellesnemnda, økonomiplan 2020-2023– presentasjon frå tenesteområda
21.10.2019	Møte i fellesnemnda, økonomiplan 2020-2023 – økonomisk utfordringsbilete
05.11.2019	Formannskapsmøte, heildagsmøte om budsjett
21.11.2019	Rådmannen legg fram framlegg til økonomiplan/ budsjett i kommunestyret
03.12.2019	Formannskapet handsamar økonomiplan/ budsjett og legg det ut på høyring
03.12- 19.12.2019	Økonomiplan 2020-2023/ budsjett 2020 på høyring
03.12- 19.12.2019	ADMU/ AMU og andre utval handsamar økonomiplan/ budsjett
04.12.2019	Hovudutval for tenester og levekår (HTL) handsamar økonomiplan/ budsjett
04.12.2019	Hovudutval for miljø- og stadutvikling (HMS) handsamar økonomiplan/ budsjett
19.12.2019	Kommunestyret handsamar og vedtek økonomiplan/budsjett

Fellesnemnda utgjør budsjettnemnd fram til nytt kommunestyre og formannskap er valt. Dette skjer på det konstituerande møtet 24.10.2019. Etter det overtek formannskap og kommunestyre arbeidet. Formannskapet i Nye Øygarden kommune skal gje innstilling til vedtak om økonomiplan 2020-2023 og årsbudsjett 2020. Innstillinga skal leggjast ut på høyring i minst 14 dagar etter ny kommunelov § 14-3, 4. ledd. Kommunestyret vedtek økonomiplanen og årsbudsjettet innan utgangen av året. Tidsplanen legg til rette for å oppfylle kravet i Kommuneloven til handsaming og høyring.

Økonomireglement, finansreglement og økonomiske handlingsreglar

Utgangspunktet for økonomiarbeidet i kommunane er Kommuneloven med tilhøyrande forskrifter. Stortinget vedtok 22. juni 2018 ny kommunelov. Delar av lova vil gjelda frå etter valet, mens andre delar, til dømes økonomiføresegnene vil byrja å gjelda først frå 1. januar 2020. Eit sentralt moment i ny kommunelov har vore å tydeleggjera kommunen sitt ansvar for å ta hand om eigen økonomi og handlingsrom på lang sikt. I lova er det mellom anna vedteke å lovfesta krav om at alle kommunar skal ha eit økonomireglement.

Føremålet med økonomireglementet er:

- Å gje oversyn over kommunen sitt økonomi- og rekneskapssystem
- Å medverka til effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning
- Å medverka til god økonomistyring
- Å gje folkevalde tilfredsstillande styringsinformasjon og grunnlag for å treffa vedtak
- Å dokumentera viktige økonomirutinar

Døme på innhald i eit økonomireglement er økonomiske handlingsreglar, budsjettprosess, rapporteringsrutinar, delegering av fullmakter innan økonomiområdet mm.

Jf. ny kommunelov § 14-2 pkt. c) skal alle kommunar vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunen sin økonomi. Døme på slike handlingsreglar kan vera:

- Storleik på netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter
- Storleik på disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter
- Storleik på netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld pr innbyggjar samanlikna med landsgjennomsnittet
- Eigenfinansiering av investeringar

Det er naudsynt å bruka litt tid på å finna dei rette handlingsreglane som skal gjelda for Nye Øygarden kommune. Prosjektrådmannen tilrår at dette vert ein del av arbeidet med nytt økonomireglement. Ein realistisk plan er at arbeidet vert ferdigstilt innan 31.03.2020. Nytt finansreglement må på same måte utarbeidast innan 31.03.2020.

Harmonisering

Det er identifisert at det trengs harmonisering på følgjande område:

- Gebyr og brukarbetaling
- Sosialhjelp-satsar
- Tenestetilbod
- Arbeidsvilkår

Harmonisering innan gebyr- og brukarbetaling og sosialhjelp-satsar må gjennomførast frå 1.1.2020. Det er viktig at desse er like i heile den nye kommunen frå første dag. Innan gebyr- og brukarbetaling er det sett ned ei eiga politisk referansegruppe, og prosjektrådmannen vil leggja fram sak i samband med budsjettet for 2020.

Når det gjeld satsar for sosialhjelp vil prosjektrådmannen på same måte leggja fram ei sak for nytt kommunestyre i samband med budsjettet. Her er det allereie gjort eit godt administrativt arbeid frå Helse og Velferd.

Harmonisering av tenestetilbodet og arbeidsvilkår er ei større sak som gjeld både nivå og innfasing. Det er behov for å analysa drifta i dei tre kommunane før det vert tatt ei avgjerd om kva nivå vi skal leggja oss på. Problemstillingar som til dømes ulik bemanning, pleiefaktor, opningstider mm må vurderast. Her kan det også nyttast ulike analyser i arbeidet, til dømes Kostra-analyser. For skular og barnehagar er det ikkje ønskjeleg å gjera endringar midt i skuleåret, endringar her bør gjennomførast frå 1.8.2020. Prosjektrådmannen tilrår at sak om harmonisering av tenestene og arbeidsvilkår vert å komma tilbake til innan 30.06.2020.

Avdrag lån

Vi viser til sak 41/19, vedteken i fellesnemnda sitt møte 19.06.19. Her vart det berekna at

samla avdrag kan reduserast ned om lag kr 6,7 mill. i høve situasjonen i dag dersom vi vel å betala minimumsavdrag etter ny kommunelov.

Utrekning av avdrag etter ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020					
	År	Fjell	Sund	Øygarden	Nye Øygarden
Avskrivingar	2019	76 000 000	22 000 000	24 819 000	122 819 000
Gjeld 01.01	2019	1 874 241 423	567 101 131	318 618 000	2 759 960 554
Varige driftsmidler 01.01	2019	2 240 080 385	704 043 863	739 414 162	3 683 538 410
Avdrag	2019	63 558 000	17 721 000	10 695 000	92 004 000
Budsjetterte avdrag	2019	51 000 000	19 387 452	28 351 000	98 738 452
Diff		12 558 000	- 1 666 452	- 17 656 000	- 6 734 452

Øygarden kommune betaler langt meir enn minimumsavdrag i dag. Dette er eit godt økonomisk val. I den økonomiske situasjonen som Nye Øygarden kommune vil ha er det dessverre naudsynt å redusera utgiftene der vi kan, dette gjeld og innanfor finansområdet. Prosjektrådmannen tilrår difor at vi i budsjettarbeidet budsjetterer låneavdrag etter minimumskravet i kommunelova.

Vurdering:

Prosjektrådmannen har skissert ein budsjettprosess for budsjett 2020 som fellesnemnda må ta stilling til. Det er teke utgangspunkt i vedteken møteplan for 2019, og den administrative leiinga i Nye Øygarden kommune ynskjer å leggja til rette for ein open, strukturert og god budsjettprosess.

Prosjektrådmannen tilrår at det vert lagt fram sak om økonomireglement og finansreglement innan 31.03.2020, og harmonisering av tenestene og arbeidsvilkår innan 30.06.2020 som omtala i saka. Økonomireglementet vil vera eit viktig verktøy i neste års budsjettprosess.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
51/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Opningsarrangement for Nye Øygarden kommune 01.01. - 05.01.2020

Samandrag av saka:

Programkomiteen har fått i oppdrag å organisere eit opningsarrangement for Nye Øygarden kommune i januar 2019.

Denne saka inneheld ein presentasjon av opningsarrangement og kostnadsramma knytt til arrangementa.

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek å løyve kr 1 500 000 til opningsarrangement for innbyggjarane i Nye Øygarden kommune.

Straume, den 09.09.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Opning arrangementet er planlagt i veke 1, 2020.

Programkomiteen har planlagt arrangement i opningsveka frå 1. januar – 5. januar 2020.

Programmet ser slik ut:

Nyttårskonsert med brassband og ev. musikkorps onsdag 1. januar – retta mot innbyggjarane.

Personalsamling torsdag 2. og fredag 3. januar – retta mot tilsette i Nye Øygarden kommune.

Kulturarrangement – opningsarrangement laurdag 4. januar – retta mot innbyggjarane.

Kulturarrangementet vil skje både utanfor Sotra Arena, i fotballhallen og inne i Sotra Arena.

Det vil vere eit arrangement utandørs på formiddagen som gjennomførast av lag og organisasjonar og koordinerast av frivillig koordinator, og eit kulturarrangement inne som starter kl. 13.00 og varar til ca. kl. 23.00.

Gudsteneste søndag 5. januar.

Heile opningsarrangementet og personalsamlinga vil nytta same scenerigg i Sotra Arena i opningsveka 2020. Det er lagt opp til lyd, lys, scene og videoproduksjon over fleire dagar. Speleflate 3 vert nytta som lokale for sal av kortreist mat, kafé som eit ledd i programmet under kulturarrangementet. Det må leggjast til rette for at tre tusen personar skal kunne få bevertning i speleflate 3, mot betaling. Næringslivet i den nye kommunen vil også bli invitert inn i eit spleiselag på sponning av produksjonen. På den måten får den nye kommunen vist fram både handelsstand og næringsliv i opningsarrangementet. Kommunen ønskjer eit godt samspel og eit inspirerande arrangement som viser fram heilskapen i Nye Øygarden kommune.

Videoproduksjonen vil, saman med programmet, legge vinn på seg til å formidle både visjonen eit fyrtårn i vest, synleggjere næringslivet som er med på sponsorsida, og Nye Øygarden som kultur- og MOT-kommune. Samla sett vil ein synleggjere vår plattform. Underhaldninga frå scena vil vere av eigne folk frå Nye Øygarden kommune, her er det også satt fokus på at dei kjem frå heile den nye kommunen. Der det lagt opp til eit heilskapleg «heimelaga», profesjonelt arrangement av høg kvalitet som ein sikter inn på at innbyggjarane skal kjenne seg igjen i og kjenne seg stolte av.

Det er aktuelt å ta kontakt med NRK for å undersøkje om det kan vera aktuelt å overføre gudstenesta på TV eller radio.

Organisering

Det vert oppretta ei prosjektgruppe for arrangementet, kor kulturleiar i Nye Øygarden kommune får prosjektleiaransvar og prosjektgruppa vil bestå av produsent, kulturkoordinator, frivillig koordinator, driftsansvarleg på bygg, kyrkja og kommunikasjonsrådgivar frå Nye Øygarden kommune.

Økonomiske konsekvensar

Kulturleiar for Nye Øygarden kommune har gjort eit førebels kostnadsoverslag for frikjøp av medarbeidarar, lyd, lys, konferansier, orkester, jury, videoproduksjon m.m. og signaliserer ei ramme på 1,5 millionar kroner. Næringslivet vert utfordra til å vera med å sponsa arrangementet som er retta mot innbyggjarane.

Vurdering og konklusjon:

Saka presenterer opningsarrangement retta mot innbyggjarane i Nye Øygarden kommune, dette vil strekkje seg over fleire dagar. I same presentasjon er det vist til ei sambruk av sceneløysing i arenaen for personalsamling internt i den nye kommunen. Det å ta i bruk sceneløysinga eit par ekstra dagar for internt bruk gjev kommunen ein god pris og er ein type sambruk som er viktig å ta med seg i vidare arbeid når ein riggar opp kulturscener – å tenkje fleirbruk når ein først riggar. Men kostnadsoverslaget som er lagt fram handlar om dei innbyggjarretta aktivitetane og sponsorinvitasjonen til næringslivet vil handle om dei innbyggjarretta aktivitetane.

Kulturarrangementet er ei hending som skal opne den nye kommunen med ein felles seremoni. Ønskje om å inkludere flest mogleg gjer at ein har lagt til rette for aktiviteter ved ute-området til Sotra Arena og inne i fotballhallen på dagen, samtidig som kulturarrangementet startar oppvarminga si kl. 13.00. Rådmannen tenkjer seg at dette vil vere eit arrangement som skal syte for inkludering og fellesskap i den nye kommunen.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
52/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	16.09.2019

Val av tilbydar for sekretariatstenester til kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Saka er oppfølging av vedtak i sak 71/2018 - Oppfølging av inndelingslova knytt til sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune, som var til behandling i fellesnemnda sitt møte 17.12.2018. I vedtakspunkt 6 står det slik:

Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Det har meldt seg to tilbydarar av sekretariatstenester til kontrollutvalet i nye Øygarden kommune innan fristen, det er Hordland fylkeskommune og Norhordland utviklingsselskap IKS.

Kontrollutvala i Sund og Øygarden har innstilt på Hordaland fylkeskommune som tilbydar for sekretariatstenester til kontrollutvalet i nye Øygarden kommune, medan kontrollutvalet i Fjell kommune har innstilt Nordhordland utviklingsselskap.

Det er fellesnemnda som skal gjera endeleg vedtak om val av tilbydar av sekretariatstenester.

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek å tildela oppdraget med sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune.

Straume, den 09.09.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Møteprotokoll kontrollutvalet Øygarden kommune – 15.08.19
- Møteprotokoll kontrollutvalet Sund kommune – 22.08.19
- Møteprotokoll kontrollutvalet Fjell kommune – 11.06.19
- Evalueringsskjema (U.OFF)
- Notat evaluering (U.OFF)

Saksopplysningar:

Sak 71/2018 – Oppfølging av inndelingslova knytt til sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune, var til behandling i fellesnemnda sitt møte 17.12.18. Fellesnemnda gjorde då slikt vedtak:

1. *Kontrollutvala hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.*
2. *Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.*
3. *Tilbodet skal gjelde for to år, med opsjon for tre nye år.*
4. *Det skal leggest vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.*
5. *Innkjøpsgruppa som er peika ut av prosjektrådmannen får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.*
6. *Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.*

Innkjøpsgruppa har bidrege som ein støttefunksjon i samband med utarbeiding av kravspesifikasjon og praktisk gjennomføring av anbodskonkurranse. Kontrollutvala har hatt eigarskap til fagleg innhald i kravspesifikasjon. Innkjøpsgruppa har mottatt tilbod og gitt generelle innspel før vidare handsaming og vedtak i kontrollutvala.

Tidsplan

Aktivitet	Dato
Utsending av tilbodsinvitasjon	02.04.19
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	11.04.19
Tilbodsfrist	26.04.19 kl. 12.00 (utsett til 18.09.19 etter avtale med tilbydarane)
Tilbodsopning	26.04.19
Tilbodets Vedståingsfrist – 90 dagar frå tilbodsfrist	26.07.2019 (utsett i samsvar med utsett tilbodsfrist)
Evaluering meddeling om val av leverandør	Veke25

Evaluering av tilbod

Det var avgrensa interesse frå andre aktørar for å delta i anbudet. Det kom inn to tilbod innan fristen, Hordland fylkeskommune og Norhordland utviklingsselskap IKS. Begge leverandørane er solide leverandørar på området og stettar dei formelle krava til å delta i konkurransen.

Basert på dei tilboda som var motteke skulle det økonomisk mest tenlege tilbod basert på følgjande vektlegging, veljast :

- Kostnad: 60 %
- Kompetanse/erfaring og fleksibilitet: 20 %
- Oppgåveløysing 20%

Det er to gode tilbod som er motteke innan fristen, men Hordaland fylkeskommune fekk noko betre poengsum på den samla evalueringa innkjøpsgruppa gjorde.

Innstilling frå kontrollutvala

Kontrollutvala i Øygarden, Sund og Fjell har gjort slike vedtak når det gjeld innstilling til val av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune:

Kontrollutvalet i Øygarden kommune

Jf. møtebok for kontrollutvalet i Øygarden, møtedato 15.08.19, sak 028/19 – Val av sekretariatsteneste for kontrollutval for Nye Øygarden kommune

Vedtak i Kontrollutvalet 15.08.2019 - saksnr. 004/19

Kontrollutvalet i Øygarden innstiller på at Hordaland fylkeskommune sitt kontrollutvalssekretariat vert vald som leverandør av kontrollutvalstenester for nye Øygarden kommune i samsvar med vilkåra i konkurransegrunnlaget. Kontrollutvalet i Øygarden er svært trygg på at den evaluering som er utført og sett opp mot tildelingskriteria er korrekt, og at rett leverandør vil vere Hordaland fylkeskommune.

Kontrollutvalet i Sund kommune

Jf. møtebok for kontrollutvalet i Sund, møtedato 22.08.2019, sak 32/19 - Val av sekretariatsteneste for kontrollutval for Nye Øygarden kommune

Vedtak i Kontrollutvalet 22.08.2019 – saksnr. 32/19

Kontrollutvalet i Sund innstiller på at Hordaland fylkeskommune sitt kontrollutvalssekretariat vert vald som leverandør av kontrollutvalstenester for nye Øygarden kommune i samsvar med vilkåra i konkurransegrunnlaget. Kontrollutvalet i Sund er svært trygg på at den evaluering som er utført og sett opp mot tildelingskriteria er korrekt, og at rett leverandør vil vere Hordaland fylkeskommune.

Kontrollutvalet i Fjell kommune

Jf. møtebok for kontrollutvalet i Sund, møtedato 11.06.2019, sak 16/2019 - Innstilling til kommunestyret om tilbod på sekretariatstenester

Vedtak i Kontrollutvalet 11.06.2019 – saksnr. 16/19

Kontrollutvalet har i møte den 11.6.2019 gjennomgått tilboda frå tilbydarane og vurdert dei opp mot tildelingskriteria i konkurransegrunnlagets punkt 6. Kontrollutvalet innstiller på å tildele kontrakten for sekretariatstenester i Nye Øygarden kommune til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Vurdering:

Det ligg føre to ulike innstillingar frå kontrollutvala i dei tre kommunane når det gjeld kven som skal få tildelt oppdraget med sekretariatsteneste for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune.

Prosjektrådmannen v/innkjøpsgruppa har evaluert dei innkomne tilboda som kontrollutvala har hatt som grunnlag for sine innstillingar til val av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune. Hordaland fylkeskommune får samla sett høgare score enn Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Kontrollutvala i Sund og Øygarden kommunar innstiller på at Hordaland fylkeskommune får tildelt oppdraget, medan kontrollutvalet i Fjell kommune innstiller på at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får oppdraget.

Evaluering av tilboda er unnateke offentlegheit og vert sendt medlemmane i Fellesnemnda via SvarUt. Mottekne dokument u.off. må ikkje distribuerast til andre.

Prosjektrådmannen viser til kontrollutvala sine innstillingar og innkjøpsgruppa si evaluering og ber fellesnemnda gjera endeleg vedtak om val av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune.



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Rongesundet, Rådhuset i Øygarden
Dato: 30.04.2019
Tidspunkt: 09:00 - 12:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Per Morken	Leiar	AP
Olav Martin Vik	Medlem	TVØ
Hilde Bjørkmann	Medlem	H
Villie Petro Nygård	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Merethe Refvik	Nestleiar	TVØ

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
John Vik Didriksen	Merethe Refvik	TVØ

Merknader

Per Morken meldte forfall kort tid før møtestart. Det vart ikkje kalla inn vara for han. Kontrollutvalet valde Olav Martin Vik som møteleiar.

Andre som møte:

Navn	Stilling
Børge Haugetun	Ordførar (PS 22/19)
Råmund Skjold	Kommunalsjef Tekniske tenester (PS 22/19)
Helene Møgster	Personalsjef (PS 23/19)
Bjarne Ryland	Partner, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Per Morken
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 20/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 21/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 22/19	Sal av delfelt B6 i områdeplan for Rong senterområde i Øygarden kommune – orientering frå ordførar og rådmann		2014/86
PS 23/19	Forvaltningsrevisjon innan sjukefråvær - handlingsplan		2018/45
PS 24/19	Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Øygarden kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/13
PS 25/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/92
PS 26/19	Referatsaker		
RS 7/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019		2019/13
PS 27/19	Eventuelt		

PS 20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 30.04.2019

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Forslag til innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 21/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 30.04.2019

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 26.02.2019.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 26.02.2019, vart samrøystes godkjent.

PS 22/19 Sal av delfelt B6 i områdeplan for Rong senterområde i Øygarden kommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 30.04.2019

Handsaming i møtet:

Ordførar orienterte om saka til kontrollutvalet, og svarte på spørsmål.

Etter ei samla vurdering valde kontrollutvalet å utsetje saka til neste møte.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet utsett saka til møte 03.09.2019

PS 23/19 Forvaltningsrevisjon innan sjukefråvær - handlingsplan

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 30.04.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet hadde fått oversendt ein epost frå rådmann i forkant av møtet der det kjem fram at sak om sjukefråvær skal handsamast av AMU i maimøtet. Saksframlegget til dette møtet var som vedlegg til epost.

I eposten frå rådmannen kjem det og fram at det er kort tid fram til kommunesamanslåing, og merknadene frå forvaltningsrevisjonen vert teken med når det skal lagast nye rutiner for den nye kommunen. Ut over dette legg ikkje rådmannen opp til å følgja opp meir enn det som kjem fram frå vedlagte sakutgreiing.

Personalsjef orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Dette har dei gjort:

- følgje opp sjukefråvær som er relatert til arbeidsforhold.
- oppfølging av sjukmeldte
- informere om rettar og plikter for den sjukemeldte.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Kontrollutvalet tar kommunestyret sitt vedtak til orientering.

PS 24/19 Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Øygarden kommune - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

Kontrollutvalet vedtek forslag til uttale til kommunestyret om Øygarden kommune sin årsrekneskap for 2018.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 30.04.2019

Handsaming i møtet:

Partner i Deloitte sa at det er mykje bra i kommunen og at Øygarden kommune har god økonomi. Det er relativt få ting til opfølging. I revisjonsrapport nr. 10 har revisor kommentert skriftlige rutiner, periodisering, utlån og verdi varige driftsmiddel. Det er avlagt ei rein revisjonsmelding.

Assisterende rådmann/kom.sjef helse og omsorg presenterte årsmeldinga for kontrollutvalet, og dette vart mellom anna meddelt:

- Viktige hendingar i 2018
- Folketalsutvikling
- Arbeidsløyse
- Folkehelse
- Tilsette i kommunen
- Sjukefråvær
- Årsrekneskapen

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek forslag til uttale til kommunestyret om Øygarden kommune sin årsrekneskap for 2018.

PS 25/19 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 30.04.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 26/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 30.04.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko spesielt under handsaminga av referatsaka.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 27/19 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 30.04.2019

Handsaming i møtet:

Vurdering om det skal bestillast ny forvaltningsrevisjon/selskapskontroll

Kontrollutvalet diskuterte saka og etter ei kort drøfting vart utvalet einige i at det ikkje vil bli bestilt ny forvaltningsrevisjon/selskapskontroll, grunna at det er kort tid fram til kommunesamanslåinga.

Status anskaffelsesprosess gjeldande sekretariat for nye Øygarden kommune

Helge Inge Johansen var ikkje til stades ved handsaminga av denne saka:

Dette er protokollert etter avtale med utvalet:

Kontrollutvalet i Øygarden kommune sluttar seg til dei vurderingane som er gjort av innkjøpskontoret i Fjell kommune med tillegg av dei vurderingane kontrollutvalet i Øygarden kommune, sjølv har gjort. Leiar Per Morken og Hilde Bjørkmann gis fullmakt til å vidareføre det vidare arbeidet med å ferdigstilla konkurransen.

Status anskaffelsesprosess gjeldande revisor for nye Øygarden kommune

Bjarne Ryland var ikkje til stades ved handsaming av denne saka:

Kontrollutvala i dei tre kommunane skal ha møte med innkjøpskontoret. Det skal lagast eit utkast til konkurransegrunnlag før ferien. Dette skal handsamast politisk på hausten.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek å ikkje bestilla ny forvaltningsrevisjon/selskapskontroll, grunna at det er kort tid fram til kommunesamanslåinga.
2. Kontrollutvalet i Øygarden kommune sluttar seg til dei vurderingane som er gjort av innkjøpskontoret i Fjell kommune med tillegg av dei vurderingane kontrollutvalet i Øygarden kommune, sjølv har gjort. Leiar Per Morken og Hilde Bjørkmann gis fullmakt til å vidareføre det vidare arbeidet med å ferdigstilla konkurransen for sekretariatstenesta for nye Øygarden kommune.
3. Status om anskaffelsesprosess gjeldande revisor nye Øygarden kommune vart teken til orientering.



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Formannskapssalen, Kommunehuset i Sund
Dato: 21.05.2019
Tidspunkt: 12:00-16:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Ivar Steinsland	Leiar	AP
Kari Østervold Toft	Nestleiar	V
Eivind Sangolt	Medlem	H
Irene Nesse Vorland	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Kenneth Eide	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Bjørn Henriksen	Kenneth Eide	FRP

Merknader

Det vart halde kurs frå kl.1200-1330 av Deloitte. Nestleiar leia møte fram til sak PS 25/19. Då overtok leiar.

Andre som møte:

Navn	Stilling
Rune Lid	Rådmann
Knut Ove Ekren	Leiar rekneskap
Nina Glesnes	Dagleg leiar, Sund Eigedomsutvikling KF
Bjarne Ryland	Partner, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Ivar Steinsland
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 21/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 22/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 23/19	Årsmelding og årsrekneskap 2018 for Sund Eigedomsutvikling KF - uttale frå kontrollutvalet		2015/191
PS 24/19	Årsmelding og årsrekneskap 2018 for Sund kommune - Uttale frå kontrollutvalet		2015/191
PS 25/19	Forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø - handlingsplan		2018/36
PS 26/19	Vurdering om Deloitte AS er uavhengig i høve Sund kommune for 2019		2017/8
PS 27/19	Revisjonsplan 2019 for Sund kommune		2015/191
PS 28/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2016/42
PS 29/19	Referatsaker		
PS 30/19	Eventuelt		

PS 21/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019

Handsaming i møtet:

Bjørn Henriksen bemerka at han ikkje hadde motteke innkallinga i posten. Denne vart sendt frå sekretariatet torsdag 16.05.2019. Innkallinga vart og sendt som epost same dag. Bjørn Henriksen bemerka at han ikkje klarte å åpne vedlegget, og at han sjekka eposten kort tid før møtet.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Forslag til saksliste og innkalling vart samrøystes vedteke.

PS 22/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 23.04.2019.

Vedtak:

Protokoll frå møte 23.04.2019 vart samrøystes vedteke.

PS 23/19 Årsmelding og årsrekneskap 2018 for Sund Eigedomsutvikling KF - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Sund Eigedomsutvikling KF har eit negativt driftsresultat for rekneskapsåret 2018, men at selskapet elles har god økonomistyring.
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Sund Eigedomsutvikling KF for året 2018, og har ikkje øvrige merknader til denne.
3. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019

Handsaming i møtet:

Dagleg leiar orienterte om årsmeldinga og årsrekneskapen for Sund Eigedomsutvikling.

Det er ei sund drift i selskapet. Det vart vist til eposten som vart sendt ut i forkant av møtet til mellom anna medlemene av kontrollutvalet, datert 16.05.2019, der det mellom anna vart poengtert at rekneskapsmessig mindreforbruk er overført til driftsfond etter godkjenning av kommunestyret og at finansiering av oppgåver vert fremlagt for styret.

Revisor meddelte utvalet om at det er levert ei rein revisjonsmelding og at revisor elles ikkje har noko å anmerka på rekneskapen.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Sund Eigedomsutvikling KF har eit negativt driftsresultat for rekneskapsåret 2018, men at selskapet elles har god økonomistyring.
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Sund Eigedomsutvikling KF for året 2018, og har ikkje øvrige merknader til denne.
3. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

PS 24/19 Årsmelding og årsrekneskap 2018 for Sund kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Sund kommune sin årsrekneskap for 2018
2. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i møte i kontrollutvalet 18.9.2019 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningspunktene som går fram av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte AS.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019

Handsaming i møtet:

Rådmann orienterte om årsmelding og årsrekneskap for Sund kommune. Har kontroll i drifta men er eksponert for høg gjeld.

Det siste driftsåret før samanslåinga blir eit tøft år for kommunen.

Revisor orienterte om at det er gitt ei rein revisjonsmelding. Revisor viste til revisjonsrapport for 2018 og det som var anmerka der og ting som er påpeika frå tidlegare år. Revisor må bare ta det til etterretning at eldre forhold framleis ikkje er retta opp i, men påpeika at dette ikkje har betydning for godkjenning av rekneskapen. Revisor sa og at kvaliteten på rekneskapen som vart overlevert i år, er noko av det betre dei har fått frå kommunen.

Det vart gjort merksam på at på s. 2 i saksframlegget andre avsnitt kor det står «litt lågare» medan det rette er «litt høgare». Dette vil og bli gjort merksam på i partsbrevet som vert sendt ut til kommunen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Sund kommune sin årsrekneskap for 2018
2. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i møte i kontrollutvalet 18.9.2019 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbettringspunkta som går fram av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte AS.

PS 25/19 Forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø i Sund kommune.
2. På bakgrunn av at det meste av forbettringsarbeidet skal vera ferdig utført i løpet av hausten 2019, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2019.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019

Handsaming i møtet:

Nestleiar orienterte kort om saka som vart handsama i kommunestyret og at denne vart godt motteke der.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan psykososialt skulemiljø i Sund kommune.
2. På bakgrunn av at det meste av forbettringsarbeidet skal vera ferdig utført i løpet av hausten 2019, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2019.

PS 26/19 Vurdering om Deloitte AS er uavhengig i høve Sund kommune for 2019

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Sund kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019

Handsaming i møtet:

Revisor orienterte kort om si og teamet sin uavhengigheit i forhold til kommunen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Sund kommune, til etterretning.

PS 27/19 Revisjonsplan 2019 for Sund kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen for 2019 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019

Handsaming i møtet:

Revisor presenterte revisjonsplanen slik den ligg føre.

Det vart påpeika at det er siste driftsåret til kommunen og grunna at ansatte har stor fokus på samanslåinga, kan det vera større risiko for feil.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen for 2019 frå Deloitte AS til orientering.

PS 28/19 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 29/19 Referatsaker**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019****Handsaming i møtet:**

Det var ingen referatsaker.

Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

PS 30/19 Eventuelt**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 21.05.2019****Handsaming i møtet:**Sekretariatsteneste for nye Øygarden kommune

Sekretær Helge Inge Johansen var ikkje til stade under handsaming av denne saka.

Etter avtale med utvalsleiar og nestleiar er dette protokollført:

Leiar og nestleiar orienterte om den pågåande prosessen i samband med val av framtidig sekretariatsteneste for Kontrollutvalet i nye Øygarden kommune.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen om den pågåande prosessen til orientering.

MØTEPROTOKOLL - KONTROLLUTVALET I FJELL KOMMUNE

Tid: Tysdag 11. juni 2019 kl. 13:00-14:00
Stad: Fjell Rådhus, møterom 170

Møteleiar: Kristian Johannessen

Medlem som møtte: Svein Lie, Audhild Solsvik, Helene Berger, Anders Fjell
Sekretariatet v/ Jofrid O. Aase deltok ikkje i møtet

Saksliste:
15/2019 Innkalling og saksliste
16/2019 Innstilling til kommunestyret om tilbod på sekretariatstenester
17/2019 Eventuelt

15/2019: Innkalling og saksliste

Kontrollutvalet gjekk gjennom innkalling og saksliste.
Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

16/2019: Innstilling til kommunestyret om tilbod på sekretariatstenester

Saksopplysning:

Kontrollutvala i Fjell kommune, Øygarden kommune og Sund kommune har lagt sekretariatstenester for Nye Øygarden kommune ut på anbod. Kontrollutvalet i Fjell kommune skal i møtet vurdere tilbod frå ulike tilbydarar, og gi innstilling til Kommunestyret.

Innstilling frå sekretariatet:

Kontrollutvalet vedtek å gje slik innstilling til Kommunestyret:
Til: Kommunestyret i Fjell kommune
Kontrollutvalet si innstilling om sekretariatstenester på anbod
Kontrollutvalet har i møte den 13.6.2019 gjennomgått tilboda frå tilbydarane og vurdert dei opp mot tildelingskriteria i konkurransegrunnlagets punkt 6.
Kontrollutvalet innstiller på å tildele sekretariatstenester for Nye Øygarden kommune til [...]

Handsaming i møte:

Sekretær Jofrid Orvedal Aase var ikkje til stades ved handsaming av denne saka.

Etter avtale med møteleiar er sekretariatet blitt beden om å protokollføre dette vedtaket, som vart samrøystes vedteke i kontrollutvalet.

Vedtak:

Kontrollutvalet har i møte den 11.6.2019 gjennomgått tilboda frå tilbydarane og vurdert dei opp mot tildelingskriteria i konkurransegrunnlagets punkt 6.

Kontrollutvalet innstiller på å tildele kontrakten for sekretariatstenester i Nye Øygarden kommune til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

17/2019: Eventuelt

Det har i media vært fokus på sak om forureining av drikkevatt i Askøy kommune. I lys av dette ynskjer Kontrollutvalet at Rådmannen gjer rede for korleis kontrollrutiner ein har i Fjell kommune, for å unngå ein liknande situasjon.

Kontrollutvalet ynskjer ei snarlig tilbakemelding på dette.

Bergen, 14. juni 2019

Jofrid Orvedal Aase

Sekretariat